

Arkivsaknr: 2026/137-2
Sakshandsamar: Kristin Moe
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sine forslag til endringar i barnehage- og skulebruksplanen, inkludert forslag til justert Forskrift om skulekrinsar for Alver kommune blir sendt til offentlig høyring og ettersyn i minimum seks veker.

Utval for levekår ber om at kommunedirektøren gjennomfører medverknadsprosess og dialogmøte i høyringsperioden, i samsvar med det som er skissert i saksframlegget.

Saka skal tilbake til politisk handsaming i den politiske møterunden i november, med endeleg vedtak i kommunestyret 26. november 2026.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova kapittel 11 (§11-14): *Høyring av planforslag*.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka blir med vedtak i utval for levekår 19.05.26 sendt til høyring for innspel og medverknad, før ho kjem tilbake til politisk handsaming og endeleg avgjerd i november.

Etter gjennomført høyringsperiode og medverknadsprosess blir saka sendt til uttale i ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og utval for levekår samt til innstilling i formannskapet. Endeleg vedtak i saka blir fatta av kommunestyret 26. november 2026.

Saka gjeld

Kommunestyret vedtok i handsaming av politisk sak 158/2025: Økonomiplan 2026-2029 å auke innsparingane for oppvekst i perioden. Dette for å møte endringane knytt til demografi, i form av redusert barne- og elevtal og lågare ramme frå staten til denne aldersgruppa. Som mange andre kommunar er Alver i den situasjonen at det blir færre barn og unge og fleire eldre i åra som kjem.

Samla sett er det vedtatt å setje i verk innsparingstiltak innafor sektor oppvekst for knappe 90 millionar kroner i økonomiplanperioden.

Saka er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026, der det vart gjort vedtak om å starte arbeidet med barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune.

I perioden desember 2023 til november 2024 vart det jobba med fase 1 av arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen, som resulterte i vedtak i kommunestyret 28.11.2024 om å leggje ned Austebygd barnehage, Austebygd skule, Kløvheim skule og Myking skule.

Vidare er saka ei oppfølging av vedtak i kommunestyret 12.02.2026, det utval for levekår vart peika ut som styringsgruppe for prosessen med vidare arbeid, med ansvar for politisk forankring, fastsetjing av overordna premisser, involvering og oppfølging av framdrift i tråd med vedtak frå utval for levekår 27. januar 2026.

Det er framlegg til justert innhald i fase 2 og 3 i barnehage- og skulebruksplanen som no blir lagt fram for vurdering, og er foreslått sendt til offentleg høyring og ettersyn. I saka er forslag om endringar i forhold til struktur barnehage og skule, justering av skulekrinsar og endringar i mogleighetsstudiar og investeringar presentert.

Framlegga frå kommunedirektøren byggjer på analysar, vurderingar og innspel som er kome fram i fase 1, nye berekningar i høve til elevtalsutvikling samt den politiske bestillinga om auka innsparing for sektoren av desember 2025. Saksutgreiinga inkluderer også tiltak som er greidd ut etter bestilling frå politisk styringsgruppe, som har hatt tre styringsgruppemøte i perioden mars til mai. Styringsgruppa og administrasjonen har jobba med utgangspunkt i bestilling og rammer for arbeidet, nedfelt i vedtak av 27. januar 2026.

Link til saksutgreiing, vedlegg og vedtak frå fase 1 som var til handsaming i kommunestyret 24.10.24 følgjer her. [Møte i kommunestyret 24.10.2024](#)

Vedlegg til saka:

- Barnets beste vurdering. Vedlegg nr. 1
- Framlegg til justert Forskrift om skulekrinsar Alver kommune. Vedlegg nr. 2
- Høyringsnotat. Vedlegg nr. 3

I saka blir dei ulike tiltaka og berekna innsparingseffekt presentert, saman med ei skildring av moglege konsekvensar dei ulike alternativa vil kunne få. Relevant planarbeid i aktuelle skulekrinsar blir også presentert saman med dei ulike tiltaka.

Vurderingar knytt til barnets beste er skissert som eit avsnitt under kvart tiltak. I tillegg følgjer det eit samla vurdering av barnets beste som vedlegg til saka. Vurderingane er førebelse, og vil bli oppdatert etter høyringsperioden.

I saka blir også forslag til nye skulekrinsar presentert. Endringane som blir foreslått byggjer hovudsakleg på dei strukturendringane som er foreslått i saka. Forslag til justert forskrift om skulekrinsar følgjer ved saka og er ein del av høyringa.

Saksopplysningar

I det følgjande blir historikk samt gjennomført og planlagt medverknadsprosess knytt til saka presentert.

Sakshistorikk

Kommunestyret i Alver vedtok *Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune 2024* i politisk sak 108/2024. Vedtaket er som følgjer:

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2024:

Endra punkt i tabell 2:

"Flytte Kløvheim skule til Eikanger skule. Det vert ikkje sett av midlar til større bygningsmessige endringar eller nybygg no. Kommunedirektøren får i oppgåve å justera tal i barnehage- og skulebruksplanen som ein konsekvens av dette."

Ny tekst mellom tabell 3 og 4:

"Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med mogelegheitsstudier og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2."

Endringar i tabell 4:

"2025-2028: Vurdere 1-10-skule eller ny barneskule på Manger. Moglegheitsstudie. "

"2025-2029: Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule. "

"2027-2029: Vurdere 1-10-skule på Lindås. Moglegheitsstudie."

Ny rad 4 i tabellen:

"2025-2028: Vurdere ny skule på Eikanger/Fyllingsnes. Moglegheitsstudie."

Nytt avsnitt, til slutt i vedtaket:

"Kommunestyret bed kommunedirektøren om å sikra tomt til ny framtidig skule på Eikanger/Fyllingsnes, og å leggja dette inn i relevante planar."

Tillegg:

Skulens innhald: styrking av praktiske, estetiske og natur fag med naturen som bakgrunn.

Kommunestyret bestiller ei evaluering, gjort av administrasjonen etter 1, 2 og 3 år som ser på økonomiske, pedagogiske og demografiske konsekvenser av strukturendringane

Administrasjonen set igang eit prosjekt som ser på korleis ein kan lettare og raskare enn no kan etablere "Inn på tunet" tilbod, og om tilbod etter same lest kan etablerast med andre næringar enn landbruket.

Det skal gjennomførast ein omregulering av arealformålet for dei tomtane der barnehage- og skuleverksemd blir avvikla i.h.t til vedtatt barnehage- og skulebruksplan.

Det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål

Kommunestyret fatta endeleg vedtak i saka 28.11.24, og vedtok å leggje ned Austebygd barnehage samt Austebygd, Kløvheim og Myking skular.

I tillegg vart det lagt til følgjande tilføyning i vedtaket frå 24.10.25:

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2024:

Vedtak frå kommunestyret 24.10.2024 er oppretthalde med følgjande endring:

Fjerne "på eksisterande tomt" i tabell 4, i relasjon til Manger og Lindås skular.

Status gjennomføring

Følgjande tiltak for fase 1 er gjennomført (g) eller starta opp:

- Leggje ned Austebygd barnehage (g)
- Leggje ned Haugen barnehage (g)
- Samlokalisere Prestmarka barnehage (prosess starta opp)

- Leggje ned Austebygd skule (g)
- Leggje ned Kløvheim skule (g)
- Leggje ned Myking skule (g)
- Oppgradere Solhall, slik at Prestmarka barnehage får ein felles lokasjon (starta opp)
- Gjennomføre investeringstiltak Hordabø skule (nesten fullført)
- Gjennomføre investeringstiltak Leiknes skule (g)
- Gjennomføre investeringstiltak Lindås barneskule (g)

Dette tiltaket for fase 1 er ikkje starta opp:

- Rehabilitering Sæbø barnehage

Følgjande tiltak for fase 2 vart vedtatt i kommunestyret den 28.11.24:

- År 2025-2028: Vurdere 1-10 skule på Manger. Moglegheitsstudie.
- År 2025-2029: Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule.
- År 2025-2028: Ny Meland ungdomsskule. Konseptfase.
- År 2025-2028: Vurdere ny skule på Eikanger/Fyllingsnes. Moglegheitsstudie.
- År 2027-2029: Vurdere 1-10 skule på Lindås. Moglegheitsstudie.
- År 2028-2029: Vurdere å flytte Vestbygds skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig). Moglegheitsstudie.
- År 2028-2030: Vurdere 1-10 skule på Ostereidet. Moglegheitsstudie.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å sikra tomt til ny framtidig skule på Eikanger/Fyllingsnes, og å leggja dette inn i relevante planar.

Oppfølging i fase 2

Oppfølging av tiltak i barnehage- og skulebruksplanen for fase 2 og vidare prosess vart presentert for utval for levekår 27.01.26, sak 4/2026: Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2, tiltak struktur sendt til høyring. Her vedtok utval for levekår at saka vart sendt tilbake til administrasjonen for nye saksutgreiing med særleg vekt på:

- Reell forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Konkret og integrert vurdering av barnets beste
- Heilskapleg konsekvensutgreiing av samfunnsmessige verknader og alternative løysingar

Kommunestyret handsama saka i møte 12.02.26, og fatta vedtak om at utval for levekår vart peika ut som politisk styringsgruppe for vidare arbeid i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 12.02.2026:

Innstillinga frå utval for levekår vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 12.02.2026:

- 1) Utval for levekår vert peika ut som styringsgruppe for prosessen med vidare arbeid, og skal ha ansvar for politisk forankring, fastsetjing av overordna premissar, involvering og oppfølging av framdrift i tråd med vedtak frå utval for levekår 27. Januar 2026.
- 2) Som del av den vidare utgreiinga vil kommunedirektøren vurdere behov for justering av ny fase 2 i barnehage- og skulebruksplanen i lys av kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Ny fase 2 vil kunne innehalde tiltak frå fase 1 som ikkje er gjennomført, tiltak frå gamal fase 2 og nye tiltak som er greidd ut i samband med saksførebuande arbeid.

Styringsgruppa har hatt tre møtepunkt i mars til mai. Styringsgruppa har definert premissar for prosessen, diskutert alternative tiltak til dei strukturendringane som kommunedirektøren har lagt fram samt bestilt og fått svar på spørsmål og konsekvensar for alternative tiltak. Styringsgruppa har også bidratt aktivt i forhold til skissert innhald og vidare framdrift i saka.

Om politisk sakshandsaming og høyringsprosess

Administrasjonen har utarbeida eit kortfatta høyringsnotat som følgjer ved den politiske saka og som blir sendt til høyringsinstansar dersom det blir fatta vedtak om å gjennomføre høyringa. Høyringsperioden er sett til 19.05.26-30.09.26. Det er planlagt å gjennomføre dialogmøte med innbyggjarane i ungdomsskulekrinsane byrjinga av september. Detaljane for dette er presentert i høyringsnotatet.

I ei sak om strukturendring barnehage og skule skal foreldre, elevar, tilsette, organisasjonar og innbyggjarar/andre brukarar av bygget ha høve til å uttale seg. Informasjon om høyringa er planlagt å sendast til barnehagane og skulane med oppmoding om å ta saka opp til vurdering i foreldreutval, samarbeidsutval, skulemiljøutval og elevråd. I tillegg vil lag og organisasjonar som er direkte brukarar av bygga få høyringa tilsendt, samt at høyringa blir kunngjort på heimesida til kommunen og i lokalavisene.

Vedlagt saka følgjer eit dokument med ei førebels fagleg vurdering av kva som etter noverande kunnskapsgrunnlag vil vere til barnets beste i saka. Vurderinga er utarbeida av administrasjonen og barn og unge sin talsperson i Alver kommune. Innhaldet byggjer på gjennomførte møtepunkt med elevråd og kommunalt foreldreutval våren 2026 samt undersøking sendt til føresette ved dei skulane som vart lagt ned våren 2026.

Det er planlagt medverknad og drøfting med organisasjonane både i høyringsperioden og før kommunedirektøren legg fram saka til endeleg handsaming etter at høyringsperioden er avslutta.

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn for politisk handsaming av prosessen:

- 19.05.26: Vedtak i utval for levekår – Barnehage- og skulebruksplan justert innhald fase 2 – Tiltak struktur blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn
- 19.05.26-30.09.26: Høyringsperiode
- 09.11.26: Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd
- 10.11.26: Uttale frå utval for Levekår
- 12.11.26: Innstilling frå Formannskapet
- 26.11.26: Vedtak i Kommunestyret

Høyringsprosessen er planlagt i samsvar med tilrådingane frå Utdanningsdirektoratet i rundskriv om «*Behandlinger av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser*», sist endra 01.08.2024.

Kommunedirektøren foreslår å gjennomføre følgjande endringar i barnehage- og skulebruksplanen – Struktur

Tiltak 1: Sæbø barnehage	Flytte Sæbø barnehage inn i eksisterande skulebygg til Sæbø skule.
Tiltak 2: Sæbø skule	Avvikle skuledrift ved Sæbø skule og flytte elevane til Manger skule.
Tiltak 3: Eikanger skule	Avvikle skuledrift ved Eikanger skule og overføre elevane til Ostereidet barneskule.
Tiltak 4: Seim skule	Avvikle skuledrift ved Seim skule og flytte elevane til Alversund skule.
Tiltak 5: Grasdal skule	Avvikle skuledrift ved Grasdal skule og flytte elevane til Knarvik barneskule.
Tiltak 6: Flatøy	Overføre elevane som bur på Flatøy frå Sagstad skule til Knarvik barneskule.
Tiltak 7: Barneskule Vestbygd og Rosslund på Rosslund	Samle elevane frå Vestbygd skule og barnetrinnet frå Rosslund skule til ein felles barneskule på Rosslund.
Tiltak 8: Ungdomsskule Meland u og Rosslund u på Vestbygd	Samle elevane frå Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet frå Rosslund skule til ein felles ungdomsskule på Vestbygd.
Tiltak 9: 1-10 skule på Ostereidet	Slå saman Ostereidet barneskule og Ostereidet ungdomsskule og etablere ein 1-10 skule på Ostereidet.

Kommunedirektøren foreslår å gjere følgjande endringar i barnehage– og skulebruksplanen – Investering og moglegheitsstudie

Tiltak 10: Sæbø barnehage	Planlegging og prosjektering av rehabilitering av eksisterande barnehagebygg (Sæbø barnehage) blir stoppa.
Tiltak 11: Eikanger skule	Moglegheitsstudie og planlegging av tomt av ny skule på Eikanger/Fyllingsnes blir stoppa.
Tiltak 12: Meland ungdomsskule	Planlegging og prosjektering av ny ungdomsskule på Frekhaug blir stoppa.
Tiltak 13: Knarvik ungdomsskule	Planlegging av tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule blir utsett til fase 3.
Tiltak 14: Skulane på Lindås	Gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Lindås blir utsett til fase 3.
Tiltak 15: Skulane på Manger	Gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Manger blir utsett til fase 3.
Tiltak 16: Skulane på Ostereidet	Gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Ostereidet blir stoppa.



Oversyn strukturtiltak som har vore vurdert, men som ikkje er foreslått å gjennomføre frå kommunedirektøren si side

Tiltak 17: Sæbø skule og barnehage	Etablere oppvekststun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn. Flytte 5.-7. trinn til Manger skule.
Tiltak 18: Sæbø skule og barnehage	Etablere oppvekststun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn. Flytte 5.-7. trinn til Alversund skule.
Tiltak 19: Sæbø skule	Avvikle skuledrift ved Sæbø skule og flytte elevane til Alversund skule.
Tiltak 20: Seim skule	Avvikle skuledrift ved Seim skule og flytte elevane til Knarvik barneskule.
Tiltak 21: Grasdal skule	Avvikle skuledrift ved Grasdal skule og flytte elevane til Sagstad skule.
Tiltak 22: Knarvik barneskule	Flytte elevane frå Knarvik barneskule til Alversund skule og bruke bygget til ungdomsskule.
Tiltak 23: Leiknes skule	Avvikle skuledrift ved Leiknes skule og flytte elevane til Knarvik barneskule.
Tiltak 24: Ostereidet ungdomsskule	Avvikle ungdomsskule på Ostereidet og flytte elevane til Knarvik ungdomsskule.
Tiltak 25: Meland ungdomsskule og Rosslund skule	Etablere felles ungdomsskule for ungdomsskule-elevane frå Meland ungdomsskule og Rosslund skule på Rosslund skule.
Tiltak 26: Vestbygd skule og Rosslund skule	Etablere felles barneskule for barneskule-elevane frå Vestbygd skule og Rosslund skule på Vestbygd skule.

Berekna økonomisk effekt av tiltak - fase 2 (frå skuleåret 2027/28)

Ståande format. Beløp i mill. kr. + i skyss/netto betyr innsparing; - betyr auka kostnad. Investering = stipulert investeringsbehov. Årsverk. = årsverk. Årsverk kostnad = økonomisk effekt av årsverk/kr.

Tiltak fase 2 - foreslått av kommunedirektøren

Nr.	Tiltak	Investering	Årsverk	Årsverk kostnad	Skyss	Netto	Kommentar
1	Flytte Sæbø barnehage inn i Sæbø skule	7,0	0	0	0	0	Tilpassing av bygg og uteareal til barnehagedrift. Unngår kostnader til rehabilitering av barnehagen.
2	Leggje ned Sæbø skule og flytte elevane til Manger skule	0	2,1	1,8	-0,18	1,63	Auka effekt: 3,2 årsverk i 2028 og 4,3 årsverk i 2029. Reisetid ca. 20-45 min.
3	Leggje ned Eikanger skule og flytte elevane til Ostereidet barneskule	2,0	4,2	3,6	+1,40	5,00	Garderobe/toalett i SFO-bygget. Unngår investering i ny skule Eikanger/Fyllingsnes. Reisetid ca. 15-40 min.
4	Leggje ned Seim skule og flytte elevane til Alversund skule	0	6,5	5,5	+0,70	6,20	Auka effekt: 8,7 årsverk i 2028 og 9,8 årsverk i 2030. Reisetid ca. 25-60 min.

Nr.	Tiltak	Investering	Årsverk	Årsverk kostnad	Skyss	Netto	Kommentar
5	Leggje ned Grasdal skule og flytte elevane til Knarvik barneskule	0	6,5	5,5	-0,60	4,90	Reisetid ca. 25-55 min.
6	Flytte elevane frå Flatøy/Sagstad til Knarvik barneskule	0	0	0	-0,08	-0,08	Reisetid ca. 10-15 min.
7	Flytte elevane frå Vestbygd til Rossland barneskule	0	4,2	3,6	-0,50	3,10	Auka effekt: 5,3 årsverk i 2028 og 6,4 årsverk i 2030. Reisetid ca. 15-40 min.
8	Etablere ungdomsskule for Meland u/Rossland u på Vestbygd skule	10,0	1,0	0,85	-0,13	0,73	Flytte paviljong frå Frekhaug og tilpasse bygg/uteareal. Unngår investering i ny ungdomsskule på Frekhaug. Auka effekt: 2,1 årsverk i 2028, 3,2 i 2029 og 4,3 i 2030. Reisetid ca. 15-60 min.
9	Etablere 1-10-skule på Ostereidet	0	1,0	0,85	0	0,85	

Samla effekt - tiltak som er foreslått frå kommunedirektøren

Post	Beløp/effekt
Samla investering	ca. 20,0 mill. kr
Samla driftseffekt 2027/28	25,5 årsverk / 21,7 mill. kr
Samla skyss-effekt	+0,62 mill. kr
Netto årleg effekt inkl. skyss	ca. 22,32 mill. kr
Auka effekt fram mot 2030/31	9 årsverk / 7,6 mill. kr

Tiltak fase 2 - ikkje foreslått av kommunedirektøren

Nr.	Tiltak	Investering	Årsverk	Årsverk kostnad	Skyss	Netto	Kommentar
17	Etablere oppvekststun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn. 5.-7. trinn til Manger	2,5	0,5	0,43	-0,08	0,35	Tilpassing av uteareal til barnehagedrift. Unngår rehabilitering av barnehagen. Reisetid ca. 20-40 min.
18	Etablere oppvekststun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn. 5.-7. trinn til Alversund	2,5	1,6	1,4	-0,08	1,32	Tilpassing av uteareal til barnehagedrift. Unngår rehabilitering av barnehagen. Reisetid ca. 15-40 min.
19	Avvikle skuledrift ved Sæbø skule og flytte elevane til Alversund	0	4,2	3,6	-0,18	3,43	Unngår rehabilitering av barnehagen. Reisetid ca. 15-40 min.

Nr.	Tiltak	Investering	Årsverk	Årsverk kostnad	Skyss	Netto	Kommentar
20	Avvikle skuledrift ved Seim skule og flytte elevane til Knarvik barneskule	0	4,2	3,6	+0,70	4,30	Reisetid ca. 25-60 min.
21	Avvikle skuledrift ved Grasdal skule og flytte elevane til Sagstad skule	50,0	7,0	6,0	-0,60	5,40	Tilbygg over SFO-bygg. Reisetid ca. 10-30 min.
22	Flytte elevane frå Knarvik barneskule til Alversund og bruke bygget til ungdomsskule	10,0	4,2	3,6	-1,20	2,40	Flytte paviljong frå Eikanger og grunnarbeid på Alversund. Reisetid ca. 15-35 min.
23	Avvikle skuledrift ved Leiknes skule og flytte elevane til Knarvik barneskule	0	1,5	1,3	-0,94	0,36	Reisetid ca. 20-40 min.
24	Avvikle ungdomsskule på Ostereidet og flytte elevane til Knarvik ungdomsskule	Ikkje talfesta	2,6	2,2	+0,05	2,25	Høge kostnader grunna tilbygg og rekkefølgekrav. Auka effekt: 3,7 i 2028, 4,8 i 2029 og 5,9 i 2030. Reisetid ca. 20-60 min.
25	Felles ungdomsskule for Meland ungdomsskule og Rossland skule på Rossland skule	Ikkje oppgitt	1,0	0,85	-0,87	-0,02	Unngår investering i ny ungdomsskule på Frekhaug. Auka effekt: 2,2 i 2028, 3,3 i 2029 og 4,4 i 2030. Reisetid ca. 15-60 min.
26	Felles barneskule for Vestbygd skule og Rossland skule på Vestbygd skule	8,0	4,2	3,6	-0,25	3,35	Flytte paviljong frå Meland ungdomsskule og grunnarbeid på Vestbygd. Auka effekt: 5,3 i 2028 og 6,4 i 2030. Reisetid ca. 15-35 min.

Merk: Dei ikkje-anbefalte tiltaka er alternative løysingar og bør ikkje summerast utan nærare vurdering.

Berekningane over er førebelse, og vil bli jobba vidare med dersom tiltaket blir vedtatt. Til dømes vil endeleg reisetid skuleskyss først vere klår etter at Skyss har etablert skuleskyss for vedtatt skuleveg knytt til skulane i kommunen. Reisetid som er presentert i tabellane over, byggjer på ruteplanleggjaren til Skyss. Denne bereknar reisetid mellom heim og skule ut frå gjeldande skulestruktur og gjeldande ruter for skuleskyss.

Økonomiske konsekvensar av kommunedirektøren sitt framlegg

I saksførebuande arbeid har det vore ei målsetjing å greie ut alternativ organisering og drift av skulane i kommunen, utan at dette utløyser større investeringsbehov.

På bakgrunn av dette er det foreslått å redusere tal skular og omprioritere bruken av to skular. Det er foreslått at Sæbø skule blir brukt som barnehage dersom Sæbø skule blir lagt ned. Med det kan avsette investeringsmidlar knytt til oppgradering av eksisterande Sæbø barnehage nyttast til andre behov eller trekkjast tilbake.

Det er også foreslått at Vestbygd skule kan takast i bruk som ungdomsskule. Dette kan gjennomførast med mindre justeringar i forhold til bruk av bygget, og ved å overføre paviljong som i dag er i bruk ved Meland ungdomsskule til Vestbygd. Dette er ein paviljong med gode kvalitetar, som elevane ved Meland ungdomsskule trivst i, og som kommunen eig. Med dette tiltaket kan etablering av ny ungdomsskule på Frekhaug stoppast eller utsetjast inntil vidare.

Samla effekt av desse strukturendringane er berekna å utgjere 25,5 årsverk i innsparing, som utgjer omlag 21,7 millionar kroner i forhold til tilsette i skulane. I tillegg kjem innsparingar knytt til drift av bygget.

Forslaget om å ikkje gå vidare med fastsetjing av tomt for ny skule på Eikanger/Fyllingsnes inneber ei vurdering av at etablering av ny skule for denne krinsen kan stoppast. Grunngeving for dette er knytt til venta elevtalsutvikling i kommunen i åra som kjem, samt at barneskulane Ostereidet, Leiknes og Knarvik samla sett vil ha omlag 350 ledige elevplassar dersom tiltaka om å leggje ned Eikanger og Grasdal skular blir gjennomført.

Som skildra tidlegare i saka, vil det vere behov for å gjennomføre mindre tilpassingar av bygga/investeringar i forhold til dei tiltaka som er presentert frå kommunedirektøren si side. Dette er knytt til følgjande bygg: Sæbø skule (etablere barnehage i bygget), Ostereidet barneskule (omprioritere bruk av SFO-bygget) og Vestbygd skule (etablere ungdomsskule i bygget).

Tiltaka som er foreslått i saka vil samla sett ha avgrensa effekt på kostnader til skuleskyss. Det er tiltaka knytt til Eikanger og Seim barneskular samt ungdomstrinnet ved Rossland skule som har størst positiv effekt i forhold til skuleskyss. Desse skulane har høgt tal elevar som i dag har gratis skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg. Samla innsparing knytt til skuleskyss er berekna å utgjere omlag 600 000 kroner.

Som del av rammetilskotet til kommunane er det lagt inn eit tilskot på kroner 583 234 per skule. Dersom kommunen reduserer talet på skular vil og rammetilskotet bli redusert med kroner 583 234 per skule frå året etter at skulen vert lagt ned.

Med tiltaka som er foreslått i saka kan kommunen redusere investeringskostnader knytt til bygging av to nye skular og rehabilitering av ein barnehage. Berekningane viser at skulane vil få om lag 25 færre årsverk, og at utgiftene til skuleskyss blir noko redusert. Samstundes vil kommunen miste 583 234 kroner i rammetilskot per skule som blir lagt ned.

Nedlegging av skulane er venta å gi sparte driftskostnader for skulebygg på om lag 4,5 millionar kroner årleg. For å gjennomføre tiltaka vil det vere behov for investeringar på om lag 20 millionar kroner til nødvendige tilpassingar av eksisterande bygg.

Samla sett er tiltaka berekna å gi ei innsparing tett opp mot 1 100 millionar kroner i investeringskostnader og 67 millionar kroner i årlege drifts- og kapitalkostnader (sjå tabellane under) dei første åra etter gjennomført investering, finansiert ved serielån med nedbetaling over 40 år.

Sparte investeringskostnader				
Investering (mill. kr)	Investeringsbeløp	Mva-refusjon	Rente-kostnader	Sum investeringskostnader
Ikkje investere i utbetringar av eksisterande Sæbø barnehage	35,0	-7,0	25,0	53,0
Ikkje investere i ny barneskule Eikanger	250,0	-50,0	178,6	378,6
Ikkje investere i ny ungdomsskule Frekhaug	450,0	-90,0	321,4	681,4
Investering i tilpassingar av eksisterande bygg	-19,0	3,8	-13,6	-28,8
Sum sparte investeringskostnader:	716,0	-143,2	511,4	1 084,2

*Berekninga av rentekostnader byggjer på eit serielån med 40 års nedbetalingstid. Renta er sett til Nibor 3 månader + 0,7 prosent frå 1. januar 2027. Forventa marknadsrente framover er basert på nivå per 6. mai 2026.

*Investeringsbeløpa for ny ungdomsskule på Frekhaug og ny barneskule på Eikanger er grove estimat

Årleg sparte drift- og kapitalkostnader	
Tiltak (mill. kr)	Årleg innsparing
Reduksjon 25,5 årsverk	21,7
Reduksjon i skuleskyss	0,6
Ikkje investere i utbetringar av eksisterande Sæbø barnehage	2,1
Ikkje investere i ny barneskule Eikanger	15,0
Ikkje investere i ny ungdomsskule Frekhaug	27,0
Investering i tilpassingar av eksisterande bygg	-1,1
Reduserte driftskostnader for skulebygg	4,5
Redusert rammetilskot på 583 234 kroner per skule	-2,9
Sum årlig sparte drifts- og kapitalkostnad:	66,9

*Årlege sparte rente- og avdragskostnader er berekna gjennomsnitt for dei fire første åra. Berekninga byggjer på eit serielån med 40 års nedbetalingstid og låneopptak 1. januar 2027. Forventa marknadsrente framover er basert på nivå per 6. mai 2026.

Dei årlege sparte investeringskostnadene som er viste i tabellen, er berekna samanlikna med eit alternativ der skulane ville blitt bygde som planlagt, og der barnehagen ville blitt rehabilitert. Tala viser difor ikkje ei innsparing i høve til dagens kostnader, men kva kostnader kommunen kan unngå ved å ikkje gjennomføre desse tiltaka. Innsparingane fordeler seg mellom sektorane Oppvekst og Samfunnsutvikling, avhengig av kva tiltak dei er knytt til.

Investeringsbehov

Det er behov for tiltak på Sæbø skule, Ostereidet barneskule og Vestbygd skule knytt til strukturtiltaka som er foreslått i saka.

Tiltak for å etablere barnehage i bygget til Sæbø skule

- Etablere stellerom og soverom
- Etablere fingarderobar
- Flytte leikeapparat

Tiltak på Ostereidet barneskule som mottaksskule:

- Omprioritere SFO-bygget og etablere
 - Klasserom
 - Kunst- og handverksrom
 - Elevtoalett
 - Garderobar

Tiltak på Vestbygd skule for omgjerding til ungdomsskule:

- Flytte paviljong frå Meland ungdomsskule
- Etablere undervisningsrom til naturfag
- Auke kapasitet for lærararbeidsplassar

Samla investeringsbehov knytt til strukturendringar skule er grovt estimert til ca. 20 millionar kroner inkl. mva.

[Bruk av bygga dersom nedlegging](#)

For å få full effekt av strukturendringane, vil kommunedirektøren foreslå at det blir utarbeida ein plan for avhending eller eventuell ombruk av dei bygga som ikkje lenger skal nyttast til barnehagar og skular. Kommunedirektøren vil foreslå at planen blir lagt fram for politisk handsaming etter vedtak i denne saka, og at planen også inneheld økonomiske vurderingar knytt til dei ulike alternativa som blir presentert.

Eit vedtak knytt til barnehage- og skulestruktur kan føre til at følgjande bygg/eigedommar må vurderast omdisponert eller seld:

- Meland Ungdomsskule
- Grasdalen skule
- Seim skule
- Eikanger skule
- Sæbø barnehage

Ved nedlegging av barnehage og skular bør kommunen i første rekkje vurdere om det er behov for bygg eller eigedom i kommunal regi. Det bør vurderast om bygga kan erstatte areal som vi i dag leiger, eller om kommunen har andre kommunale behov. Helsesektoren har store behov framover, og det kan vere mogleg å nytte bygg eller eigedom etter avvikling av skular og barnehagar til dette føremålet. Kommunedirektøren rår til at dette blir vurdert i ei eiga politisk sak etter vedtak om ny barnehage- og skulestruktur.

Samandrag

Kommunedirektøren legg fram forslag til nye og justerte tiltak samt justert framdrift i barnehage- og skulebruksplanen for Alver kommune. Tiltaka byggjer på vedtatt barnehage- og skulebruksplan og økonomiplan 2026-2029, med forslag om nokre endringar i forhold til tiltak og gjennomføring av fase 2 og 3. Samstundes foreslår kommunedirektøren at større investeringar og moglegheitsstudie blir stoppa eller utsette. Dette med grunngjeving i den økonomiske situasjonen til kommunen.

Bakgrunnen for saka er vedvarande nedgang i barne- og elevtal i kommunen, og eit samla krav om innsparing på nær 90 millionar kroner i planperioden. Samla har tiltaka som er foreslått ei samla innsparing på 67 millionar kroner i sparte driftsutgifter og 1 100 millionar i sparte investeringskostnader.

Analysar viser at kommunen har betydeleg overkapasitet i både barnehagar og skular. Det vil bli krevjande å gjennomføre dei budsjetterte innsparingane i forhold til demografi utan å gjere endringar i skulestrukturen. Kommunedirektøren vurderer det som nødvendig å gjennomføre strukturelle grep.

Forslag til endringar i skulekrinsgrenser er ein del av saka. Justeringane som er foreslått frå kommunedirektøren si side er knytt til strukturtiltaka i saka.

Kommunedirektøren rår til at saka blir sendt på offentlig høyring og ettersyn og at saka kjem tilbake til endeleg politisk handsaming i november 2026.

Vurderingsgrunnlag

Kommunen sitt økonomiske handlingsrom

I samband med utarbeidinga av Barnehage- og skulebruksplanen fekk vi tydelege tilbakemeldingar frå både Norconsult og PwC om at kommunen må gjere omfattande grep for å sikre ei berekraftig drift i åra som kjem.

Det same vart også understreka frå Statsforvaltaren si side i samband med kontroll av budsjett og økonomiplan for 2024-2027. Her seier Statsforvaltaren at kommunen må gjere tiltak som gir tilstrekkeleg positiv verknad på det økonomiske resultatet i år og dei komande åra. Om ikkje kommunen gjennomfører tiltak med tilstrekkeleg positiv effekt på det økonomiske resultatet, vurderte Statsforvaltaren det som sannsynleg at kommunen blir innmeld i ROBEK-registeret innan få år.

Kommunestyret i Alver kommune peika på dei same realitetane i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen i desember 2025:

Alver kommune driv dyrare enn det inntektene tilseier, og om vi held fram som før vil vi framover bruka så mykje meir pengar at disposisjonsfondet vil vera tømt innan kort tid. Går disposisjonsfondet tomt, vil kommunen bli sett under administrasjon frå statsforvaltaren. Med dei demografiske endringane vi står i, er det i det store biletet slik at midlar i det store biletet må flyttast frå Oppvekst-sektoren til Helse og omsorg. Dette tar vårt budsjettframlegg høgde for, med noko større innsparingar i Oppvekst-sektoren utover i perioden enn det kommunedirektøren legg opp til.

Vurdering av kva som vil vere til det beste for barn og elevar

Omsynet til kva som er til det beste for barna skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3. Barn sine rettar er ytterlegare styrka i norsk rett ved at prinsippet om barnets beste i 2014 blei teke inn i Grunnlova § 10. Fleire forhold skal vurderast opp mot kva som er til det beste for barna ved eventuelle endringar i barnehage- og skulestrukturen.

I saka er det gjennomført vurderingar av kva som vil vere til det beste for barn og elevar knytt til tiltaka som er presentert i saka. På noverande tidspunkt er det ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å gjere ein endeleg konklusjon om kva som er barnets beste. Vi skriv barnets beste som eit språkleg omgrep i dette dokumentet. Det vil sei at vurdering av barnets beste ikkje er gjort på individnivå, men på gruppe og systemnivå. I arbeidet er kommunal rutine for vurdering av barnets beste nytta. Denne byggjer på Barneombodet sin modell:

Vite: identifisere kven som blir påverka og kva rettar som blir omfatta

Vurdere: analysere konsekvensar for barn og unge

Vekte: synleggjere korleis barnets beste blir vektlagt opp mot andre omsyn (økonomi, demografi, kvalitet)

Vise: dokumentere prosess, innspel og konklusjon

Barn sin medverknad er ein integrert del av denne modellen.

For å sikre ei heilskapleg vurdering må prosessen belyse konsekvensar på to nivå:

- **Systemnivå**
- **Barnehage- og skulenivå**

Barnets beste-vurderinga inneber å vekte omsynet til kva som vil vere til det beste for barn og elevar opp mot andre relevante omsyn, som økonomi, demografi, geografi og kvalitet i opplæringa.

I førebuingssprosessen er det gjennomført evaluering av tiltak som vart gjennomført knytt til fase 1 av barnehage- og skulebruksplanen, og det er gjennomført dialogmøte med elevråd og kommunalt foreldreutval om erfaringane så langt. Til kvart av tiltaka som er presentert i saka er det eit avsnitt om vurderingar av barnets beste. Notat som skildrar denne vurderinga samla følgjer ved saka (vedlegg 1). Den endelege og heilskaplege vurderinga av barnets beste vil bli presentert etter høyringsperioden.

Barnets beste vurderinga følgjer føringar som gjeld for korleis ein skal vurdere barnets beste på systemnivå både overordna og for kvar einskilde tiltak, og byggjer på innspel frå barn og unge, føresette, tilsette og andre høyringspartar. Vurderinga vil og vere forankra i forskning, uttalar og rapportar frå relevante fagmiljø, slik det er skrive i vedlegget.

Endringar i skulestruktur inneber omlegging av sosiale relasjonar for elevane. Det er vurdert at fleirtalet av elevane vil meistre overgangar til ny skule, medan elevar med særskilde faktorar av sårbarheit må følgjast opp gjennom etablerte rutinar for informasjonsdeling og tett samarbeid med relevante faginstansar.

Sosialt miljø, tryggleik og trivsel

Erfaringane frå elevar og føresette viser at endringar i skulestruktur har stor påverknad på barn sitt sosiale og emosjonelle miljø. Elevar som har bytt skule etter nedlegging, fortel om kjenslereaksjonar, sakt etter kjende lærarar og vener, og utfordringar med større og meir uoversiktlege klassar.

Når skular tek imot elevar frå ein annan skule, kan det gi nye vennskap og meir aktivitet, men òg uro for dei som mister etablerte miljø eller må bytte klasse. Elevane peikar på at tryggleik blir skapt gjennom kjende vaksne, små grupper, føreseielege rammer og at alle blir sett. Føresette rapporterer om barn som har strevd med støy, uro og tøffare sosialt miljø etter nedlegging, og nokre familiar har hatt behov for ekstra oppfølging. Samstundes finst det positive erfaringar med betre fagleg oppfølging og fleire vener.

Samla viser erfaringane at overgangar kan vere både spanande og krevjande, og at elevar med sårbarheit treng særleg støtte. God planlegging, tidleg og tydeleg informasjon, besøksdagar, bli-kjent-aktivitetar og tett dialog mellom heim og skule er avgjerande for å sikre tryggleik, kontinuitet og trivsel. Dersom endringar blir gjennomførte utan slik forankring, aukar risikoen for uro, manglande trivsel og mindre positiv oppleving av læringsmiljøet.

Læringsmiljøet kan bli styrka gjennom eit større fagmiljø, noko som kan gje fagleg gevinst gjennom betre tilgang til fagressursar og spesialkompetanse, og gje både elevar og tilsette nye relasjonar. Samanslåing av skular kan få ein positiv effekt for elevane ved at personalet må samarbeide meir om pedagogisk innhald, undervisningsmetodar, læringsutstyr og læringsareal.

Reiseveg og kvardag

Reiseveg og skyss er eit sentralt moment i vurderinga av barnets beste, og erfaringane viser store utslag for kvardagen. Mange elevar som har bytt skule, opplever lengre og meir krevjande reiseveg, tidlegare morgonar, mindre tid til fritidsaktivitetar, vener og kvile. Nokre blir kvalme på bussen, og fleire kjenner seg utrygge ved fulle bussar, små haldeplassar og vinterføre.

For nokre elevar har reisevegen blitt kortare eller uendra, men hovudinstrykket er at lengre reisetid gir meir stress og mindre overskot. Føresette peikar òg på praktiske utfordringar, som at det kan vere vanskeleg å levere og hente på SFO, og at lengre reiseveg gjer det vanskelegare å kombinere skule, fritid og familieliv.

Strukturendringar medfører ofte lengre reiseveg for elevane, og administrasjonen legg til grunn tilrådde rammer for samla reisetid i vurderingane. Alver kommune legg til grunn anbefalingar frå Vestland fylkeskommune om tilrådd reisetid. Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderinga av om eleven si reise er forsvarleg, blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. Reisetid blir rekna frå eleven går ut døra heime til undervisninga startar, og frå undervisninga er slutt for dagen til eleven er framme ved heimen sin. Elevar som får ventetid før undervisninga tek til og etter at undervisninga er slutt, kan ha rett på tilsyn.

Det er ikkje fastsett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket, og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skyssen. Skyss prøver å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) éin veg innanfor følgjande rammer:

- Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn
- Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

Merk at dette gjeldt innafor etablerte nærskulekrinsar. Elevar med lang avstand mellom heim og skule må rekne med lengre samla reisetid. (frå Skyss rettleiar).

Mange elevar i Alver kommune har lang reiseveg i dag. Elevane i barneskulane med lengst skuleveg har mellom 15 – 40 km reiseveg og 40 – 75 min reisetid.

I ungdomsskulane har elevane med lengste reiseveg mellom 17 – 32,3 km reiseveg til skulen og 40 – 75 min reisetid.

Elevane foreslår tiltak som betre og meir direkte skuleskyss, bussvakt, seinare skulestart, mjuk oppstart og færre lekser i overgangsperioden. Slike kompensierende tiltak er i tråd med prinsippet om å sikre forsvarleg reisetid og redusere belastninga for elevane.

Samla vurdering av barnets beste

Når ein veg erfaringane opp mot kriteria for barnets beste, kjem følgjande hovudpunkt fram:

- Tryggleik, relasjonar og oversiktlege miljø er heilt sentrale for barn si trivsel og læring. Elevar opplever positive sider ved større miljø, der dei kan få fleire vener og ha fleire å lære og leike med.

- Eit større sosialt miljø kan vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø.
- Større klassar og meir støy blir av mange opplevd som belastande, og kan svekke læringsmiljøet.
- Læringsmiljøet på større skular bli styrka gjennom eit større fagmiljø og samarbeid om pedagogisk arbeid.
- Sårbare elevar er særleg utsette ved skulebyte og treng kjende vaksne og tett oppfølging.
- Lengre reiseveg gir meir stress, mindre søvn og mindre tid til fritid og kvile for mange elevar.
- Deltaking i fritidsaktivitetar blir påverka av skulenedlegging. Fleire idrettslag og musikklag femner i dag om fleire skular.
- God planlegging, tidleg informasjon og gradvise overgangar er avgjerande for å redusere belastninga.

Barnets beste talar difor for at eventuelle endringar i skulestruktur må vere grundig planlagde, godt forankra og gjennomførte med sterk vekt på tryggleik, relasjonar og kvardagsbelastning. Elevane sine erfaringar viser at dette er avgjerande for at ei endring skal verke positivt – særleg for dei yngste og dei mest sårbare barna.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at tiltak om å endre skulestruktur og legge ned skular isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Kommunen sine økonomiske avgrensingar, demografi, elevprognosar og samfunnsmessige prioriteringar er vesentlege moment det er relevant å balansere omsynet til barnets beste opp mot. Kommunen står overfor naudsynpte kutt i oppvekstsektoren grunna nedgang i elevtal og samtidig ein auke i utgifter i helsesektoren då kommunen i mange år framover får fleire innbyggjarar som blir pensjonistar og færre innbyggjarar som er arbeidstakarar.

Når vi vekter omsyn til barnets beste opp mot omsyn til kommunen sine økonomiske utfordringar på lang sikt, er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste.

Skulane må i god tid samarbeide om å planleggje avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny skule, og sikre at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Dette er ei førebels og generell vurdering før saka blir sendt på høyring. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa, der innspel frå barn og elevar blir vurdert og inkludert. Saman med tiltaka som er presentert i saka følgjer også ei vurdering av barnets beste knytt til kvart tiltak.

I vedlegget er det skrive om kunnskapsgrunnlag og metode, referansar og ei generell overordna vurdering av barnets beste.

Forankring til kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal danne grunnlag for sektorane sine planar. Kommunen sin arealplan skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Barnehage- og skulebruksplanen er definert som ein kommunedelplan i planhierarkiet til kommunen, og skal i praksis byggje på dei prioriteringane som er lagt til grunn i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette i samsvar med § 11-1 *Kommuneplan* i plan- og bygningslova.

Alver kommune vedtok sin første samfunnsplan mai 2022, og arbeider for tida med kommuneplanen sin arealdel. Samfunnsplanen set kurs for vidare utvikling av kommunen, og har som hovudmål at Alver skal vere eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder.

Senter og bygder er viktige for korleis folk opplever kvardagen sin. Ein stor del opplever sterk tilhøyrse til, og har identiteten sin knytt til heimplassen. Mange innbyggjarar legg ned betydeleg innsats for å skape gode lokalmiljø.

Alver kommune er langstrakt og har stor spreiding i busetnad. Det er store geografiske avstandar i kommunen. Funksjonane som er i nærleiken av der ein bur har mykje å seie for korleis innbyggjarane opplever kvardagen. Nærleik til skule og barnehage og trygg skuleveg er døme på faktorar som kan gjere kvardagen enklare for barnefamiljar. Tilgjengelege turvegar i nærleiken av der folk bur kan bidra til at fleire kjem seg ut på tur.

Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

[Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender](#)

I arbeidet med samfunnsdelen vart det gjennomført ein omfattande medverknadsprosess med verkstader i kommunen sine senter, og utgjer ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommuneplanen, samfunn og areal. Sentrale tema i medverknadsprosessen var innbyggjarane sine tankar om senterstruktur, utvikling av lokal- og nærsenter og kva som trengst for å få attraktive og levande bygder og grender. Sjå oppsummeringsnotat etter gjennomførte medverknadsverkstader i linken her: [oppsummering etter gjennomførte nærsenterverkstader](#)

Spørsmål som vart diskutert i verkstadane:

- Kva er unikt på til dømes Vikebø eller Manger? Fysisk, kulturelt og sosialt? Kva er... spesielt god på? Og kva manglar?

- Kva rolle spelar Knarvik? Korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?
- Korleis ønsker vi at det blir i framtida?

Mykje av det som kom fram danna grunnlag for ei Moglegheitsstudie for lokal- og nærsenter. Slutført prosess tydeleggjer kva funksjon og rolle regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter skal ha i kommunen.

Senterstruktur i Alver

Eit senter er eit geografisk område med ulike funksjonar som offentlege og private tenester, handel og bustad, og som fungerer som eit knutepunkt til eit omland. Kor ulike senter skal vere plassert blir bestemt i regional og/eller kommunal plan. Eit senter blir plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av innbyggjartal og kva for servicenivå kvart senter skal kunne tilby.



Alver kommune har vedtatt ein tredelt senterstruktur for stader som skal prioriterast for utvikling, handel og tenester.

- Kommune og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet
- Nærsenter: Vikebø og Bøvågen

Prinsipp for offentlege tenester/tilbod

Hovudtyngda av tenester og tilbod i Alver kommune ligg i definerte senter og i tilknytning til skulane. For at flest mogleg skal ha nytte av idrettsanlegg og andre fritids- og kulturtilbod, må tilboda vere der folk bur. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

Kommunen skal leggje til rette for at offentlege tenester og tilbod i hovudsak vert lokalisert slik at det byggjer opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter.

Samfunnsdelen slår fast korleis vi skal jobbe med kvalitetar i bygdene og grendene. Alver skal sikre mange av dei same kvalitetane ved utvikling i bygdene og grendene, men i ein mindre skala enn i kommunen sine definerte senter. For å nå måla for vidare utvikling blir det tatt utgangspunkt i følgjande prinsipp for utvikling i bygdene og grendene i Alver kommune:

- Vi skal leggje til rette for at ny utvikling i hovudsak skal skje i tilknytning til eksisterande bygde areal, skule og barnehage.
- Vi skal leggje til rette for ei bustadutvikling som støttar opp om bygdene og grendene.
- Vi skal vidareutvikle, og byggje på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på areal som ikkje er bygd på.
- Vi skal leggje til rette for trygg ferdsel for gåande og syklende.
- Vi skal sikre at ny utbygging ikkje byggjer ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.
- Vi skal leggje til rette for varierte bustadtypar.

Punkta over er henta frå kap. 6.3. Prinsipp for senterutvikling i samfunnsdelen.

Ein del av bygdene har nokre av dei same funksjonane som eit nærsenter og utfyller med dette senterstrukturen. Kommunen skal ha størst bustadvekst i definerte senter i kommunen, men ønskjer også å ta vare på og styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og bustadutvikling i heile kommunen. Når ny utbygging støttar opp om bygdene, vert grunnlaget for funksjonane i bygdene oppretthalde.

I utvikling av senter blir det lagt opp til større fleksibilitet i arealbruken. Det er ønskeleg at senter kan utviklast med fleirfunksjonelle bygg og meir sambruk enn vi har i dag. Det er difor i kommuneplanen lagt til rette for sambruk, transformasjon og meir opne arealformål i senter og bygder, med rom for meir fleksibel utnytting av bygg og areal.

Vurderingar knytt til barnehage og skulebruksplan og forankring til samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel slår fast at Alver skal vere eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender, og at det skal vere godt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i heile kommunen. Skular og barnehagar har tradisjonelt vore ein viktig del av denne samfunnsstrukturen, særleg i bygder og mindre lokalsamfunn, der dei ofte fungerer som meir enn reine tenesteeiningar. Skulen blir i mange bygder oppfatta som eit nav i lokalsamfunnet – ein stad som bind saman kvardagsliv, frivillig aktivitet, kultur, idrett og sosiale møteplassar.

Utvikling av senter skal sikre tilgang til sentrale tenester, møteplassar og arbeidsplassar, medan bygdene skal ha kvalitetar knytt til nærmiljø, natur, fellesskap og lokal identitet. Kommuneplanen legg til grunn at ein ikkje kan ha same funksjonsnivå i alle bygder, men at utviklinga skal vere tilpassa lokale føresetnader og støtte opp om spreidd busetnad der dette er ønskjeleg og berekraftig.

Endringar i skulestruktur kan få indirekte konsekvensar for næringslivet i bygdene. Redusert attraktivitet kan påverke etterspurnad etter bustader, tilgang på arbeidskraft og grunnlaget for lokal handel og tenesteyting. For enkelte verksemder kan skulen sin rolle som møteplass og identitetsberar vere viktig for rekruttering og stabilitet.

Ei skulenedlegging kan difor få konsekvensar som strekkjer seg utover opplæringstilbodet, og påverke både opplevd attraktivitet, identitet og utviklingskraft i bygda. For barnefamiliar kan lengre reiseveg til skule og fritidsaktivitetar endre kvardagslogistikken og påverke vurderingar knytt til bustadval. Over tid kan dette utfordre busetnad og rekruttering i enkelte bygder. Samfunnsdelen peikar samstundes på at attraktive senter og levande bygder må sjåast i samanheng.

Det er ikkje slått fast i samfunnsdelen, og heller ikkje i kommuneplanen sin arealdel som har vore på 1. gongs høyring, at det er visse offentleg funksjonar som skal liggje i kommunen sine definerte senter. Det som er sentralt er at funksjonane skal byggje opp om kvarandre.

Planomtalen til kommuneplanen sin arealdel legg vekt på å styrkje bygder og grender gjennom målretta arealbruk, mellom anna ved å leggje til rette for LNF-spreidd bustad, tilleggsnæringar til landbruket og vidareutvikling av eksisterande bustadområde, framfor etablering av nye utbyggingsområde i urørt natur. Dette viser at kommunen ønskjer å bidra til å halde oppe busetnad og aktivitet i bygdene, også der offentlege tenester blir meir konsentrerte.

Det finst fleire døme på at bygdelag, grendelag, frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv har teke ei aktiv rolle i å vidareutvikle lokalsamfunna sine etter endringar i offentleg tenestestruktur. Gjennom målretta innsats har ein etablert nye møteplassar, vidareutvikla «grendahus», utvida kultur- og idrettstilbod og skapt nye former for sosialt fellesskap. Kommunen har eit ansvar for å leggje til rette for slik lokal samfunnsutvikling, mellom anna gjennom planlegging, arealpolitikk og samarbeid med frivillig sektor og næringsliv.

Samstundes er det i tråd med kommuneplanen sitt syn på kommunen si rolle at utvikling i stor grad skjer i samspel med innbyggjarane, lag og organisasjonar og lokalt næringsliv.

Kommunedirektøren legg til grunn at endringar i barnehage- og skulestrukturen må sjåast i ein heilskapleg samanheng med langsiktige mål for samfunnsutvikling, berekraftig arealbruk og økonomisk handlefridom. Eit tett samarbeid mellom kommune og lokalsamfunn vil vere avgjerande for å sikre at bygdene i Alver framleis er attraktive stader å bu, leve og engasjere seg.

Kommunedirektøren sitt framlegg om tiltak

Alver kommune er i ein svært alvorleg situasjon økonomisk, og administrasjonen har vurdert ulike alternativ som kan bidra til at både drifts- og investeringsbehovet blir redusert samstundes som behov knytt til opplæringa kan effektiviserast.

Kommunen må gjere justeringar av drifta som ein konsekvens av utviklinga i demografi, knytt til at kommunen får færre innbyggjarar i grunnskulealder i åra som kjem. Dersom tal skular held fram som i dag, må nesten all innsparing for tenesteområde skule gjennomførast ved å redusere tal tilsette i skulen. Dette er ikkje vurdert å vere tilrådeleg.

Som kunnskapsgrunnlag til saka har kommunedirektøren brukt vurderingar utført av Norconsult og PwC i samband med utarbeiding av barnehage- og skulebruksplanen, erfaringar frå elevar og føresette og innhenting av synspunkt frå elevråd og kommunalt foreldreutval. Innspel og merknader som vart sendt inn i samband med dei første høyringsperiodane av planen er ein del av vurderingsgrunnlaget.

Vurderingar i forhold til elevane viser at for den einskilde elev vil det truleg vere best å behalde skulen sin som i dag. Kva som er til det beste for elevane må også vurderast opp mot andre forhold, mellom anna kva som er til det beste for alle elevane i kommunen og vurderingar knytt til geografi, økonomi, demografi og kvalitet.

Ved å redusere tal skular vil fleire av elevane i kommunen få lengre skuleveg enn realiteten er i dag. Fleire elevar som i dag kan gå til skulen, må ta skulebuss for å kome seg til ny skule. Dette er ei klår ulempe i forhold til situasjonen i dag.

Forslaga frå kommunedirektøren byggjer på kommunedelplanen sin samfunnsdel, prinsipp for offentlege tenestetilbod, som seier at offentlege tenester og tilbod i hovudsak vert lokalisert slik at det byggjer opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter. Saka byggjer også på ulike alternativ som har vore greidd ut etter bestilling frå politisk styringsgruppe våren 2026.

Kommunedirektøren sine vurderingar blir presentert i tre delar. Først kjem tiltak knytt til struktur og investeringar som er foreslått som endringar i fase 2 og 3 i barnehage- og skulebruksplanen. Deretter blir vurderingar knytt til andre tiltak som har vore vurdert i prosessen presentert. Tiltaka som er presentert i del 3 er ikkje anbefalt frå kommunedirektøren si side.

Strukturen er meint å skulle gjere det mogleg for politisk nivå å kunne byte ut tiltak frå kommunedirektøren sine anbefalingar før saka blir sendt til høyring, ved å ta inn alternative tiltak som er vurdert. Målsetjinga frå kommunedirektøren si side er at samla tiltak skal gjere det mogleg å svare ut dei innsparingskrava som er lagt inn i økonomiplanen.

Del 1:

Forslag om tiltak struktur

Tiltak 1 gjeld Sæbø barnehage. Tiltak 2-9 er knytt til endringar i skulestruktur som er foreslått gjennomført frå kommunedirektøren si side.

Tiltaka blir stort sett presentert med same struktur, som inkluderer faktaopplysningar, økonomisk effekt, investeringsbehov, forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak, konsekvensar for skulekrins, barnets beste vurderingar og samfunnsmessige konsekvensar.

I skildringa av tiltaka er det også presentert reguleringsplanar i prosess og bustadområde som er lagt ut i kommuneplanen sin arealdel. Dette er svært usikre tal. Det er mange ulike problemstillingar knytt til om eit område som blir lagt ut i kommuneplanen blir realisert som bustadområde eller ikkje. Det kan vere rekkefølgjekrav til infrastruktur, eller andre utfordringar for å få desse områda realisert. Vidare er marknaden ein vesentleg faktor, dersom det ikkje er økonomi eller vilje til å investere i eit område vert det heller ikkje bygd ut. Eigartilhøve betyr og noko i kommuneplanssamanheng. Det er ein stor bustadreserve i kommuneplanen.

I det følgjande vil kommunedirektøren sine vurderingar i forhold til dei skisserte tiltaka for skule bli utdjupa.

Tiltak 1: Flytte Sæbø barnehage inn i eksisterande skulebygg på Sæbø

Barnehage i skulebygget på Sæbø	
Innsparing årsverk 2027/28	Nei.
Investeringsbehov	Tilpasse bygg og uteareal til barnehage. Unngår investering til oppgradering eksisterande barnehagebygg på Sæbø. Stipulert kostnad: 7 mill. kr.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket vart presentert som alternativ då barnehage- og skulebruksplanen var til handsaming, men vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Drift av heile eller delar av barneskulen må avviklast, og tilhøyrande elevgrunnlag må overførast til ny skulekrins.

Dersom Sæbø skule blir lagt ned foreslår kommunedirektøren å flytte barnehagen inn i lokala som skulen disponerer i dag. Bygget kan med enkle grep gjerast om til barnehage. Det er på eit plan og med lett tilkomst til bygget.

Slik administrasjonen vurderer det, vil det vere behov for å etablere stellerom, fingarderobe og soverom innomhus og tilpasse utearealet til yngre brukarar enn stoda er i dag. Samla sett vil dette vere ein vesentleg mindre kostnad enn det som er sett av til utbetringar av eksisterande barnehage.

Kommunen vil kunne stoppe planlagt investering knytt til Sæbø barnehage. I økonomiplanen for 2026-2029 er det sett av i underkant av 35 millionar kroner til dette prosjektet.

Barnets beste vurdering

Dersom Sæbø skule blir lagt ned, vil bygget med enkle tilpassingar av bygg og uteareal kunne gjerast om til barnehage. I så fall vil barna i barnehagen på Sæbø få ein barnehage med vesentleg betre kvalitetar enn det er i eksisterande barnehage.

Dersom inne- og uteareal blir tilpassa slik at det er eigna til samvær, utfolding, leik og kvile, er det vurdert at dette tiltaket vil vere til det beste for barnehagebarna i Sæbø barnehage samla.

Det er vurdert at tiltaket bidrar til ein samla positiv økonomisk effekt for kommunen ved at ein unngår utgifter til rehabilitering av barnehagebygget til Sæbø barnehage. Dette bidrar til å styrke kvalitet og innhald i barnehagane i kommunen. Sæbø barnhage skal likevel i god tid planlegge avbøtande tiltak for sårbare barn, og sikre at barna blir kjent med nytt bygg og uteområde.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

Det er vurdert at endringa vil utgjere ei betring av barnehagetilbodet i bygda, ved at barnehagen kan flytte over i skulebygget som har betre kvalitetar enn eksisterande barnehagebygg.

Endringar i skuletilbodet i bygda vil dei fleste truleg oppleve negativt, og det kan bli usikkerheit i forhold til kva for fritidstilbod og nærmiljøaktivitetar som vil bli tilgjengeleg i åra som kjem.

Samfunnsmessige konsekvensar i forhold til nedlegging av skulen er presentert i neste tiltak.

Samla vurdering

Dersom Sæbø skule blir lagt ned er forslaget å flytte barnehagen inn i lokala som skulen disponerer i dag. Dette er eit bygg som med enkle grep kan gjerast om til barnehage, det er på eit plan med lett tilkomst til bygget. Ved å etablere stellerom, soverom og fingarderobar i bygget samt gjort tilpassingar for yngre barn utomhus, er det vurdert å vere til det beste for barna å byte lokasjon.

Barnehagen ligg i dag like ved skulen, og ei eventuell flytting kan førebuaast saman med barna. Sjølv flytteprosessen kan også gjennomførast over tid, i etterkant av at bygget er klårgjort til barnehagedrift.

Ved å gjennomføre tiltaket vil tilbodet til barnehagebarna i Sæbø krins få auka kvalitet og kommunen kan unngå investeringsutgifter knytt til rehabilitering av barnehagen. Kommunedirektøren vil difor anbefale at Sæbø barnehage blir flytta over til Sæbø skule sine lokale.

Nedlegging av skulen eller etablering av oppveksttun er ein føresetnad for at dette tiltaket kan gjennomførast. Dersom Sæbø skule ikkje blir lagt ned og det heller ikkje blir fatta vedtak om å etablere oppveksttun i krinsen, fell denne tilrådinga bort og rehabiliteringa av Sæbø barnehage bør starte opp som planlagt.

Tiltak 2: Leggje ned Sæbø skule og flytte elevane til Manger skule

Sæbø skule saman med Manger skule	239 elevar
Pedagogisk kapasitet Manger skule	305 elevar
Tal klasserom	13 klasserom
Behov klassar etter samanslåing	12 klassar i 2027, går ned til 10 i 2029
Tal klassar utan samanslåing	12 klassar
Innsparing årsverk 2027/28	2,1 årsverk haust 2027, aukar til 4,3 årsverk i 2029
Stipulert auka kostnad skuleskyss	Ca. 175 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 20 –45 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Sæbø skule vart også foreslått lagt ned eller gjort om til oppveksttun då barnehage- og skulebruksplanen var til politisk handsaming. Dette vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Sæbø blir slått saman med Manger barneskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Sæbø skule og overføre elevane til Manger skule. Dette for å samle elevane og redusere overkapasitet i skulane i kommunen.

Tabellen over viser at Manger skule er godkjent for 305 elevar og at skulen vil ha 239 elevar hausten 2027 dersom samanslåinga blir gjennomført. Skulen vil då ha behov for 12 klasserom, og har 13 klasserom tilgjengeleg i dag. Innsparing på 2,1 årsverk er berekna ut frå at skulane samla samt kan redusere ressursar til leining og skulefritidsordning. For åra 2028 og 2029 vil tiltaket slå positivt ut også i forhold til tal klassar. I 2029 er det berekna at skulen vil ha 10 klassar.

Auka kostnad i høve til skuleskyss er stipulert til omlag 175 000 kroner og maksimal reisetid frå heim til skule er berekna til omlag 45 minutt.

Ved at Sæbø skule blir slått saman med Manger skule vil elevane frå Sæbø-bygda behalde tilhøyrse til Radøy ungdomsskule og elevgrunnlaget ved ungdomsskulen blir varetatt. Dette i motsetnad til alternativet om å flytte elevane frå Sæbø til Alversund skule, som truleg vil føre til at fleire elevar frå Sæbø vil søkje seg til Knarvik ungdomsskule.

I fall Sæbø skule blir lagt ned og det blir etablert barnehage i bygget, vil gymsalen og bygget framleis kunne disponerast i samband med fritidsaktivitetar og utleige knytt til tilstellingar og feiringar. Barna i Sæbø krins kan halde fram med fritidsaktivitetar i nærmiljøet som før. Sæbø skulekrins har i dag eige miljø for skulekorps og turn, noko musikk- og kulturliv, men deler idrettsmiljø i stor grad med Manger.

Førebelse berekningar viser at reisetida for elevar frå Sæbø vil vere omlag 20- 45 minutt. Ut frå rammene som er sett av Skyss, vil reisetida for elevane frå Sæbø som vil ha lengst reisetid til skulen vere like under rettleiande tidsramme som Skyss har sett.

Både Sæbø skule og Manger skule vil få færre elevar i åra som kjem, men Sæbø får ein auke i elevtal frå 2029 til 2030. Sæbø vil ha 86 elevar i 2030. Manger skule vil ha 126 elevar dette året.

Tiltaka som er gjennomført eller påbegynt ved Manger skule for å betre undervisningslokale, garderobe/toalett samt uteareal vil bidra til auka kvalitet i skuleanlegget. Det vil ikkje vere behov for nye tiltak dersom elevane frå Sæbø skule blir overført til Manger skule.

Barnets beste vurdering

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Elevane på Sæbø skule seier i medverknadsprosessane at dei er uroa for å miste tryggleik, kjende vaksne og etablerte venskap, og dei fryktar større klassar, meir støy og svekka trivsel. Nokre ser moglegheiter for nye vener dersom overgangen blir godt planlagt. Samstundes skapar lengre reiseveg, tidlegare morgonar og utrygg skuleskyss bekymring, med mindre tid til fritid, vener og aktivitetar som i stor grad er knytt til Sæbø skule. Nokre trur overgangen kan bli betre dersom bygga blir oppgraderte og skyssen godt organisert.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Det er vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Skulane må i god tid samarbeide om å planlegge avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny skule, og at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Relevant planarbeid i Sæbø krins



Foto: Sæbø skule. Kjelde alver.kommune.no

Sæbø skule ligg i Austmarka på Radøy, om lag midt mellom Manger og Alversund. Austmarka er etablert i nyare tid, og ligg eit stykke vest for den historiske kyrkjestaden og dampbåtkaien på Sæbø. Staden har eit relativt konsentrert område der funksjonane ligg samla ved avkøyrsla til Fv. 565. Kyrkje og ungdomshus er lokalisert på Sæbø. Austmarka har ei relativt bilbasert utforming, men med eit relativt godt definert sentrum med skule, barnehage og daglegvarehandel i gangavstand til bustadane rundt.

Vedtekne reguleringsplanar:

Austmarka øvre – detaljplan bustad og næring samt infrastruktur

- Detaljreguleringsplan vedteke 29.09.2011
- Areal: 130 dekar
- Nye bueiningar: 149
- Planen er meir enn 10 år gamal og det må gjerast nye vurderingar opp i mot dagens krav og føringar
- Rammeplan for VA må gjennomgåast og vurderast opp mot nye gjeldande krav
- Nytt reinseanlegg må etablerast

Reguleringsplanar under arbeid:

Storheim

- Oppstart: 2011
- Areal: 533 dekar
- Nye bueningar 234

- Planen var til offentlig ettersyn 2016 og fekk motsegn frå Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Planarbeidet stogga deretter opp.
- Det er gjort framlegg om å tilbakeføre storparten av området til LNF i framlegg til ny KPA

Austmarka sentrum

Avslutta. Ventar på ny KPA

Austmarka sør – Solstrand

Avslutta. Ventar på ny KPA

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Sæbø som lokalt oppvekstsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busette seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Om skulebygget blir teke i bruk som barnehage, kan det bidra til å oppretthalde noko av aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentlig tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Ei omgjerding til barnehage kan styrkje barnehage tilbudet i området og gjere det mogleg å nytte eksisterande bygningsmasse på ein samfunnsnyttig måte.
- Samstundes vil ein barnehage ikkje fullt ut erstatte skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhørsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.

- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Sæbø.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som barnehage, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod som idrett, skulemusikk og andre aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Sæbø kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Samling av elevane kan bidra til å sikre elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule og vidareføre tilhøyrsla til Radøy ungdomsskulekrins.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som barnehage og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Dersom bygget blir utvikla som ein kombinert barnehage, møteplass og nærmiljøarena, kan noko av den samfunnsmessige negative effekten dempast.
- Det kan bli viktig å sikre formelle avtalar om bruk av bygget til frivillige lag, arrangement og nærmiljøaktivitetar, slik at innbyggjarane framleis opplever at bygget er tilgjengeleg for bygda.

- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Reisetid for elevane er innafor i forhold til rettleiande reisetider for barneskuleelevar (Skyss). Mange elevar som i dag kan gå eller sykle til skulen må ta buss eller bli køyrd av foreldre/føresette.

Tiltaket vil innebære ei svekking av kvalitetar i Sæbøbygda, då mykje aktivitet og nærmiljøkvalitetar er samla rundt skuleanlegget. Skulen er ein viktig møteplass i bygda.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning til skuleskyss i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss Sæbø skule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Elevane frå Sæbø skule er viktige for å oppretthalde eit høgast mogleg elevgrunnlag ved Radøy ungdomsskule. Dersom Sæbø skule blir slått saman med Alversund skule vil det truleg vere fleire elevar som ønskjer å gå på ungdomsskule i Knarvik, og Radøy ungdomsskule får færre elevar. Med ny paviljong har barneskulen på Manger fått auka kapasitet, og det vil vere plass til elevane frå Sæbø på Manger.

Ut frå ei samla vurdering vil kommunedirektøren foreslå at Sæbø skule blir lagt ned og elevane overført til Manger skule.

Tiltak 3: Leggje ned Eikanger skule og flytte elevane til Ostereidet barneskule

Eikanger skule saman med Ostereidet barneskule	165 elevar
Pedagogisk kapasitet Ostereidet barneskule	259 elevar
Tal klasserom	10 klasserom

Behov klasserom etter samanslåing	8 klassar
Tal klassar utan samanslåing	10 klassar
Innsparing årsverk 2027/28	4,2 årsverk
Stipulert innsparing skuleskyss	Ca. 1 400 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15 – 40 min.
Investeringsbehov	Etablere garderobe og toalett i SFO-bygget på Ostereidet. Stipulert kostnad: 2 mill. kr. Unngår investering ny skule på Eikanger/Fyllingsnes.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Eikanger skule vart også foreslått lagt ned då barnehage- og skulebruksplanen var til politisk handsaming. Dette vart ikkje vedtatt. Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Det er sett av tomt til ny skule i framlegg til ny kommuneplan for Alver.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Eikanger skule blir slått saman med Ostereidet barneskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Eikanger skule og overføre elevane til Ostereidet. Dette for å samle elevane og redusere overkapasitet.

Som det kjem fram av tabellen over, vil Ostereidet barneskule ha god plass til elevane frå Eikanger. Ostereidet barneskule har 10 klasserom og vil få 8 klassar etter eventuell samanslåing. Dersom skulane held fram som i dag, vil dei samla ha behov for å dele elevane i 10 klassar. Innsparinga i høve til tal årsverk er knytt til reduksjon på to klassar samt redusert ressurs til leing og skulefritidsordning.

Mange av elevane ved Eikanger skule har i dag særskild skyss grunna særleg farleg skuleveg. Med skule på Ostereidet vil dei kunne følgje ordinær skuleskyss, og det er stipulert at kommunen vil spare omlag 1,4 millionar kroner på skuleskyss. Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Eikanger er berekna til omlag 15-40 minutt. Reisetida er innafor i høve til ramma sett av Skyss, med målsetjing om maksimal reisetid for elevar på 1.-4. trinn på omlag 45 minutt.

Elevane frå Eikanger høyrer frå før til skulekrinsen til Ostereidet ungdomsskule, på same måte som Ostereidet barneskule. Ved ein nedlegging av Eikanger skule vil elevane behalde ungdomsskulekrinsen, og bli del av eit større sosialt miljø enn i dag.

Barnets beste vurdering

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Elevane, føresette og tilsette har i lengre tid kjent på uro for kva som skal skje med skulen deira, sidan nedlegging har vore diskutert og foreslått i tidlegare planprosessar. Det vert uttrykt at det er behov for ei avgjerd som kan stå seg over tid.

I medverknadsprosessar seier elevane at dei ser både positive moglegheiter og klare utfordringar ved ei flytting til Ostereidet. Mange av elevane peikar på større område, fleire aktivitetar og sjansen til nye vener. Nokre elevar er uroa for nytt miljø, endringar i venskap og ein stressande overgang – særleg for dei yngste og dei som treng ekstra støtte.

God informasjon og besøksdagar blir sett som avgjerande. For dei fleste vil reisevegen bli litt lengre, med mindre fritid og elevane blir noko meir slitne. Samstundes vil reisetida halde seg innafor grensa for kva som er anbefalt maksimal reisetid. Elevane understrekar at skuleskyss og reisetid må planleggjast godt for at kvardagen skal bli handterleg.

For nokre elevar vil tiltaket føre til kortare og tryggare veg med buss, sidan det er smale vegar i skulekrinsen i dag og mange elevar i dag som har vedtak om skyss grunna farleg skuleveg. Mange av elevane på Eikanger er i dag del av dei same fritidsaktivitetane, innan idrett, musikk- og kulturliv, som elevane på Ostereidet.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Det er vurdert at tiltaket bidrar til ein samla positiv økonomisk effekt for kommunen, noko som igjen bidrar til å styrke kvalitet og innhald i dei skulane som utgjer den framtidige skulestrukturen i kommunen. Dersom tiltaket skal gjennomførast, må skulane starte tidleg med samarbeid om å planlegge avbøtande organisatoriske tiltak som til dømes samkøying av pedagogisk personale, felles utviklingstid og andre oppgåver som blir felles. Formålet med samarbeidet må vere å ta vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny organisering av skulen, og at elevar på begge skulane blir kjent med eventuelle nye lærarar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Relevant planarbeid i Eikanger krins



Foto: Eikanger skule. Kjelde nordhordland.no

Eikanger er ei relativt lita bygd ved Eikangervågen/Osterfjorden. Bygda er prega av spreidd busetnad langs ein fruktbar dal som breier seg frå Eikangervåg i nordvestleg retning mot Høyland, og grendene Fyllingsnes og Eidsnes som ligg på kvar si side av Eikangervåg. Langs Osterfjorden går E39, der ein større næringsareal er under utvikling. Eikanger-Bjørsvik musikklag har markert sitt talent langt utanfor bygdas grenser og bygda har eit aktivt idrettslag. Eikanger skipsreie var ei administrativ eining for området for indre del av Osterfjorden, frå Eikanger til Modalen, fram til byrjinga på 1800-talet. I 1853 vart Eikanger tinglag oppløyst. I dagens senterstruktur soknar Eikanger til Ostereidet lokalsenter. På Fyllingsneset vert det planlagt for nye bustadar.

Vedtekne reguleringsplanar:

E39 Vikane-Eikangervåg

- Detaljreguleringsplan vedteke 24.06.21
- Byggjestart 2025
- Løyser krav om trygg skuleveg for fleire areal, mellom anna planområda Fyllingsnes og Stemmemyra.

Vedtekne reguleringsplanar med krav om endringar:

Fyllingsnes

- Vedteke: 2011
- Areal: 118 dekar
- Bueiningar: 188, og ny barnehage
- Eldre plan som har krav om planendring (full planprosess)

Stemmemyra

- Nystølstunet

T14/T20

- Side 36 av 126

- Vidareføring av arealet avventar vedtak om ny skulestruktur

B14/Fyllingsnesvegen 127

- Lagt inn i kommuneplan for Lindås 2003.
- Areal: Ukjent
- Tilrådd vidareført men redusert storleik i ny KPA

LSB26

- LNF spreidd busetnad
- 20 dekar

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Eikanger som bygd, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Det blir no bygd gang- og sykkelveg langs delar av E 39. Dette har vore rekkjefølgjekrav for å få utvikle bustadområda mot fjorden. Det er no planar om å regulere desse bustadområda. Det at skulen blir lagt ned, kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Aktivitetar knytt til skule, som foreldremøte, arrangement og dugnader vil i større grad bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Eikanger.
- Det er usikkert kva skulebygget eventuelt skal brukast til vidare, og risiko for at aktivitetstilbod blir flytta ut av bygda eller blir forsvinn.

- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget ikkje blir tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen eller det blir lang reiseveg til desse tilboda.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Elevane må ta buss til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Eikanger kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Det kan bli viktig å avklare kva bygget skal brukast til vidare, for å sikre best mogleg informasjon til innbyggjarane i bygda.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Til grunn for vurderingane ligg venta elevtalsutvikling i åra som kjem, tal ledige elevplassar både på Ostereidet, Leiknes og Knarvik barneskular, sett opp mot den alvorlege situasjonen kommunen er i økonomisk. Nærliggjande barneskular har ledige elevplassar i tilsvarande omfang som ein ny skule på Eikanger/Fyllingsnes hadde blitt dimensjonert for.

Reisetid for elevane er innafor i forhold til rettleiande reisetider for barneskuleelevar (Skyss). Nokre elevar som i dag kan gå eller sykle til skulen må ta buss eller bli køyrd av foreldre/føresette.

Tiltaket vil innebære ei svekking av kvalitetar i Eikangerbygda, då skulen er ein viktig møteplass i bygda. Innbyggjarane i bygda har venta på ny skule i mange år, og det har vore jobba aktivt med bustadbyggjeprojekt for å styrkje vekst og utvikling i krinsen.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er elevane si oppleving av utryggleik og uro for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere kommunen sine framtidige kostnader til prosjektering og investering i forhold til etablering av ny skule i krinsen, og gi eit redusert behov for bemanning og kostnader til skuleskyss i tenestoområde skule samla sett. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

I lys av desse faktorane kan ikkje kommunedirektøren sjå at kommunen har økonomisk handlingsrom til å gå vidare med planane om tomt og ny skule på Eikanger/Fyllingsnes. Kommunedirektøren vil difor foreslå at arbeidet knytt til ny skule på Eikanger/Fyllingsnes blir stoppa samt at Eikanger skule blir lagt ned og elevane overført til Ostereidet barneskule.

Tiltak 4: Leggje ned Seim skule og flytte elevane til Alversund skule

Seim skule saman med Alversund skule	410 elevar
Pedagogisk kapasitet Alversund skule	450 elevar
Tal klasserom	21 klasserom
Behov klassar etter samanslåing	18 klassar, går ned til 16 i 2028 og 15 i 2030
Tal klassar utan samanslåing	22 klassar
Innsparing årsverk 2027/28	6,5 årsverk i 2027, aukar til 8,7 årsverk i 2028 og 9,8 årsverk i 2030
Stipulert innsparing skuleskyss	Ca. 700 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 25 - 60 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Skulen har ikkje vore foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Seim skule blir slått saman med Alversund barneskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Seim skule og overføre elevane til Alversund. Dette for å redusere overkapasitet.

Tabellen over viser at Alversund skule er godkjent for 450 elevar, og at saman med elevane frå Seim er det venta eit elevtal på 410 elevar frå hausten 2027. Det er venta eit gradvis lågare elevtal ved Seim skule i åra som kjem, ned mot 80 elevar i 2030.

Dersom desse to skulane blir slått saman, vil det vere behov for 18 klasserom til elevane. Alversund skule har 21 klasserom. Dersom skulane held fram som i dag, vil dei til saman ha 23 klassar. Ved ei eventuell samanslåing er det ei innsparing på 4 klassar, som saman med reduksjon i bemanning knytt til skulefritidsordninga og leing er berekna å utgjere 6,5 årsverk i 2027. Hausten 2030 er det berekna at effekten av tiltaket har auka til 9,8 årsverk.

I høve til skuleskyss er det ei berekna innsparing på om lag 700 000 kroner på at elevane frå Seim skule blir overført til Alversund skule. Innsparinga er knytt til at fleire av elevane ved Seim skule i dag har gratis skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og at denne transporten i stor grad kan gå ut dersom elevane skal til Alversund. Då kan elevane følgje ordinær skulebuss og kommunen blir fakturert for same sats per elev, etter fylket sine satsar.

Barnets beste vurdering

Elevane frå Seim skulekrins vil få lengre skuleveg dersom dei skal til Alversund på skule, og dei som i dag kan gå til skulen på Seim må ta buss. Seim skulekrins er langstrakt, og det er til dels dårlege vegstrekke i fleire retningar til skulen. I dag går det skulebuss til Knarvik både om Litleskare og frå Lindås. Det er venta at Skyss vil kunne tilby skuleskyss for elevane frå Seim frå begge desse vegstrekke. Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Seim er berekna til omlag 25 - 60 minutt. For nokre elevar vil dette vere tett opp mot eller over rettleiande ramme for reiseveg for elevar i barneskulealder. Særleg gjeld dette dei yngste elevane. Berekningane er førebelse, og kommunen vil vere i dialog med Skyss om moglege alternativ for å redusere denne reisetida dersom tiltaket blir vedtatt.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Det å slå saman Alversund og Seim skular vil ikkje få innverknad på elevane frå Seim si tilhøyrle til ungdomsskule, og dei vil halde fram med å høyre til Knarvik ungdomsskulekrins. Ved ein nedlegging av Seim skule vil elevane behalde ungdomsskulekrinsen, men bli del av eit større sosialt miljø enn dei gjer i dag.

Skulen har ikkje vore foreslått avvikla i tidlegare prosessar før saksframlegget vart presentert i januar 2026. Innbyggjarar, føresette, elevar og tilsette har ikkje vore førebudd på at tiltaket kunne bli foreslått, og det vart pårekneleg møtt med stor uro. I perioden fram til april 2026 har administrasjonen lagt til rette for medverknadsprosessar.

Elevane på Seim skule seier at dei er svært uroa for splitting av klassar, tap av vener og eit større og mindre oversiktleg skulemiljø. Dei fryktar meir mobbing, færre vaksne og å miste tryggleiken dei har i dag, og elevar med særskilde behov vil ha behov for ekstra støtte. Dei ventar lengre og meir krevjande reiseveg med tidlege morgonar, trøytteleik og mindre tid til

fritid, vener og kvile. Utrygg skuleskyss, bussbyte og vinterføre skapar ekstra bekymring. Elevane foreslår betre skyss, seinare skulestart og mjukare overgang for å lette kvardagen.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Skulane må i god tid samarbeide om å planlegge avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikrar at elevane blir kjent med ny skule, og at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Relevant planarbeid i Seim krins



Foto: Seim skule. Kjelde: alver.kommune.no

Seim er ei bygd med busetnad langt tilbake i tid og med sterke historiske røter. Dagens skule vart bygd i 2014. Skule og idrett er samlokalisert i tilknytning til ein bustadkonsentrasjon. Barnehage ligg i eit anna bustadområde 300 m nord for skulen. Daglegvarehandel ligg om lag 600 m sør for skulen. Bygda Seim har og mellom anna kyrkje, grendahus, bedehus, idrettslag, korps, kor og eit aktivt organisasjonsliv. Det vart gjort administrativt framlegg om at Seim skulle få status som nærsenter i samband med Moglegheitsstudie for senterstruktur i Alver 2022. Det har i lang tid vore jobba med trafikkisikring av skulevegen gjennom bygda. Ved realisering av to konkrete prosjekt lista opp under vil store delar av busetnaden sentralt på Seim ha tilbod for gåande og syklende på samanhengande fortau/gangveg til Seim skule.

Reguleringsplanar under arbeid:

Fv. 5474 Seim gnr. 171 bnr. 71 mfl.

- Oppstart kunngjort 01.05.25

- Detaljregulering av trafikksikring av veg
- Detaljregulering for utbetring av Fv. 5474 pågår, og planen er venta ferdig sumaren 2026. Formålet med reguleringa er i hovudsak å kunne etablera omlag 700 meter trafikksikker veg med fortau mellom butikk, skule og bustadfelt ved Seimstranda.

Fv. 5472 Seimskleivane

- Ikkje meldt oppstart
- Det vert jobba med trafikksikring av Fv. 5472 Seimskleivane. Prosjektet krev detaljregulering. Planarbeidet er finansiert men er ikkje formelt starta opp.


Hopland

- Oppstart: 2024
- Detaljreguleringsplan, konsentrert busetnad mm.
- Tal på nye bueiningar: Ukjent
- Status: Plan er under arbeid

Solbakken, del av gbnr. 173/3

- Vedteke 18.09.25
- Tal på nye bueiningar: Ein tomannsbustad
- Planvedtaket er påklaga og klagen er under handsaming

Bustadareal i kommuneplanen sin arealdel



Skjermdump over viser utsnitt av det sentrale Seim i framlegg til ny KPA til 1. gongs høyring. Lysegule område er eksisterande areal avsett til bustader, mørkegule område er framlegg til nye bustadområde. Bustadområde B34 er det lysegule område til venstre i kartet

B34 Elsåsvegen

- Arealet har lagt i kommuneplan sidan 2003
- Krav til detaljregulering
- Areal: 26 dekar
- Arealet er tilrådd vidareført i ny KPA men med redusert storleik

B41

- Framlegg til nytt bustadareal
- Krav til detaljregulering
- Areal: 1,5 dekar
- Tal på nye bueiningar: ukjent

B42

- Framlegg til nytt bustadareal
- Krav til detaljregulering
- Areal: 3,3 dekar
- Tal på nye bueiningar: ukjent

B43

- Framlegg til nytt bustadareal
- Krav til detaljregulering.

- Areal: 8 dekar
- Tal på nye bueiningar: ukjent

B44

- Framlegg til nytt bustadareal
- Krav om detaljregulering
- Areal: om lag 2 dekar
- Tal på bueiningar: ukjent

I samband med 1. gong høyring av kommuneplanen sin arealdel vart det varsla mogeleg motsegn frå overordna mynde mot alle dei bustadområda som er lista opp over, mellom anna på grunnlag av manglande trafikktryggleik og arealkonflikt med landbruk.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Seim som bygd, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke bygda si attraktivitet for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Grendahuset Strilatun AS vil ikkje fullt ut kunne erstatte skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Seim.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.

- Det vil bli viktig å avklare kva bygget skal brukast til vidare, for å sikre best mogleg informasjon til innbyggjarane i bygda.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknyting til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Seim og Lygra/Feste kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Eventuell nedlegging vil ikkje ha innverknad på tilhøyrsla til Knarvik ungdomsskulekrins.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Tiltaket vil innebære ei svekking av kvalitetar i Seimsbygda, då mykje aktivitet og nærmiljøkvalitetar er samla rundt skuleanlegget. Skulen er ein viktig møteplass for innbyggjarane frå Seim, Lygra og Feste, og særleg gjeld dette familiar med barn i barneskulealder.

Seim skule har eit flott idrettsanlegg, med gymsal og fotballbane. Dersom skulen blir lagt ned, vil det vere viktig for barn og unge, kultur og idrett at bruk av bygg, gymsal og fotballbane vil kunne halde fram som i dag. Dersom bygget ikkje skal brukast til skule vidare, må det greiast ut kva som er mogleg alternativ bruk av bygget. Det er på noverande tidspunkt usikkert kva bygget eventuelt vil bli brukt til vidare, og risiko for redusert tilbod om fritidsaktivitetar i bygda.

Ved nedlegging av skulen, vil ein del av møtepunkta gjennom året knytt til skuleaktivitetar truleg bli lagt til den nye skulen for elevane. Med dette vil samlingar i regi av skulen gå føre seg utanfor den bygda elevane kjem frå. Slik er det for fleire av elevane i kommunen den dag i dag, men dette vil bli ein konsekvens for elevar og foreldre frå Seim dersom skulen blir lagt ned. Alternativ møteplass i Seimsbygda vil vere Strilatun AS, som har lang tradisjon som grendahus.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Seim skulekrins er langstrakt, og elevar busette i ytterkanten av skulekretsen vil få lengst skuleveg til Alversund. Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis organisere mest mogleg effektiv skulereise for dei elevane som får lengst skuleveg.

Det vil bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning og utgifter til skuleskyss i tenesteområde skule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Tiltaket er eitt av tiltaka med høgast økonomisk effekt. Det er vurdert at kommunen kan bruke 9,8 årsverk mindre i 2030, dersom tiltaket blir gjennomført. Behovet for tal klassar i ny felles skule haust 2027 er 4 færre enn dersom skulane held fram som i dag.

Ut frå ei heilskapleg vurdering vil kommunedirektøren foreslå at Seim skule blir lagt ned og elevane overført til Alversund skule.

Tiltak 5: Leggje ned Grasdal skule og flytte elevane til Knarvik barneskule

Grasdal skule saman med Knarvik barneskule	333 elevar
Pedagogisk kapasitet Knarvik barneskule	450 elevar
Tal klasserom	21 klasserom

Behov etter samanslåing	14 klasserom
Tal klassar utan samanslåing	18 klassar
Innsparing årsverk 2027/28	6,4 årsverk
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 600 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 25 - 55 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Skulen har ikkje vore foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Grasdal skule blir slått saman med Knarvik barneskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Grasdal skule og overføre elevane til Knarvik. Dette for å redusere overkapasitet.

Knarvik barneskule er godkjent for 450 elevar. Saman med elevane frå Grasdal og eventuelt Flatøy er det venta eit elevtal på maksimalt 350 elevar ved Knarvik barneskule frå neste skuleår.

Det er venta eit stabilt elevtal ved Grasdal skule dei komande fem åra, med ein lita auke på 10 elevar i 2030. Det er venta at elevtalet ved Knarvik barneskule vil halde fram med å gå ned.

Dersom dei to skulane blir slått saman, vil dei ha behov for 14 klasserom hausten 2027. Kvar for seg vil dei ha 18 klassar. Venta innsparing i tal årsverk er også i dette tiltaket berekna å utgjere 6,4 årsverk, knytt til reduksjon i stillingar til undervisning, skulefritidsordninga og leiing.

I høve til skuleskyss, vil tiltaket medføre ein auka kostnad på omlag 600 000 kroner. Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Grasdal er berekna til omlag 25 - 55 minutt. Det er fleire av elevane som i dag kan gå til skulen på Grasdal som må ha buss til Knarvik. Det må samarbeidast med Skyss om korleis ruteplanlegginga for denne transporten eventuelt skal gjennomførast, om det er mogeleg å redusere reisetida for elevane med lengst skuleveg og kva busstopp som skal nyttast til barneskuleelevane frå Grasdal til Knarvik barneskule.

Barnets beste vurdering

Elevane frå Grasdal skulekrins vil få lengre skuleveg dersom dei skal til Knarvik på skule, og dei som i dag kan gå til skulen på Grasdal må ta buss. Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Grasdal er berekna til omlag 25 - 55 minutt. For nokre elevar vil dette vere tett opp mot eller over rettleiande ramme for reiseveg for elevar i barneskulealder. Særleg gjeld dette dei yngste elevane. Berekningane er førebelse, og

kommunen vil vere i dialog med Skyss om moglege alternativ for å redusere denne reisetida dersom tiltaket blir vedtatt.

Ved å gjennomføre dette tiltaket får elevane som i dag høyrer til Grasdal skulekrins tilhøyrse til Knarvik ungdomsskule. Dette i motsetnad til i dag, der dei høyrer til Meland ungdomsskulekrins. Dersom tiltaket skal gjennomførast, vil det vere aktuelt å vurdere ein overgangsperiode for iverksetjing av dette, og at endringa til dømes berre skal gjelde nye elevar på ungdomsskulen. Elevar som har starta på Meland ungdomsskule kan få høve til å halde fram i klassen sin, og unngår å måtte byte til ny klasse i løpet av ungdomsskuletida. Gjennom høyringsperioden vil administrasjonen hente inn synspunkt frå elevrepresentantar om kva dei vurderer er best.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Skulen har ikkje vore foreslått avvikla i tidlegare prosessar før saksframlegget vart presentert i januar 2026. Innbyggjarar, føresette, elevar og tilsette, har ikkje vore førebudd på at tiltaket kunne bli foreslått, og det vart pårekneleg møtt med stor uro.

Elevane seier i medverknadsprosessar at dei er uroa for å miste vener og for endringar i klassesamansetjing dersom skulen vert lagt ned. Dei peikar på behovet for å halde fram i same klasse, ha kjende og trygge vaksne rundt seg og sikre nok lærarar og assistentar, særleg for elevar med særskilde behov. For å skape tryggleik ønskjer dei tidleg informasjon, besøksdagar, mjuk oppstart og aktivitetar som styrkjer fellesskapet. Elevane understrekar at Grasdal skule har stor verdi for bygda og det lokale miljøet.

Elevane er bekymra for lengre og meir krevjande reiseveg, fulle bussar, små busstopp og mindre trygg skuleveg. Dei fryktar tidlege morgonar og mindre tid til fritidsaktivitetar, vener og kvile. Særleg dei yngste kjenner seg utrygge på transporten. Elevane foreslår betre og meir direkte skuleskyss, seinare skulestart, kortare dagar i starten og færre lekser for å lette overgangen.

Mange av elevane på Grasdal er i dag del av dei same fritidsaktivitetane, innan idrett, musikk- og kulturliv, som elevane på Sagstad skule.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Det er vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Skulane må i god tid samarbeide om å planlegge avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny skule, og at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Relevant planarbeid i Grasdal krins

Grasdal skule ligg sentralt i Austebygda på Holsnøy. Det er kort veg til Frekhaug og E39. Om lag halvparten av innbyggjarane i Austebygda bur i nyare bustadfelt på Moldekleiv og i gangavstand til skulen. Ved sidan av skulen er det ein barnehage, eit bedehus og ein fritidspark med ballbinge, frisbee-golf, BMX- og skøytebane, leikeapparat og benkar. Til saman utgjør dette eit sentrum i bygda. Skulen vart utvida i 2016.

Austebygda soknar til Frekhaug lokalsenter. Mange av borna i bygda er sterkt knytt til borna på Sagstad skule i form av mellom anna felles idrettslag, korps og kulturskule.



Foto:

Grasdal skule, friområde og byggefeltet Moldekleivmarka og Heiane. Kjelde: FAU Grasdal

Gymsalen på skulen er i bruk på kveldstid til ulike idretts- og kulturtilbod. Alver kulturskule har eit avgrensa tilbod på Grasdal skule. Mange av elevane er aktive i Kvernbit idrettslag (Sagstad) og i Sagstad skulekorps. Skulen er ein viktig samlingsplass for bygda, som til dømes samlingar for 17. mai-tog og feiring på skuleplassen.

Til tross for sentral plassering har det vore lite utbygging av bustader i Austebygda dei siste 10 åra. Dette skuldast i hovudsak krav i kommuneplanen om opparbeiding av trygg skuleveg. Ny veg er regulert og bygginga byrjar i april 2026.

Vedtekne reguleringsplanar:

Fv. 5310 Fosse Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset

- Vedteke 05.06.2024

- Prosjektet omfattar ny veg frå Fossekrysset til Moldekleiv/Grasdal skule. Langs heile vegen vert det bygd gang- og sykkelveg, samt justering av eksisterande avkøyrslar, kryss og haldeplassar.
- Prosjektet løyser rekkjefølgjekrav om trafikkssikker skuleveg for alle utbyggingsområde langs Ådlandsvegen
- Status: Byggestart april 2026

Reguleringsplanar under arbeid:

Sundet og Midtsundet, gbnr. 326/132 m.fl.

- Oppstart: 2022
- Reguleringsendring av to gjeldande reguleringsplanar
- Tal på nye bueiningar: 79
- Status: Plan er under arbeid

Bustadareal i kommuneplanen sin arealdel

B11

- Lagt inn i kommunedelplan for Meland 2014
- Krav til detaljregulering.
- Areal: 29,5 dekar
- Tal på nye bueiningar: ukjent
- Framlegg om å ta ut området i ny KPA


B17

- Sett av til bustadføremål i KPA for Meland 2014
- Krav om detaljregulering
- Areal: om lag 75 dekar
- Tal på bueiningar: ukjent
- Vidareført med mindre justeringar i framlegg til ny KPA

Nærliggjande planar utanfor dagens skulekrins

Fossesjøen

- Detaljreguleringsplan vedteken 24.06.2022
- Areal: 141 dekar
- Tal på nye bueiningar 164
- Ny veg Fv. 5310 Fossekrysset-Moldekleiv, som er under bygging, vil realisere trafikkssikker skuleveg frå planområdet til Grasdal skule



Skjermdump over viser utsnitt søre del av Austebygda i framlegg til ny KPA til 1. gongs høyring. Lysegule område er eksisterande areal avsett til bustader.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Grasdalen som bygd, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiljar som vurderer å busette seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiljar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.

- Skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, knytt til skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader, blir i større grad flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Grasdal.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Det vil bli viktig å avklare kva bygget skal brukast til vidare, for å sikre best mogleg informasjon til innbyggjarane i bygda.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Alle elevane må ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Grasdal kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.

- Endringa vil medføre at elevane frå Grasdalen krins får tilhøyrse til ny ungdomsskulekrins, frå tidlegare Meland ungdomsskulekrins til Knarvik ungdomsskulekrins.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon i kommunal regi og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Tiltaket vil innebere ei svekking av kvalitetar i bygdene knytt til Grasdalen skule, då mykje aktivitet og nærmiljøkvalitetar er samla rundt skuleanlegget. Skulen er ein viktig møteplass for innbyggjarane i bygda, og særleg gjeld dette familiar med barn i barneskulealder. Grasdalen skule har gode fasilitetar til opplæring og fysisk aktivitet både inne og ute.

Fleire av barna og dei unge deltek i kultur- og fritidsaktivitetar i skulen. Dersom bygget ikkje skal brukast til skule vidare, må det greiast ut kva som er mogleg alternativ bruk av bygget.

Dersom skulen blir lagt ned, vil ein del av møtepunkta gjennom året knytt til skuleaktivitetar truleg bli lagt til den nye skulen for elevane. Med dette vil samlingar i regi av skulen gå føre seg utanfor den bygda elevane kjem frå. Slik er det for fleire av elevane i kommunen den dag i dag, men dette vil bli ein konsekvens for elevar og foreldre frå Grasdalen krins dersom skulen blir lagt ned.

Det er planlagt fleire utbyggingsprosjekt i området, og det er optimisme i forhold til auka folkevekst. Dersom skulen blir lagt ned, kan dette svekke vidare folkevekst i krinsen.

Knarvik barneskule vil ha kapasitet til å ta i mot fleire elevar frå Grasdalen enn det tal elevar skulen har i dag, slik at Knarvik barneskule har også kapasitet til å møte folkevekst i noverande Grasdalen skulekrins.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling. Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og

svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god planlegging av overgangen.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis organisere mest mogleg effektiv skulereise for dei elevane som får lengst skuleveg. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning til skuleskyss i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss Grasdal skule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Tiltaket er eitt av dei tiltaka som gir størst økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar, men må vurderast opp mot tilhøyrsløse, reiseveg og lokalsamfunn. Behovet for tal klassar ved ny felles skule vil vere redusert med fire klassar frå haust 2027.

Ut frå ei heilskapleg vurdering vil kommunedirektøren foreslå at Grasdal skule blir lagt ned og elevane overført til Knarvik barneskule.

Tiltak 6: Flytte elevane frå Flatøy som går på Sagstad skule til Knarvik barneskule

Elevar busette på Flatøy blir overført til Knarvik skulekrins	Ca. 40 elevar
Auka kostnad skuleskyss	80 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 10-15 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Endringa er ikkje foreslått i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Flatøy blir inkludert i Knarvik barneskulekrins.

Tiltaket inneber at elevar i barneskulealder som er busette på Flatøy blir overført til Knarvik barneskule. I dag høyrer Flatøy til Sagstad skulekrins. Med eventuell avvikling av skuledrift ved Grasdal skule finn kommunedirektøren det naturleg at også Flatøy høyrer til framtidig Knarvik barneskulekrins.

Barnets beste vurdering

Endringa vil innebere at elevar frå Flatøy må ut av eksisterande klasse/gruppe på Sagstad skule og starte opp ved ny skule. I motsetnad til dei andre tiltaka som er foreslått frå kommunedirektøren si side, vil desse elevane ikkje ha følgje med resten av klassen sin. Dette kan opplevast som ein særleg inngripande situasjon for dei barna det gjeld.

Eit kompensierende tiltak kan vere å vedta at endringa skal gjennomførast fram i tid, og at det då skal gjelde for skulestartarar. Med det kan familiane førebu barna på kor dei skal gå

på skule og eventuelt søkje barnehageplass i Knarvik krins, dersom dei ønskjer at barnet skal gå i barnehage med andre barn som skal gå på Knarvik barneskule.

Det er behov for å få innspel i høyringsrunden på konsekvensar av ei gradvis flytting for elevane som bur på Flatøy, til dømes 1.-4.trinn, til Knarvik barneskule. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Sjølv om vi vurderer at ungdommane som bur på Flatøy har tilhøyrse i felles sosiale arenaer, ungdomsklubbar og fritidsaktivitetar også med ungdommar i Knarvik, vil flytting av elevane til Knarvik medføre eit skifte av kva for ungdomsmiljø elevane kjenner tilhøyrse til. Eit større sosialt miljø kan vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø.

Elevane på Flatøy seier i medverknadsprosessar at dei ønskjer sterkt å halde fram på Sagstad skule saman med venene sine, og dei fryktar at eit skulebyte vil svekkje trivsel, tryggleik og etablerte sosiale miljø. Dei opplever dagens reiseveg som god og ser ikkje behov for endring. Skulevegen til Knarvik blir vurdert som meir stressande, med mindre søvn og praktiske utfordringar for fritidsaktivitetar og familieliv. Elevane meiner òg at splitting av søsken og brot i lokale nettverk vil vere uheldig.

Grunna elevane si oppleving av utryggleik for korleis familieliv, fritidsaktivitetar og skulemiljøet deira vil bli etter ein overføring til ny skule som følgje av endring av skulekrins til Knarvik, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Det at elevar frå Flatøy må ut av eksisterande klasse/gruppe på Sagstad skule og starte opp ved ny skule vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Det er vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere barnets beste. Skulane må i god tid samarbeide om å planleggje avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikrar at elevane blir kjent med ny skule, og sikrar at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Tiltaket vil frigjere kapasitet ved Sagstad skule. Elevar frå Grasdal krins og Flatøy vil høyre til same skulekrins og vil ha skuleveg i same retning.
- Endringa vil medføre at elevane frå Flatøy får tilhøyrse til ny ungdomsskulekrins, frå tidlegare Meland ungdomsskulekrins til Knarvik ungdomsskulekrins.

- Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar. Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til Knarvik, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Frekhaug-området.

Samla vurdering

Dersom Grasdal skule blir lagt ned og elevane overført til Knarvik barneskule vil det vere naturleg å vurdere om elevane som bur på Flatøy også skal høyre til Knarvik skulekrins. Dette fordi elevane frå Flatøy er nærare geografisk plassert Knarvik enn elevane frå Grasdal krins. Knarvik ungdomsskule har kapasitet til å ta imot elevane frå Flatøy og Grasdal skule.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skulemiljøet deira vil bli etter overføring til ny skule som følgje av endringa av skulekrins til Knarvik, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Dersom tiltaket skal gjennomførast, kan det vere aktuelt å vurdere ein overgangsperiode for iverksetjing av dette, og at endringa berre skal gjelde nye elevar frå Flatøy. Det er vurdert som meir inngripande for ein elev å til dømes gå ut av eksisterande klasse ved Sagstad skule for å starte i ein ny klasse på Knarvik barneskule, enn for elevar å byte skule saman med klassen sin.

Gjennom høyringsperioden vil administrasjonen hente inn synspunkt frå representantar for elevar og føresette om kva dei vurderer er best. Eventuell iverksetjing og overgangsperiode kan vurderast etter gjennomført høyringsperiode.

Kommunedirektøren vil foreslå at elevane frå Flatøy blir overført til Knarvik skulekrins. Flatøy ligg midt mellom Frekhaug og Knarvik, og kan definerast som ei bygd. Dersom Grasdal skule blir lagt ned og elevane overført til Knarvik barneskule, finn kommunedirektøren det naturleg at elevane frå Flatøy også høyrer til Knarvik skulekrins. Vurderinga er knytt til geografisk plassering og avstand til Knarvik.

Tiltak 7: Flytte elevane frå Vestbygd skule til Rossland skule

Vestbygd skule saman med Rossland skule (barnetrinnet)	200 elevar
Pedagogisk kapasitet Rossland skule	350 elevar
Tal klasserom	14 klasserom
Behov klasserom etter samanslåing	11 klasserom i 2027, 10 klasserom i 2028 og 9 klasserom i 2030
Tal klassar utan samanslåing	13 klassar

Innsparing årsverk 2027/28	4,2 årsverk hausten 2027, aukar til 5,3 årsverk i 2028 og 6,4 årsverk i 2030
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 500 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-40 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Vestbygd skule var presentert som eit mogleg tiltak, men då slått saman med Sagstad skule. Tiltaket vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Vestbygd barneskulekrins blir slått saman med Rossland skulekrins.

Tiltaket inneber å samle elevane frå Vestbygd skule og barnetrinnet på Rossland skule til ein felles barneskule på Rossland.

Rossland skule er godkjent for 350 elevar, og saman med elevane frå Vestbygd skule vil venta elevtal vere 200 frå hausten 2027. På kort sikt (dei komande fem åra) er det venta at elevtalet ved Vestbygd skule vil halde seg stabilt på omlag 100 elevar, medan barnetrinnet på Rossland skule vil få ein nedgang i perioden, ned mot 83 elevar i 2030.

Dersom barnetrinna ved desse to skulane blir slått saman, vil dei ha behov for 11 klassar, medan dei kvar for seg vil dele elevane i 13 klassar. Dette utgjer ei venta innsparing på to klassar, og ein samla reduksjon i årsverk på 4,2 årsverk. Innsparinga er knytt til undervisningsstillingar, tilsette i skulefritidsordninga og leining. Det er berekna at effekten i forhold til innsparing vil auke til 5,3 årsverk i 2028 og 6,4 årsverk i 2029.

Ei eventuell samanslåing av desse to barneskuletrinna vil føre til auke i kostnader til skuleskyss, og er på noverande tidspunkt stipulert til omlag 500 000 kroner. Dette er knytt til at fleire av elevane frå Vestbygd skule som i dag kan gå til skulen, må ta buss til Rossland.

Elevane frå Vestbygd skule reiser i dag til Rossland skule for symjeopplæring i bassenget der. Kompetansemål innan symjeferdigheiter er i hovudsak lagt til 4. og 7.trinn, og er ei viktig opplæring i barneskulen.

Barnets beste vurdering

Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Vestbygd er om lag 15-40 minutt. Reisetida til og frå skulen ligg innafor den tida som Vestland fylkeskommune anbefaler for elevar på 1.-4. og 5.-7. trinn.

Dersom tiltaket blir gjennomført vil elevane halde fram med å gå på ungdomsskule samla som i dag, men lokasjon for ungdomsskulen vil avhenge av om det blir vedtatt å bruke Vestbygd ungdomsskule som ny ungdomsskule for elevane frå Rossland og Frekhaug. I så fall blir elevgrunnlaget knytt til ungdomsskuletrinnet styrka. Rossland skule åleine vil venteleg ha nedgang i tal ungdomsskuleelevar i åra som kjem, ned mot knappe 80 elevar i 2036.

Elevane frå Vestbygd og Rossland deltek på fritidsaktivitetar saman den dag i dag, og dette kan halde fram også etter ei eventuell samanslåing. Mange av elevane på Vestbygd er i dag del av det same musikk-, idretts- og kulturliv som elevane på Rossland.

Ingen av desse to skulebygga er foreslått avvikla som skule i kommunedirektøren sitt framlegg, så all fritidsaktivitet kan halde fram som i dag, sjølv om barneskuletrinna blir slått saman. Ei avvikling av Vestbygd skule vil ikkje medføre eit skifte av ungdomsmiljø for elevane.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø. Fleire er positive til nye vener, og eit større sosialt miljø vil difor vere positivt.

Elevane på Vestbygd seier i medverknadsprosessane at dei ønskjer å bli verande i eit trygt og kjent miljø med faste vaksne, tradisjonar og gode venskap. Dei er positive til nye vener, men uroa for at for mange elevar kan gi trange og uoversiktlege forhold, særleg for dei som treng ekstra støtte. Dei fryktar lengre og meir krevjande reiseveg til Rossland, med tidlege morgonar, fulle bussar og utrygge busstopp. Elevane ønskjer god skuleskyss, mjuk overgang og at klassane får halde fram som dei er, og meiner at dersom skulane skal slåast saman, bør Rossland-elevar kome til Vestbygd. Dei framhevar at skulen har godt tilrettelagt uteområde med ballbinge, akebakke og leikeapparat.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.


Det er vurdert at tiltaket bidrar til ein samla positiv økonomisk effekt for kommunen, noko som igjen bidrar til å styrke kvalitet og innhald i dei skulane som utgjer den framtidige skulestrukturen i kommunen. Skulane må i god tid samarbeide om å planleggje avbøtande tiltak. Formålet med samarbeidet er å ta vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny organisering av skulen, og at elevar på begge skulane blir kjent med eventuelle nye lærarar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

[Relevant planarbeid i Rossland krins](#)

Bilete under viser utsnitt av Vikebø i framlegg til ny KPA til 1. gongs høyring. Det er god bustadreserve på Vikebø. I framlegg til KPA er det tilbakeført noko areal til LNF, men det er framleis svært god arealreserve.

Vikebø er definert som nærsenter i Alver. Det er stor bustadreserve i dette området, men rekkefølgekrav knytt til Fv. 564 Fløksand-Vikebø har bremsa utviklinga i området. Reguleringsplan for Fv. 564 Fløksand-Vikebø vart vedteken i 2023 og tiltaket ligg inne i Nordhordlandspakken med planlagt byggjestart i 2028.



Skjermdump over viser utsnitt av Vikebø i framlegg til ny KPA til 1. gongs høyring. Det er god bustadreserve på Vikebø, i framlegg til KPA er det tilbakeført noko areal til LNF, men det er framleis svært god arealreserve.

Vedtekne reguleringsplanar:

Bergotunet

- Vedteke 2014
- Tal på nye bueiningar 12, i tillegg til sentrumsfunksjonar
- Status: Ukjent

Områdeplan Rylandshøgda

- Vedteke 2020
- Tal på nye bueiningar ca 80
- Status: Ukjent

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Holme som nærmiljø for småbarnsfamiliar, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.

- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til barneskule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Det å flytte barneskulen til Rossland kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i Vestbygd krins, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Skulebygget er foreslått omgjort til ungdomsskule, som kan bidra til å oppretthalde aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentleg tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Samstundes vil ein ungdomsskule ikkje fullt ut erstatte barneskulen si rolle som møteplass for familiar med barn i barneskulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader relatert til denne aldersgruppa i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Endringa kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi barneskulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Vestbygd krins.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som ungdomsskule, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt skulen på Rossland.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til Rossland.
- Endringa kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.

- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Vestbygd og Rossland skule kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket fører ikkje til endring i forhold til tilhøyrse til ungdomsskulekrins.
- På Rossland skule har elevane tilgang på basseng, og barneskuleelevane kan få symjeopplæring utan reisetid og ekstra kostnad til transport.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som ungdomsskule og kommunen unngår å investere i ny ungdomsskule på Frekhaug.
- Det kan bli viktig å sikre formelle avtalar om bruk av bygget til frivillige lag, arrangement og nærmiljøaktivitetar, slik at innbyggjarane framleis opplever at bygget er tilgjengeleg for bygda.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Dersom Rossland skule blir omgjort til ein barneskule for elevane frå Rossland og Vestbygd skulekrinsar samstundes som det blir etablert ungdomsskule i Holmemarka, vil det framleis vere skuledrift i begge bygga. Tiltaket inneber at det blir oppretthalde skule i Vikebø nærsenter, men at ungdomstrinnet blir flytta til Holmemarka.

Felles barneskule på Rossland er berekna å ha omlag 200 elevar ved skulestart august 2027, og ha god kapasitet til vidare vekst i området.

Elevar og familiar busette i Holmemarka vil kunne oppleve at skulen som møteplass for småbarnsfamiliar i bygda vil endre karakter og innhald dersom det blir ein ungdomsskule i feltet. Aktivitetar og samlingar i regi av barneskulen vil truleg bli arrangert på Rossland.

I vurderinga av barnets beste er det vektlagt at reisetid til og frå skulen er innafor rettleiande maksimal reisetid og at endringa ikkje vil få konsekvensar for

ungdomsskulemiljøet. Elevane vil ha same tilgang på fritidsaktivitetar som før, men får eit større sosialt miljø med moglegheit for fleire vener.

Barnets beste vurderinga uttrykkjer at tiltaket ikkje vil vere til barnets beste. Dette grunna elevane si oppleving av ein meir krevjande reiseveg til og frå skulen, uro for korleis skuledagen deira vil bli etter avvikling av Vestbygd skule, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Ved å ta i bruk Vestbygd skule som felles ungdomsskule for elevane frå Meland ungdomsskule og Rossland ungdomsskule, kan kommunen unngå investeringskostnader til etablering av ny ungdomsskule på Frekhaug.

Lengre skuleveg for fleire av elevane frå Vestbygd til Rossland vil vere ein negativ faktor ved å gjennomføre tiltaket. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar, og særleg gjelde dette elevar og familiar busette i dagens Vestbygd skulekrins.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning til skuleskyss i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss Vestbygd skule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Tiltaket er eitt av dei tiltaka som gir stor økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar, men må vurderast opp mot tilhøyrsløse, reiseveg og lokalsamfunn.

Ut frå ei samla vurdering vil kommunedirektøren foreslå at elevane frå Vestbygd skule blir flytta til Rossland skule, og med det slå saman barneskuletrinna for desse to skulane.

Tiltak 8: Etablere ungdomsskule for elevane frå Meland ungdomsskule og Rossland skule på Vestbygd skule

Rossland u saman med Meland u på Vestbygd skule	319 elevar
Pedagogisk kapasitet Vestbygd skule	275 elevar
Tal klasserom	10 store, ev. 14 små
Behov klasserom etter samanslåing	12 klasserom i 2027, 11 klasserom i 2028, 10 klasserom i 2029 og 9 klasserom i 2030
Tal klassar utan samanslåing	12
Innsparing årsverk 2027/28	1 årsverk i 2027, aukar til 2,1 årsverk i 2028, 3,2 årsverk i 2029 og 4,3 årsverk i 2030
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 125 000 kr.
Førebel's berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-60 min.
Investeringsbehov	Flytte paviljong frå Frekhaug, etablere rom til naturfag. Stipulert kostnad: Ca. 8 mill. kr.

Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Avvikling av Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet på Rossland var presentert som mogleg tiltak ved etablering av ein stor felles ungdomsskule i Knarvik. Tiltaket vart ikkje vedtatt. Kommunestyret har sett av midlar til prosjektering av ny ungdomsskule på Frekhaug.
Konsekvens skulekrins	Det blir etablert ein ungdomsskulekrins for barneskulane Rossland og Sagstad. Avhengig av andre tiltak, mogleg også Grasdal

Tiltaket inneber å samle elevane frå Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet frå Rossland skule til ein felles ungdomsskule på Vestbygd.

Dersom Vestbygd skule blir omgjort til ein ungdomsskule for elevane frå Meland ungdomsskule og Rossland skule, vil skulen ha ein kapasitet på 278 elevar. På sikt er det vurdert at dette vil vere tilstrekkeleg kapasitet til denne elevgruppa, medan dei første åra vil skulen ha behov for å få tilført eit tilleggsareal. Det er venta at det vil vere omlag 320 elevar ved skulen frå hausten 2026. Det vil vere mogeleg å flytte paviljong som i dag er oppført ved Meland ungdomsskule til Vestbygd, og slik sikre tilstrekkeleg undervisningsareal dei første åra etter samanslåing. Etter kvart som behovet blir redusert, kan bruk av paviljong som tilleggsareal fasast ut.

Ved ei eventuell samanslåing vil det vere mogeleg å redusere ressursane knytt til leiling. Samla sett er det stipulert ei venta innsparing på 1 årsverk første året, og at innsparinga vil bli større i åra som kjem, knytt til venta reduksjon i tal klassar. Det er berekna at skulen vil ha nedgang med ein klasse årleg frå 2028 til 2030, noko som gir ei samla innsparing på 4,3 årsverk i 2030.

Vestbygd skule har fine kvalitetar til bruk som ungdomsskule og skiljeveggar mellom undervisningsromma gjer at dei med enkle grep kan gjerast større. Skulen har gymsal, spesialrom og eit flott uteareal med ballbinge.

Barnets beste vurdering

Ved at elevane frå Rossland skule og Meland ungdomsskule skal gå på ungdomsskule på Vestbygd skule, vil fleire elevar enn i dag få behov for skuleskyss.

Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Frekhaug og Rossland er berekna til 15-60 minutt, som vil vere innafor i forhold til tilrådd ramme for reisetid for elevar i ungdomsskulealder, etter Skyss sine berekningar.

I høve til fritidsaktivitetar vil elevane i stor grad kunne halde fram med dei som i dag. Venteleg vil dei fleste elevane dra til Rossland, Meland aktiv eller Knarvik for idrettsaktivitetar, delta i kulturaktivitetar i ein av lokasjonane eller også dra ut av kommunen for å delta i ulike aktivitetar i Åsane og Bergen. Eventuell anna disponering av Grasdal skule vil også verke inn på tilbodet til elevane frå Rossland, Vestbygd og skulane nær Frekhaug.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Vi vurderer ungdomsmiljøet utvida som eitt for Rossland og Frekhaug-området, og at ungdommane har tilhøyrse i felles sosiale arenaer og fritidsaktivitetar. Vi vurderer likevel at ei flytting av Meland ungdomsskule og Rossland ungdomsskule til Vestbygd skule vil medføre eit skifte av kva for ungdomsmiljø elevane kjenner tilhøyrse til. Eit større sosialt miljø kan vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivst i mindre miljø.

Elevane på Meland og Rossland seier i medverknadsprosessane at dei er svært uroa for at ei nedlegging vil gi eit utrygt og meir krevjande skulemiljø, med større og mindre oversiktlege grupper, meir bråk og risiko for mobbing. Dei meiner mindre skular gir betre oppfølging, særleg for dei som treng ekstra støtte, og at tryggleik og klassekontinuitet er avgjerande. Dei fryktar òg lengre og meir krevjande reiseveg med tidlege morgonar, trøytteleik, utrygg skuleskyss og mindre tid til fritid og kvile. For fleire kan reisetida bli lang. Elevane foreslår betre skyss, eigne bussruter og at klassar og lærarar blir haldne samla for å sikre stabilitet.

Grunna elevane si oppleving av ein meir krevjande reiseveg til og frå skulen, oppleving av uro for korleis skuledagen, skulemiljøet og fritida deira vil bli etter ein samanslåing av skulane, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Lengre skuleveg og fleire elevar som må ta buss, vil vere negative faktorar for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Skulane må i god tid samarbeide om å planlegge avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny skule, og at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Relevant planarbeid i Vestbygd krins



Foto: Vestbygd skule. Kjelde: alver.kommune.no

Vestbygd skule ligg i Holmemarka på vestsida av Holsnøy, om lag 7 min. køyring frå Frekhaug. Holme er ein kulturhistorisk viktig stad på Holsnøy, fyrst og fremst som trafikknutepunkt med tilhøyrande aktivitet. Sidan 1980-talet har det blitt etablert mange eiebustadar i området Holme-Hjertås.

I bygda er det mellom anna nærbutikk, barnehage, kulturhus og ungdomshus. Framo AS er ein viktig lokal arbeidsgjevar med ei større industriverksemd på Hjertås. Holme soknar til Vikebø nærsenter, og mange av elevane er medlem i Nordre Holsnøy Idrettslag

Trafikksikker kryssing av fv. 564 Rosslandsvegen i form av ny undergang for gåande og syklende var det fyrste realiserte prosjektet i Nordhordlandspakken. Holme manglar trygt tilbod for gåande og syklende til Frekhaug. Ved realisering av ny fv. 564 Fløksand-Vikebø vil det vera samanhengande gang og sykkelveg frå Hjertås til Vikebø og Rossland skule. Antatt byggestart er 2028.

Vedtekne reguleringsplanar:

Øvre Holsbergstien

- Vedteke 2017
- Tal på nye bueiningar 60
- Status: Ukjent

Holme

- Vedteke 2023
- Tal på nye bueiningar: 20
- Status: Ukjent

Bustadareal i kommuneplanen sin arealdel

B48

- Framlegg til nytt bustadareal
- Areal: 3,9
- Tal på nye bueiningar: ukjent

B49

- Framlegg til nytt bustadareal
- Areal: 6,3 dekar
- Tal på nye bueiningar: ukjent

Bilete over viser utsnitt av Frekhaug i framlegg til ny KPA til 1. gongs høyring. I Frekhaugområdet er det stor bustadreserve i gjeldande planar. Nytt bustadareal i planframlegget er område B47, Loneren i Frekhaug sentrum.

Vedtekne reguleringsplanar:

- Vedteke 2025
- Tal på nye bueiningar ca. 400-600, krav om detaljplan
- Status: Ukjent

- Vedteke
- Tal nye bueiningar ca. 70
- Status: Oppstart byggesak

- Vedteke 2026
- Tal nye bueiningar 32

- Status: Ukjent

Fossesjøen

- Vedteke 2022
- Tal nye bueiningar 164
- Annonsert byggestart

Reguleringsplanar i prosess:

Områdeplan for Dalstø Mjåtveitstø

- Skal til 2. gongs behandling i 2026
- Tal nye bueiningar, detaljregulert 250 + ca. 500 i neste plantrinn

Detaljplan for Loneren

- Planarbeid i oppstartfase
- Tal nye bueiningar 52

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av ungdomsskulen kan svekkje Frekhaug som lokalsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø. Det vil framleis vere ein privat ungdomsskule i lokalsenteret.
- Tiltaket kan påverke senteret sin attraktivitet for familiar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til kommunal ungdomsskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til ungdomsskule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Det å flytte den kommunale ungdomsskulen ut av lokalsenteret, kan føre til bekymring for stagnasjon i folketalsutvikling, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barne- og ungdomsskule.
- Skulen si rolle som møteplass for ungdom med føresette blir svekka, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda eller lokalsenteret.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.

- Foreldre, barn og ungdom kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Frekhaug.
- Dei fleste elevane kan halde fram med fritidsaktivitetar som i dag.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheter.
- Ungdomane får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må i stor grad ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Meland ungdomsskule og Rossland skule kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket vil innebære at ungdomsskulekrinsane for Meland ungdomsskule og Rossland skule blir slått saman.
- Alternativ bruk av skulebygget på Frekhaug bør avklarast tidleg, for å sikre mest mogleg informasjon til innbyggjarane om vidare planar.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket.

Ved å etablere ein ungdomsskule på Vestbygd skule vil det vere mogleg å samle elevane frå Frekhaug og Rossland til ein skule midt mellom dei to ungdomsskulane som eksisterer i dag. Samla elevtal vil vere til gunst i forhold til venta utvikling knytt til demografi. Med dette kan planlegging av ny ungdomsskule på Frekhaug gå ut, og kommunen kan vurdere alternativ bruk av tomta på Frekhaug, eventuelt å selje tomta.

Ved å flytte elevane frå Meland ungdomsskule til Vestbygd skule, vil det ikkje lenger vere ein kommunal ungdomsskule i lokalsenteret på Frekhaug. Tilsvarande vil det på Rossland heller ikkje vere ein ungdomsskule i nærsenteret på Vikebø. I staden blir det etablert ein ungdomsskule midt mellom dei to sentra. Det kan vere uheldig for vidareutvikling av Frekhaug som lokalsenter å ikkje ha ungdomsskule i sentrum slik det er i dag.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

I økonomiplanen for Alver kommune 2026-2029 er det sett av planleggingsmidlar til ny ungdomsskule på Frekhaug, men det er ikkje lagt inn finansiering av byggjekostnader. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen har administrasjonen vurdert det å samle ungdomstrinna på Meland ungdomsskule og Rossland skule som eit mogleg alternativ til å byggje ny skule på Frekhaug.

Endeleg vurdering i saka må bli sett opp i mot at ein ny ungdomsskule vil ha ein meirverdi for utviklinga av lokalsenteret Frekhaug, og at ein ny skule vil opne for sambruk også til aktivitetar på fritida til elevar og innbyggjarar.

Innbyggjarar, elevar og føresette har venta i mange år på ny ungdomsskule på Frekhaug, og venteleg vil mange bli skuffa over kommunedirektøren sitt framlegg om å leggje desse planane på is. Dette har kommunedirektøren stor forståing for.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er elevane si uro for at ei nedlegging vil gi eit utrygt og meir krevjande skulemiljø, med større og mindre oversiktlege grupper, meir bråk og risiko for mobbing. Dei meiner mindre skular gir betre oppfølging, særleg for dei som treng ekstra støtte, og at tryggleik og klassekontinuitet er avgjerande. Dei fryktar òg lengre og meir krevjande reiseveg med tidlege morgonar, trøytteleik, utrygg skuleskyss og mindre tid til fritid og kvile.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss til Meland ungdomsskule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Tiltaket er det tiltaket som gir størst økonomisk effekt grunna moglege investeringskostnader til ny ungdomsskule på Frekhaug som kan gå ut. Tiltaket reduserer også overkapasitet i elevplassar og gir innsparing i forhold til behov for tilsette i tenesteområde skule, men må vurderast opp mot tilhøyrslø, reiseveg og lokalsamfunn.

Momenta som er presentert i saka viser at det vil vere mogleg å redusere tal skular og samstundes ta i vare kvalitet og behov knytt til bygg og nærmiljø.

Ut frå dei samla vurderingane finn kommunedirektøren det sannsynleg at kommunen kan drifte eit godt ungdomsskuletilbod i denne delen av kommunen utan å byggje ny ungdomskule på Frekhaug, og vil difor foreslå at denne prosessen blir stoppa.

Vidare foreslår kommunedirektøren til at det blir etablert ein felles ungdomsskule for elevane frå Meland ungdomsskulekrins og Rossland skulekrins på Vestbygd skule.

Tiltak 9: Etablere 1-10 skule på Ostereidet

Ostereidet skule som 1-10 skule	
Innsparing årsverk 2026/27	1 årsverk
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Vedtak om moglegheitsstudie 1-10 skule på Ostereidet i barnehage- og skulebruksplanen.
Konsekvens skulekrins	Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for tilhøyrse til ungdomsskulekrins.

Tiltaket inneber å samle Ostereidet barneskule og Ostereidet ungdomsskule i ein felles skule. Skulebygga på Ostereidet ligg tett saman, og det er berre idrettsbana som skil dei i dag. Barneskulen har sambruk med ungdomsskulen på nokre av spesialromma, mellom anna mat og helse og sløyd.

Det er ikkje uvanleg å organisere skular som 1-10 skular, og Alver kommune har allereie dette etablert for Rossland skule. Vi finn også fleire døme på at kommunar slår saman to mindre skular til ein felles skule. Ei slik organisering er då ofte knytt til storleiken på skulen og geografisk avstand mellom skulane.

Opplæringslova stiller ikkje krav om at det skal vere ein rektor ved kvar skule etter samanslåing, men fastset at kommunen har ansvaret for at skulen har ei leiing som er forsvarleg. Dette er skildra med følgjande ordlyd i § 17-2. Leiing i opplæringslova:

“Skolen skal ha ei leiing som er fagleg, pedagogisk og administrativt forsvarleg.

Ein skole skal leiast av ein rektor. Rektoren skal ha pedagogisk kompetanse, ta del i den daglege verksemda og arbeide med utviklinga av verksemda. Ein rektor kan leie fleire skolar.”

Saman med elevane frå Eikanger vil Ostereidet barneskule ha i underkant av 165 elevar hausten 2027, medan ungdomsskulen då venteleg vil ha om lag 125 elevar. Dette utgjer samla omlag 290 elevar. Kommunedirektøren vurderer at denne storleiken vil vere forsvarleg å organisere som ein 1-10 skule. Kva som er forsvarleg leiingsressurs ved ein 1-10 skule på Ostereidet må vurderast, men kommunedirektøren legg førebels til grunn at kommunen kan redusere den samla leiingsressursen med eitt årsverk dersom dette blir gjennomført.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje vil vere behov for å gjennomføre ein moglegheitsstudie for etablering av ein 1-10 skule på Ostereidet, då det ikkje vil vere behov for å gjere bygningsmessige tilpassingar ved ei slik organisering. Dette i motsetnad til utgreiing av mogleg 1-10 skule på Manger og Lindås.

Barnets beste vurdering

I medverknadsprosessane knytt til mogleg samanslåing av barneskule og ungdomsskule til ein 1–10-skule har det kome fram både faglege, organisatoriske og relasjonelle moment som kan få innverknad på barnets beste. Det blir peika på at fleire store skular i Bergen har gått bort frå 1–10-modellen av pedagogiske grunnar, mellom anna knytt til ulik leseplikt og arbeidstid, og at det i praksis ofte utviklar seg to ulike kollegium. Dersom barneskule og ungdomsskule ikkje deler same bygg eller personalressursar, kan dette avgrense den faglege og sosiale samanhengen elevane møter i kvardagen.

Samstundes har skulane alt noko samarbeid, særleg knytt til overgangar mellom barneskule og ungdomsskule. Ungdomsskulen gjennomfører mellom anna idrettsdagar og anti-mobbedagar der barneskulane blir inviterte, og det har vore uttrykt ønske om kvalitet og heilskap i opplæringa. Fleire tilsette peikar likevel på at samarbeidet i dag ikkje er meir omfattande enn det som er vanleg mellom to separate skular, og at ei formell samanslåing i seg sjølv ikkje nødvendigvis vil styrkje det pedagogiske fellesskapet.

Det blir òg vist til at skulane ligg nær kvarandre og har eigna fysiske areal, noko som kan vere eit praktisk argument for endring.

Innspel og synspunkt frå elevane på Ostereidet barneskule og Ostereidet ungdomsskule vil bli henta inn i løpet av høringsperioden.

Grunna svært få praktiske endringar for elevane som følgje av ein samanslåing av skulane, er det vurdert at dette tiltaket vil vere til barnets beste.

Det er vurdert at tiltaket bidrar til ein samla positiv økonomisk effekt for kommunen, noko som igjen bidrar til å styrke kvalitet og innhald i dei skulane som utgjer den framtidige skulestrukturen i kommunen. Skulane må starte tidleg med samarbeid om å planlegge avbøtande organisatoriske tiltak som til dømes samkøying av pedagogisk personale, felles utviklingstid og andre oppgåver som blir felles. Formålet med samarbeidet er å ta vare på sårbare elevar, sikre at elevane blir kjent med ny organisering av skulen, og at elevar på begge skulane blir kjent med eventuelle nye lærarar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste.

Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa

Samfunnsmessige konsekvensar

Skuletilbodet på Ostereidet blir i stor grad vidareført som i dag, men endra organisering av drifta kan verke inn på korleis elevar, føresette og tilsette opplever skulekvardagen.

Alle aktivitetar, møtepunkt i bygda og ulike arrangement i regi av skule/bygd kan vidareførast som i dag.

Samla vurdering

Kommunen er i ein pressa situasjon økonomisk, som bidrar til at alle moglege innsparingstiltak må vurderast. Det å slå saman dei to skulane på Ostereidet er vurdert å ha avgrensa innverknad på elevane sin skulekvardag.

I vurderinga av barnets beste er det vektlagt at endringa vil få svært få praktiske konsekvensar for elevane, og at det samla sett vil vere til barnets beste.

Ved å etablere ein 1-10 skule på Ostereidet vil det vere sannsynleg at skulemiljøa på Ostereidet etter ei tid vil kunne oppleve eit sterkt profesjonsfellesskap og samlande læringsmiljø. Etablering av 1-10 skule kan vere med på å styrkje elevgrunnlaget ved begge skulane, utan å måtte flytte elevar eller tilsette frå området, og utan behov for ekstra skuleskyss.

Med bakgrunn i desse faktorane vil kommunedirektøren foreslå at moglegheitsstudie for etablering av ein 1-10 skule på Ostereidet ikkje blir gjennomført og at skulane blir samla i ein 1-10 skule.

Del 2:

Forslag om tiltak – Investering og moglegheitsstudie

Tiltak 10-16 er knytt til investeringsprosjekt eller moglegheitsstudier som kommunedirektøren foreslår å stoppe eller utsetje til fase 3 i oppfølging av barnehage- og skulebruksplanen. I det følgjande blir desse tiltaka presentert.

Tiltak 10: Rehabilitering Sæbø barnehage

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber at rehabilitering av barnehagen på Sæbø blir stoppa.
Forhold til plan og vedtak	Politisk vedtak i kommunestyret om å rehabilitere barnehagen.
Barnets beste	Barnehagen blir overført til betre lokale enn barnehagen vil få etter oppgradering. Vurdert å vere til det beste for barnehagebarna.
Samfunnsmessige konsekvensar	Skuletilbodet i bygda blir redusert, som kan føre til redusert attraktivitet og bekymring for svekka nærmiljøkvalitet.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår investeringskostnader på om lag 35 millionar kroner.
Samla vurdering	Tal ledige elevplassar i kommunen blir redusert, kommunen får redusert kostnader til skuledrift og unngår investeringskostnader til rehabilitering av barnehagen. Samla tilseier dette at tiltaket bør gjennomførast.

Tiltak 11: Ny skule på Eikanger/Fyllingsnes

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber å stoppe moglegheitsstudie knytt til planlegging og sikring av tomt til ny skule på Eikanger/Fyllingsnes.
Forhold til plan og vedtak	Politisk vedtak i kommunestyret om å setje av tomt til framtidig skule på Eikanger/Fyllingsnes samt vedtak om moglegheitsstudie ny skule i barnehage- og skulebruksplanen – fase 2.
Barnets beste	Elevane får lengre skuleveg, men større fag- og læringsmiljø. Mange av elevane kjenner kvarandre gjennom felles fritidsaktivitetar.
Konsekvensar for skulekrinsar	Eikanger skulekrins blir inkludert i ny Ostereidet skulekrins.
Samfunnsmessige konsekvensar	Elevane ved noverande Eikanger skule er foreslått overført til Ostereidet barneskule. Med det blir tal ledige elevplassar i kommunen redusert, og kommunen unngår å redusere tal lærarar i større grad enn budsjettert. Skuletilbodet i bygda blir redusert, som kan føre til redusert attraktivitet og bekymring for svekka nærmiljøkvalitet. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår kostnader til prosjektering og bygging av ny skule.
Samla vurdering	Tal ledige elevplassar i kommunen blir redusert, kommunen får redusert kostnader til skuledrift og unngår investeringskostnader til etablering av ein ny skule. Samla tilseier dette at tiltaket bør gjennomførast.

Tiltak 12: Ny Meland ungdomsskule

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber å stoppe planlegging og prosjektering av ny ungdomsskule på Frekhaug.
Forhold til plan og vedtak	Politisk vedtak i kommunestyret om å starte prosess med å regulere tomt til ny ungdomsskule på Frekhaug.
Barnets beste	Fleire elevar må ta buss til ungdomsskulen. Foreslått ungdomsskule er plassert mindre sentralt enn Frekhaug (Vestbygd skule). Det kan vere positivt for elevane å ha mindre nærleik til senteret på Frekhaug. Elevane får raskt eit betre skulebygg enn dei har i dag, med gymsal og godt utemiljø.
Konsekvensar for skulekrinsar	Rosslund ungdomsskulekrins og Meland ungdomsskulekrins blir slått saman.
Samfunnsmessige konsekvensar	Ungdomsskuletilbodet på Frekhaug blir redusert, som kan føre til redusert attraktivitet og bekymring for svekka nærmiljøkvalitet. Kommunal ungdomsskule får lengre avstand til Frekhaug sentrum. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår/utset kostnader til prosjektering og bygging av ny skule. Kommunen unngår også å måtte utsetje etablering av ny skule grunna manglande økonomisk handlingsrom.
Samla vurdering	Tal ledige elevplassar i kommunen blir redusert, kommunen får redusert kostnader til skuledrift og unngår investeringskostnader til etablering av ein ny skule. Samla tilseier dette at tiltaket bør gjennomførast.

Tiltak 13: Knarvik ungdomsskule

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber at planlegging av tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule blir utsett til fase 3.
Forhold til plan og vedtak	Vedtak i barnehage- og skulebruksplanen – fase 2.
Barnets beste	Elevane er delt i to bygg og manglar tilgang til gode nok spesialrom. Nokre elevar kan oppleve svekka sosialt tilhøyr til medelevar.
Konsekvensar for skulekrinsar	Ikkje relevant.
Samfunnsmessige konsekvensar	Kan ha innverknad på elevane sin trivsel på skulen og omdømme til skulen.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår/utset kostnader til prosjektering og etablering av tilbygg/rehabiliterer eksisterande bygg. Det er knytt rekkefølgjekrav for området.
Samla vurdering	Skulen har omdisponert bruk av rom og med det fått auka kapasiteten til skulen. Det er framleis behov for rehabilitering og etablering av spesialrom, men det er vurdert at kommunen ikkje har økonomisk handlingsrom til å gjennomføre dette dei første åra. Tiltaket bør difor utsetjast til fase 3.

Tiltak 14: Moglegheitsstudie skulane på Lindås

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber at gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Lindås blir utsett til fase 3.
Forhold til plan og vedtak	Vedtak i barnehage- og skulebruksplanen – fase 2.
Barnets beste	Lindås ungdomsskule har behov for oppgradering både innomhus og i utearealet. Utgreiing av ein mogleg 1-10 skule på Lindås kan opplevast utrygt for nokre elevar.
Konsekvensar for skulekrinsar	Blir avklart etter gjennomføring av fase 3.
Samfunnsmessige konsekvensar	Lindås ungdomsskule har behov for rehabilitering. Utsetjing av prosessen kan ha innverknad på elevane sin trivsel på skulen og omdøme til skulen.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår/utset kostnader til prosjektleiing og medverknadsprosess for vurderingar som det ikkje er økonomisk handlingsrom til å gjennomføre. Lang tidsavstand mellom planleggjing og gjennomføring kan føre til dobbeltarbeid.
Samla vurdering	Lindås ungdomsskule har fleire større behov, men det er vurdert at kommunen ikkje har økonomisk handlingsrom til å gjennomføre større utbetringar eller investeringsprosjekt dei første åra. Tiltaket bør difor utsetjast til fase 3.

Tiltak 15: Moglegheitsstudie skulane på Manger

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber at gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Manger blir utsett til fase 3.
Forhold til plan og vedtak	Vedtak i barnehage- og skulebruksplanen – fase 2.
Barnets beste	Utgreiing av ein mogleg 1-10 skule på Manger kan opplevast utrygt for nokre elevar.
Konsekvensar for skulekrinsar	Blir avklart etter gjennomføring av fase 3.
Samfunnsmessige konsekvensar	Kan ha innverknad på elevane sin trivsel på skulen og omdøme til skulen.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår/utset kostnader til prosjektleiing og medverknadsprosess for vurderingar som det ikkje er økonomisk handlingsrom til å gjennomføre. Lang tidsavstand melom planlegging og gjennomføring kan føre til dobbeltarbeid.
Samla vurdering	Ny paviljong og oppgradering av uteareal samt toalett gjer at behovet for vidare utbetring av skuleanlegget er mindre akutt. Det er vurdert at kommunen ikkje har økonomisk handlingsrom til å gjennomføre større investeringar dei første åra. Tiltaket bør difor utsetjast til fase 3.

Tiltak 16: Moglegheitsstudie skulane på Ostereidet

Beskriving av tiltaket	Tiltaket inneber at gjennomføring av moglegheitsstudie for etablering av 1-10 skule på Ostereidet blir stoppa og at tiltaket blir gjennomført som eit strukturtiltak utan moglegheitsstudie i forkant av avgjersla.
Forhold til plan og vedtak	Vedtak i barnehage- og skulebruksplanen – fase 2.
Barnets beste	Elevane held fram på same skule som tidlegare, så tiltaket får avgrensa innverknad på elevane sin skulekvardag. Det vil framleis vere to skulebygg på Ostereidet, men det kan bli meir sambruk av bygga. Med dette kan overgang mellom barnetrinn og ungdomstrinn bli mindre tydeleg eller merkbar for elevane.
Konsekvensar for skulekrinsar	Ingen.
Samfunnsmessige konsekvensar	Det samla skuletilbodet på Ostereidet blir oppretthalde ved å etablere ein 1-10 skule. På sikt kan dette også bidra til å styrkje grunnlaget for å oppretthalde ungdomstrinnet på Ostereidet.
Økonomisk effekt	Kommunen unngår kostnader til gjennomføring av moglegheitsstudie knytt til organisering av ein 1-10 skule på Ostereidet. Det vil vere mogleg å redusere noko på tid til leiing ved å etablere ein 1-10 skule på Ostereidet.
Samla vurdering	Det vil vere mogeleg å gjennomføre tiltaket utan moglegheitsstudie. Dersom tiltaket ikkje blir vedtatt, bør arbeidet med moglegheitsstudie utsetjast til fase 3.

Del 3:

Andre tiltak som er vurdert, men som ikkje er foreslått å gjennomføre frå kommunedirektøren si side

Tiltak 17-26 er knytt til strukturtiltak som er vurdert i saksførebuaende arbeid frå administrasjonen si side og etter bestilling frå politisk styringsgruppe. I det følgjande blir desse tiltaka presentert.

Tiltak 17: Sæbø barnehage og skule

Etablere oppveksttun på Sæbø. Flytte 5.-7. trinn til Manger skule.	189 elevvar
Tal klasserom	13
Behov klasserom etter samanslåing	9
Tal klassar utan samanslåing	9
Innsparing årsverk 2027/28	0,5 årsverk leiing
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 80 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 20-40 min.
Investeringsbehov	Tilpasse uteareal til barnehagedrift. Stipulert kostnad ca. 2,5 mill. kr. Unngår investering til rehabilitering barnehage.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Sæbø skule vart også foreslått lagt ned eller gjort om til oppveksttun då barnehage- og skulebruksplanen var til politisk handsaming. Dette vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Sæbø blir slått saman med Manger barneskulekrins.

Tiltaket inneber å etablere eit oppveksttun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn, samt flytte 5.-7. trinn til Manger skule.

Overgang frå småskuletrinn (1.-4. trinn) til storskulen (5.-7. trinn) vil bety at elevane frå Sæbø skule må byte skule, og kjem til ein skule der dei truleg kjenner få av elevane frå før. Dersom barnegruppene er små, kan det bety at elevane frå Sæbø kjem inn i ein klasse som har vore etablert frå 1. trinn, medan dersom gruppene blir delt som konsekvens av at elevane frå Sæbø kjem til Manger i 5. trinn, kan det også bety at også elevane frå Manger skule blir delt i nye klassar frå 5. trinn.

Den økonomiske effekten av tiltaket er avgrensa til å omhandle mogleg reduksjon i leiing på 0,5 årsverk. Dette fordi det må etablerast ein klasse meir for 1.-4. trinn ved Sæbø skule, enn det som er behovet dersom alle elevane frå Sæbø skule blir verande på Sæbø skule.

Alternativ økonomisk effekt ved at Sæbø skule blir lagt ned og elevane overført til Manger skule er presentert i tiltak 2, med eit berekna redusert behov for bemanning på 2,1 årsverk.

Barnets beste vurdering

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Reisetida vil vere godt innafor i forhold til tilrådd ramme for reisetid for elevar på mellomtrinnet, etter Skyss sine berekningar. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Etablering av oppveksttun vil kunne bidra til tettare samarbeid mellom barnehagen og skulen, og søsken vil kunne følgje kvarandre tettare gjennom aktivitet og lek gjennom dagen.

Barn er ekstra sårbare ved overgang mellom barnehage-skule(1.-4. trinn), barnetrinn-mellomtrinn (5.-7. trinn), mellomtrinn-ungdomsskule og ungdomsskule-vidaregåande opplæring. Med dette tiltaket får elevane frå Sæbø skule ein overgang frå barnetrinn til mellomtrinn som blir ekstra sårbar fordi dei også byter til ny skule når dei skal ta til på 5. trinn, med ukjende lokalar, elevar og lærarar.

Det vil vere relativt få elevar som skal gå på Sæbø skule, som igjen kan føre til at barn blir søkt over til Manger eller Alversund skular. Nokre føresette kan meine at det er for få elevar igjen ved skulen, og at det sosiale læringsfellesskapet blir for magert.

Barna i Sæbø barnehage held til i eit bygg som ikkje oppfyller alle dagens krav til eit godt barnehagebygg, og det er sett av midlar til rehabilitering av bygget. Skulebygget til Sæbø skule vil etter nødvendige tilpassingar vere godt eigna til barnehage. På noverande grunnlag ser vi moglege fordelar for barn ved å etablere eit oppveksttun i skulebygget dersom nødvendige tilpassingar blir gjennomførte, og vil føre til betre forhold for opphald og lek for barna i barnehagen. Dei får behalde si tilhøyrse til lokalsamfunnet og tiltaket får inga verknad på barn og elevar si fritid og deltaking i lokalsamfunn. Nye lokalar som tilfredsstillar krav til leike og opphaldsareal i barnehage kan ha ein positiv verknad på barna sitt sosiale miljø. Det er vurdert at dette tiltaket vil vere til det beste for barna i barnehagen.

Elevane på 5.–7. trinn på Sæbø har i medverknadsprosessar gitt uttrykk for uro for å miste tryggleiken i kjende vaksne, bygg og venskap. Dei fryktar større klassar, meir støy og uro, men nokre ser moglegheiter for nye vener dersom overgangen blir godt planlagt. Lengre reiseveg, tidlegare morgonar og utrygg skuleskyss skapar bekymring, særleg fordi det kan gi mindre tid til vener, fritidsaktivitetar og kvile. Å ikkje kunne gå til skulen blir opplevd som eit stort tap. Nokre meiner overgangen kan bli betre dersom bygga blir oppgraderte og skyssen er godt organisert. Sæbø skulekrins har i dag eige miljø for skulekorps og turn, delar av musikk- og kulturliv, men deler idrettsmiljø i stor grad med Manger. For elevane på 5.-7. trinn kan eit større sosialt miljø vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, deira oppleving av uro for ukjende

vaksne, mindre tid til vener, og for korleis skulemiljøet deira vil bli ved ein overføring til ny skule, ein ekstra overgang til ny skule på 5.trinn, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste.

Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Eit redusert skuletilbod kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Etablering av oppveksttun kan bidra til å oppretthalde aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentleg tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Eit oppveksttun kan styrkje barnehagetilbodet i området og gjere det mogleg å nytte eksisterande bygningsmasse på ein samfunnsnyttig måte.
- Endringa kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi barneskulebarna blir fordelt på to skular.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Sæbø.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som oppveksttun, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod som idrett, skulemusikk, korps og andre aktivitetar kan bli svekka dersom barn (5.-7. trinn) og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule (5.-7. trinn) kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.

- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Elevar på mellomtrinnet får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til Manger.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Sæbø kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Samling av elevane kan bidra til å sikre elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule og vidareføre tilhøyrsla til Radøy ungdomsskulekrins.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som oppveksttun og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Noko av den samfunnsmessige negative effekten blir dempa dersom det blir etablert oppveksttun. Samstundes må elevane frå Sæbø då gjennom fleire overgangar i grunnskuletida enn ved andre skular.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Dersom Sæbø skule blir vidareført som eit oppveksttun vil det bli tilbod om barnehage og skule for dei yngste barn i krinsen. Dette kan bidra til å oppretthalde opplevd attraksjon blant innbyggjarar og moglege tilflyttarar.

Skulebygg med idrettsanlegg vil kunne vere disponibelt til kultur- og fritidsaktivitetar som i dag. Skulebygget som møteplass i bygda kan halde fram.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Konsekvensane for elevane ved å etablere eit oppveksttun på Sæbø skil seg ut frå dei andre tiltaka knytt til forslag om å avvikle skuledrift. Dette grunna ein ekstra overgang i løpet av grunnskuleløpet med tilhøyrande behov for å etablere nye klassar på 5. trinn ved Manger skule.

Økonomisk har tiltaket liten effekt på drift av skulen, medan kommunen kan unngå investeringskostnader til rehabilitering av barnehagen.

Lengre skuleveg og ekstra overgang til ny skule på 5.trinn, vil bli ein negativ konsekvens for elevane på 5.-7. trinn ved Sæbø skule ved å gjennomføre tiltaket.

Tiltaket vil få ein negativ konsekvens for elevane ved Manger skule dersom det resulterer i at elevane må delast i nye klassar frå 5. trinn.

Tiltaket vil ikkje ha konsekvens for elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule.

Tiltak 18: Sæbø barnehage og skule

Etablere oppveksttun på Sæbø. Flytte 5.-7. trinn til Alversund skule.	336 elevar
Tal klasserom	21
Behov klasserom etter samanslåing	16
Tal klassar utan samanslåing	17
Innsparing årsverk 2027/28	1,6 årsverk
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 80 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 20-40 min.
Investeringsbehov	Tilpasse uteareal til barnehagedrift. Stipulert kostnad ca. 2,5 mill. kr. Unngår investering til rehabilitering barnehage.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Sæbø skule vart også foreslått lagt ned eller gjort om til oppveksttun då barnehage- og skulebruksplanen var til politisk handsaming. Dette vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande skulekrins for Sæbø blir slått saman med Alversund barneskulekrins. Hordabø skule og Manger skule vil høyre til justert ungdomsskulekrins for Radøy ungdomsskule. Alternativt kan elevane frå Sæbø krins høyre til Radøy ungdomsskule, sjølv om dei har gått 5.-7. trinn på Alversund.

Tiltaket inneber å etablere eit oppveksttun på Sæbø for barnehage og 1.-4. trinn, samt flytte 5.-7. trinn til Alversund skule.

Etablering av oppveksttun vil kunne bidra til tettare samarbeid mellom barnehagen og skulen, og søsken vil kunne følgje kvarandre tettare gjennom aktivitet og leik gjennom dagen.

Overgang frå småskuletrinn (1.-4. trinn) til storskulen (5.-7. trinn) vil bety at elevane frå Sæbø skule må byte skule, og kjem til ein skule der dei truleg kjenner få av elevane frå før.

Det ser i mindre grad ut som om det vil vere behov for nye klassar dersom elevane frå Sæbø blir overført til Alversund. I praksis kan det bety at elevane frå Sæbø blir fordelt i allereie eksisterande grupper, eller at alle gruppene for 5. trinn må delast på nytt.

Dersom tiltaket skal gjennomførast må det også vurderast kva ungdomsskulekrins elevane frå Sæbø skal høyre til. Skal dei følgje med dei andre elevane frå Alversund skule til Knarvik ungdomsskulekrins, eller skal dei høyre til Radøy ungdomsskulekrins? Radøy ungdomsskule hadde ved siste GSI-rapportering 172 elevar. Dersom elevane frå Sæbø går på ungdomsskule i Knarvik, vil dette svekkje elevgrunnlaget til Radøy ungdomsskule.

Barnets beste vurdering

Barn er ekstra sårbare ved overgang mellom barnehage-barneskule, barneskule-ungdomsskule og ungdomsskule-vidaregåande opplæring. Med dette tiltaket får elevane frå Sæbø skule ein ekstra overgang i løpet av grunnskuleløpet ved overgang til ny skule frå 5.trinn.

Dersom elevane frå Sæbø skal høyre til Radøy ungdomsskulekrins, vil det bety at mange av elevane dei har gått på skule saman med på 5.-7. trinn ikkje skal vidare på same ungdomsskule. Elevane frå Sæbø krins kan med dette oppleve brot på etablerte sosiale relasjonar ved overgang til ungdomsskulen.

Det vil vere relativt få elevar som skal gå på Sæbø skule dersom det blir etablert eit oppveksttun på Sæbø. Dette kan føre til at barn blir søkt over til Manger eller Alversund skular. Nokre føresette kan meine at det er for få elevar igjen ved skulen, og at det sosiale læringsfellesskapet blir for magert.

Barna i Sæbø barnehage held til i eit bygg som ikkje oppfyller dagens krav til eit godt barnehagebygg, og det er sett av midlar til rehabilitering av bygget. Skulebygget til Sæbø skule vil etter nødvendige tilpassingar vere godt eigna til barnehage. På noverande grunnlag ser vi moglege fordelar for barn ved å etablere eit oppveksttun i skulebygget dersom nødvendige tilpassingar blir gjennomførte, og vil føre til betre forhold for opphald og lek for barna i barnehagen. Dei får behalde si tilhøyr til lokalsamfunnet og tiltaket får inga verknad på barn og elevar si fritid og deltaking i lokalsamfunn. Nye lokale som tilfredsstillar krav til leike- og opphaldsareal i barnehage kan ha ein positiv verknad på barna sitt sosiale miljø. Det er vurdert at dette tiltaket vil vere til det beste for barna i barnehagen.

Elevane på 5.–7. trinn på Sæbø har i medverknadsprosessar gitt uttrykk for uro for å miste tryggleiken i kjende vaksne, bygg og venskap. Dei fryktar større klassar, meir støy og uro, men nokre ser moglegheiter for nye vener dersom overgangen blir godt planlagt. Lengre reiseveg, tidlegare morgonar og utrygg skuleskyss skapar bekymring, særleg fordi det kan gi mindre tid til vener, fritidsaktivitetar og kvile. Å ikkje kunne gå til skulen blir opplevd som eit stort tap.

Reisetida vil vere godt innafor i forhold til tilrådd ramme for reisetid for elevar på mellomtrinnet, etter Skyss sine berekningar. For elevane på 5.-7. trinn kan eit større sosialt miljø vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø. Sæbø skulekrins har i dag eige miljø for skulekorps og turn, noko musikk- og kulturliv, men deler idrettsmiljø i stor grad med Manger.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, tap av aktivitetar som i stor grad er knytt til Sæbø skule, deira oppleving av uro for ukjende vaksne, mindre tid til vener, og for korleis skulemiljøet deira vil bli ved ein overføring til ny skule, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Eit redusert skuletilbod kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Etablering av oppveksttun kan bidra til å oppretthalde aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentleg tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Eit oppveksttun kan styrkje barnehagetilbodet i området og gjere det mogleg å nytte eksisterande bygningsmasse på ein samfunnsnyttig måte.
- Endringa kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi barneskulebarna blir fordelt på to skular.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Sæbø.

- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som oppveksttun, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod som idrett, skulemusikk, korps og andre aktivitetar kan bli svekka dersom barn (5.-7. trinn) og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule (5.-7. trinn) kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Elevar på mellomtrinnet får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til Alversund.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Sæbø kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Samling av elevane kan svekke elevgrunnet ved Radøy ungdomsskule dersom elevane frå Sæbø går til Knarvik ungdomsskule.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som oppveksttun og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Noko av den samfunnsmessige negative effekten blir dempa dersom det blir etablert oppveksttun. Samstundes må elevane frå Sæbø då gjennom fleire overgangar i grunnskuletida enn ved andre skular.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Dersom Sæbø skule blir vidareført som eit oppveksttun vil det bli tilbod om barnehage og skule for dei yngste barn i krinsen. Dette kan bidra til å oppretthalde opplevd attraksjon blant innbyggjarar og moglege tilflyttarar.

Skulebygg med idrettsanlegg vil kunne vere disponibelt til kultur- og fritidsaktivitetar som i dag. Skulebygget som møteplass i bygda kan halde fram.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Konsekvensane for elevane ved å etablere eit oppveksttun på Sæbø skil seg ut frå dei andre tiltaka knytt til forslag om å utvikle skuledrift. Dette grunna ein ekstra overgang i løpet av grunnskuleløpet med tilhøyrande behov for å etablere nye klassar på 5. trinn.

Økonomisk har tiltaket liten effekt på drift av skulen, medan kommunen kan unngå investeringskostnader til rehabilitering av barnehagen.

Lengre skuleveg og ekstra overgang til ny skule på 5.trinn, vil bli ein negativ konsekvens for elevane på 5.-7. trinn ved Sæbø skule ved å gjennomføre tiltaket.

Økonomisk har tiltaket litt større effekt enn dersom 5.-7. trinn ved Sæbø skule blir overført til Manger skule. Ved å etablere eit oppveksttun på Sæbø, kan kommunen avlyse den planlagt rehabilitering av Sæbø barnehage.

Tiltaket kan få konsekvensar for elevgrunnet ved Radøy ungdomsskule. Truleg vil fleire av elevane frå Sæbø søkje seg til Knarvik ungdomsskule, då dei ønskjer å gå på same ungdomsskule som venner skal.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar

Tiltak 19: Sæbø skule

Sæbø skule saman med Alversund skule	375 elevar
Pedagogisk kapasitet Alversund skule	450 elevar
Tal klasserom	21
Behov klasserom etter samanslåing	18
Tal klassar utan samanslåing	20
Innsparing årsverk 2027/28	4,2 årsverk
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 175 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-40 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Tiltaket er i tråd med målsetjinga om betre kapasitetsutnytting og robuste fagmiljø. Sæbø skule vart også foreslått lagt ned eller gjort om til oppveksttun då barnehage- og skulebruksplanen var til politisk handsaming. Dette vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Eksisterande barneskulekrins for Sæbø blir slått saman med Alversund barneskulekrins. Hordabø skule og Manger skule vil høyre til justert ungdomsskulekrins for Radøy ungdomsskule. Alternativt kan elevane frå Sæbø krins høyre til Radøy ungdomsskule, sjølv om det har gått 1.-7. trinn på Alversund.

Tiltaket inneber å avvike skuledrift ved Sæbø skule og flytte elevane til Alversund skule. Tiltaket har om lag same økonomiske effekt som å flytte elevane frå Sæbø til Manger skule.

Ved å gjennomføre tiltaket vil det ikkje vere plass til elevane frå Seim skule på Alversund. Dersom Seim skule også skal leggjast ned, må elevane frå Seim overførast til Knarvik barneskule eller eventuelt Lindås barneskule. Dette vil få konsekvensar for forslaget om å flytte elevane ved Grasdal skule til Knarvik barneskule.

Barnets beste vurdering

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Reisetida vil vere godt innafor i forhold til tilrådd ramme for reisetid for elevar på barneskulen, etter Skyss sine berekningar. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Dersom elevane frå Sæbø skal høyre til Radøy ungdomsskulekrins, vil det bety at mange av elevane dei har gått på barneskule saman med ikkje skal vidare på same ungdomsskule. Elevane frå Sæbø krins kan med dette i større omfang enn andre elevar i kommunen oppleve brot på etablerte sosiale relasjonar ved overgang til ungdomsskulen.

Dersom elevane skal høyre til Knarvik ungdomsskule saman med elevane dei då går saman med på Alversund skule, vil det medføre eit skifte av ungdomsskulekrins til Knarvik ungdomsskulekrins. Det kan gi kapasitetsutfordringar på Knarvik ungdomsskule, avhengig av kva for andre tiltak som vert vedtatt. Vidare vil det svekke elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule.

Elevane på Sæbø seier i medverknadsprosessar at dei er uroa for å miste tryggleik, kjende vaksne og etablerte venskap, og dei fryktar større klassar, meir støy og svekka trivsel. Nokre ser moglegheiter for nye vener dersom overgangen blir godt planlagt. Samstundes skapar lengre reiseveg, tidlegare morgonar og utrygg skuleskyss bekymring, med mindre tid til fritid, vener og aktivitetar. Eit større sosialt miljø kan vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø. Sæbø skulekrins har i dag eige miljø for skulekorps og turn, noko musikk- og kulturliv, men deler idrettsmiljø i stor grad med Manger.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, tap av aktivitetar som i stor grad er knytt til Sæbø skule, endra ungdomsskulekrins og elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter avvikling av Sæbø skule, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Det er vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Skulane skal i god tid samarbeide om å

planlegge avbøtande tiltak som tek vare på sårbare elevar, sikrar at elevane blir kjent med ny skule, og sikrar at elevar på begge skulane blir kjent med nye lærarar og nye medelevar.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste.

Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Sæbø som lokalt oppvekstsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Om skulebygget blir teke i bruk som barnehage, kan det bidra til å oppretthalde noko av aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentleg tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Ei omgjering til barnehage kan styrkje barnehagetilbodet i området og gjere det mogleg å nytte eksisterande bygningsmasse på ein samfunnsnyttig måte.
- Samstundes vil ein barnehage ikkje fullt ut erstatte skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Sæbø.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som barnehage, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.

- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod som idrett, skulemusikk og andre aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Sæbø kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Samling av elevane kan bidra til å svekke elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule dersom elevane frå Sæbø går til Knarvik på ungdomsskule.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som barnehage og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Dersom bygget blir utvikla som ein kombinert barnehage, møteplass og nærmiljøarena, kan noko av den samfunnsmessige negative effekten dempast.
- Det kan bli viktig å sikre formelle avtalar om bruk av bygget til frivillige lag, arrangement og nærmiljøaktivitetar, slik at innbyggjarane framleis opplever at bygget er tilgjengeleg for bygda.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket gir økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Skulebygget på Sæbø kan brukast til andre føremål, til dømes barnehage. Ved å avvikle skule er det risiko/uro for at det kan bli redusert aktivitet i lokalsamfunnet. Fritidsaktivitetar kan oppretthaldast i bygget dersom det blir brukt til barnehage, men dette kan opplevast usikkert. Det vil vere ei bekymring for svekka rekruttering til idrett og skulemusikk i krinsen. Fleire vil truleg også bli urolege for om innbyggjarane mister ein møte- og aktivitetsplass i bygda dersom skulen blir lagt ned. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Reisetid for elevane er innafor i forhold til rettleiande reisetider for barneskuleelevar (Skyss). Mange elevar som i dag kan gå eller sykle til skulen må ta buss eller bli køyrd av foreldre/føresette. Lengre skuleveg vil vere ein negativ konsekvens for elevane frå Sæbø skule ved å gjennomføre tiltaket.

Tiltaket vil innebere ei svekking av kvalitetar i Sæbøbygda, då mykje aktivitet og nærmiljøkvalitetar er samla rundt skuleanlegget. Skulen er ein viktig møteplass i bygda.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning til skuleskyss i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss Sæbø skule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Elevane frå Sæbø skule er viktige for å oppretthalde eit høgast mogleg elevgrunnlag ved Radøy ungdomsskule. Dersom Sæbø skule blir slått saman med Alversund skule vil det truleg vere fleire elevar som ønskjer å gå på ungdomsskule i Knarvik, og Radøy ungdomsskule får færre elevar. Tiltaket vil difor truleg svekke elevgrunnlaget ved Radøy ungdomsskule, dersom elevane frå Sæbø blir overført til Knarvik ungdomsskulekrins.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

På sikt (frå 2029) er det berekna å ha større økonomisk effekt å flytte elevane frå Sæbø til Manger enn Alversund.

Tiltak 20: Seim skule

Seim skule saman med Knarvik barneskule	339 elevar
Pedagogisk kapasitet Knarvik barneskule	450 elevar
Tal klasserom	21

Behov klasserom etter samanslåing	16
Tal klassar utan samanslåing	17
Innsparing årsverk 2027/28	4,2 årsverk
Innsparing skuleskyss	Ca. 700 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 25-60 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Seim skule er ikkje foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Nei, elevane frå Seim vil framleis høyre til Knarvik ungdomsskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrifta ved Seim skule og flytte elevane til Knarvik barneskule.

Tiltaket har vesentleg dårlegare økonomisk effekt enn å flytte elevane frå Seim skule til Alversund skule, som har ei stipulert innsparing på 9,8 årsverk i 2030.

Ved å gjennomføre tiltaket vil det ikkje vere plass til elevane frå Grasdal skule i Knarvik. Dersom Grasdal skule også skal leggjast ned, må elevane frå Grasdal eventuelt overførast til Sagstad skule.

Barnets beste vurdering

Elevane frå Seim skulekrins vil få lengre skuleveg dersom dei skal til Knarvik på skule, og dei som i dag kan gå til skulen på Seim må ta buss. Seim skulekrins er langstrakt, og det er til dels dårlege vegstrekkjer i fleire retningar til Seim skule. I dag går det skulebuss til Knarvik både om Litleskare og frå Lindås. Det er venta at Skyss vil kunne tilby skuleskyss for elevane frå Seim frå begge desse vegstrekkja.

Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Seim er berekna til omlag 25 - 60 minutt. For nokre elevar vil dette vere tett opp mot eller over rettleiande ramme for reiseveg for elevar i barneskulealder. Særleg gjeld dette dei yngste elevane. Berekingane er førebelse, og kommunen vil vere i dialog med Skyss om moglege alternativ for å redusere denne reisetida i løpet av høyringsperioden.

Nokre av elevane vil også få lengre reiseveg til skulen enn om dei skulle gått på skule i Alversund.

Det å slå saman Knarvik og Seim skular vil ikkje få innverknad på elevane frå Seim si tilhøyrslse til ungdomsskule, og dei vil halde fram med å høyre til Knarvik ungdomsskulekrins.

Skulen har ikkje vore foreslått avvikla i tidlegare prosessar før saksframlegget vart presentert i januar 2026. Innbyggjarar, føresette, elevar og tilsette har ikkje vore førebudd på at tiltaket kunne bli foreslått, og det vart pårekneleg møtt med stor uro. I perioden fram til april 2026 har administrasjonen lagt til rette for medverknadsprosessar.

Elevane på Seim skule seier at dei er svært uroa for splitting av klassar, tap av vener og eit større og mindre oversiktleg skulemiljø. Dei fryktar meir mobbing, færre vaksne og å miste tryggleiken dei har i dag, og elevar med særskilde behov treng ekstra støtte. Dei ventar lengre og meir krevjande reiseveg med tidlege morgonar og mindre tid til fritid, vener og kvile. Utrygg skuleskyss, bussbyte og vinterføre skapar ekstra bekymring. Elevane foreslår betre skyss, seinare skulestart og mjukare overgang for å lette kvardagen.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Det er vurdert at den samla positive økonomiske effekten tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere barnets beste.

Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Seim som bygd, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Grendahuset Strilatun AS vil ikkje fullt ut kunne erstatte skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.

- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Seim.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Det vil bli viktig å avklare kva bygget skal brukast til vidare, for å sikre best mogleg informasjon til innbyggjarane i bygda.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Seim og Lygra/Feste kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Eventuell nedlegging vil ikkje ha innverknad på tilhøyrsla til Knarvik ungdomsskulekrins.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Tiltaket vil innebære ei svekking av kvalitetar i Seimsbygda, då mykje aktivitet og nærmiljøkvalitetar er samla rundt skuleanlegget. Skulen er ein viktig møteplass for innbyggjarane frå Seim, Lygra og Feste, og særleg gjeld dette familiar med barn i barneskulealder.

Seim skule har eit flott idrettsanlegg, med gymsal og fotballbane. Dersom skulen blir lagt ned, vil det vere viktig for barn og unge, kultur og idrett at bruk av gymsal og fotballbane vil kunne halde fram som i dag. Dersom bygget ikkje skal brukast til skule vidare, må det greiast ut kva som er mogleg alternativ bruk av bygget. Det er på noverande tidspunkt usikkert kva bygget eventuelt vil bli brukt til vidare, og risiko for redusert tilbod om fritidsaktivitetar i bygda.

Ved nedlegging av skulen, vil ein del av møtepunkta gjennom året knytt til skuleaktivitetar truleg bli lagt til den nye skulen for elevane. Med dette vil samlingar i regi av skulen gå føre seg utanfor den bygda elevane kjem frå. Slik er det for fleire av elevane i kommunen den dag i dag, men dette vil bli ein konsekvens for elevar og foreldre frå Seim skulekrins dersom skulen blir lagt ned. Alternativ møteplass i Seimsbygda vil vere Strilatun AS, som har lang tradisjon som grendahus.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane ved å gjennomføre tiltaket. Seim skulekrins er langstrakt, og elevar busette i ytterkanten av skulekretsen vil få lengst skuleveg til Knarvik. Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis organisere mest mogleg effektiv skulereise for dei elevane som får lengst skuleveg.

Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis organisere mest mogleg effektiv skulereise for dei elevane som får lengst skuleveg. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Det vil bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Tiltaket gir økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen. Samstundes gir det lågare effekt enn om elevane vart overført til Alversund skule.

For elevane ved Seim skule vil lengre skuleveg vere ein negativ konsekvens dersom tiltaket blir gjennomført, men reisetida er berekna å vere om lag som til Alversund.

Dersom Seim skule blir lagt ned og elevane overført til Knarvik barneskule, vil det ikkje vere plass til elevane frå Grasdal skule til Knarvik barneskule også.

Tiltak 21: Grasdal skule

Grasdal skule saman med Sagstad skule	538 elevar
Pedagogisk kapasitet Sagstad skule	550 elevar
Tal klasserom	23
Behov klasserom etter samanslåing	23
Tal klassar utan samanslåing	28
Innsparing årsverk 2027/28	7 årsverk
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 600 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 10-30 min.
Investeringsbehov	Etablere tilbygg over SFO-bygg. Stipulert kostnad ca. 50 mill. kr.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Grasdal skule er ikkje foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Elevane frå Grasdal vil høyre til Meland ungdomsskulekrins, eventuelt ny ungdomsskulekrins for Meland ungdomsskule og Rossland skule.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Grasdal skule og flytte elevane til Sagstad. Ved å gjennomføre tiltaket vil Sagstad skule ha svært liten ledig kapasitet. Frekhaug er eit utbyggingsområde, og det er planlagt fleire bustadbyggeprosjekt som venteleg vil få konsekvensar for elevgrunnlaget ved Sagstad skule.

Økonomisk effekt av tiltaket er om lag det same som å overføre elevane frå Grasdal skule til Knarvik barneskule.

Det vil vere litt kortare reiseveg med buss for elevane til Sagstad skule enn Knarvik barneskule.

Barnets beste vurdering

Elevane frå Grasdal skulekrins vil få lengre skuleveg dersom dei skal til Sagstad på skule, og dei som i dag kan gå til skulen må ta buss. Førebels berekna reiseveg mellom heim og skule for elevane frå Grasdal er berekna til omlag 10-30 minutt. Dette vil vere godt innafor rettleiande ramme for reiseveg for elevar i barneskulealder. Særleg gjeld dette dei yngste elevane.

Ved å gjennomføre dette tiltaket får elevane som i dag høyrer til Grasdal skulekrins tilhøyrsløse til ny ungdomsskulekrins på Vestbygd for Meland ungdomsskule og Rossland skule, dersom dette tiltaket blir gjennomført. Eventuelt vil dei halde fram med å høyre til eksisterande krins for Meland ungdomsskule. Det blir vurdert at tilhøyrsløse til kultur og fritidstilbod er sterkare knytt til Sagstad og Frekhaug-området enn til Knarvik.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god førebuing av overgangen.

Skulen har ikkje vore foreslått avvikla i tidlegare prosessar før saksframlegget vart presentert i januar 2026. Innbyggjarar, føresette, elevar og tilsette, har ikkje vore førebudd på at tiltaket kunne bli foreslått, og det vart pårekneleg møtt med stor uro.

Elevane seier i medverknadsprosessar at dei er uroa for å miste vener og for endringar i klassesamansetjing dersom skulen vert lagt ned. Dei peikar på behovet for å halde fram i same klasse, ha kjende og trygge vaksne rundt seg og sikre nok lærarar og assistentar, særleg for elevar med særskilde behov. For å skape tryggleik ønskjer dei tidleg informasjon, besøksdagar, mjuk oppstart og aktivitetar som styrkjer fellesskapet. Elevane understrekar at Grasdal skule har stor verdi for bygda og det lokale miljøet.

Elevane er bekymra for lengre og meir krevjande reiseveg, fulle bussar, små busstopp og mindre trygg skuleveg. Dei fryktar tidlege morgonar, og mindre tid til fritidsaktivitetar, vener og kvile. Særleg dei yngste kjenner seg utrygge på transporten. Elevane foreslår betre og meir direkte skuleskyss, seinare skulestart, kortare dagar i starten og færre lekser for å lette overgangen. Mange elevar har allereie tilhøyrsløst til idrettslag, skulekorps og fritidsaktivitetar på Frekhaug og Fossemyra, saman med elevar på Sagstad skule.

Grunna auke i reisetid og busstransport til og frå skulen for mange elevar, det å fylle opp kapasiteten på Sagstad skule, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Grasdal som bygd, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.

- Skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, knytt til skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader, blir i større grad flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Grasdal.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Det vil bli viktig å avklare kva bygget skal brukast til vidare, for å sikre best mogleg informasjon til innbyggjarane i bygda.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må i stor grad ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Grasdal kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.

- Endringa vil ikkje føre til endring i forhold til tilhøyrsløse til ungdomsskulekrins, og elevane held fram med å høyre til Meland ungdomsskulekrins, ev. ny ungdomsskulekrins for elevane på ungdomstrinnet frå Meland ungdomsskule og Rossland skule.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon i kommunal regi og kommunen unngår tomme eller underutnyttede lokaler.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket gir økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god planlegging av overgangen.

Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis organisere mest mogleg effektiv skulereise for dei elevane som får lengst skuleveg. Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Grasdal skule har gode fasilitetar til opplæring og fysisk aktivitet både inne og ute. Fleire av barna og dei unge deltek i kultur- og fritidsaktivitetar i skulen. Dersom bygget ikkje skal brukast til skule vidare, må det greiast ut kva som er mogleg alternativ bruk av bygget.

Det er på noverande tidspunkt usikkert kva bygget blir brukt til vidare, og risiko for redusert tilbod om fritidsaktivitetar i bygda.

Skulen er ein viktig møteplass for innbyggjarane i bygda, og særleg gjeld dette familiar med barn i barneskulealder. Dersom skulen blir lagt ned, vil ein del av møtepunkta gjennom året knytt til skuleaktivitetar truleg bli lagt til den nye skulen for elevane. Med dette vil samlingar i regi av skulen gå føre seg utanfor den bygda elevane kjem frå. Slik er det for fleire av elevane i kommunen den dag i dag, men dette vil bli ein konsekvens for elevar og foreldre frå Grasdal krins dersom skulen blir lagt ned.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er auke i reisetid og busstransport til og frå skulen for mange elevar, det å fylle opp kapasiteten på Sagstad skule, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ konsekvens for elevane frå Grasdal skule ved å gjennomføre tiltaket.

Det er planlagt fleire utbyggingsprosjekt i området, og det er optimisme i forhold til auka folkevekst i krinsen. Kommunedirektøren legg til grunn at det sannsynleg vil bli behov for å byggje på eller byggje om ein del av Sagstad skule dersom tiltaket skal gjennomførast. I så fall vil eit vedtak om gjennomføring resultere i eit investeringsprosjekt som må prosjekterast og setjast i verk først. Stipulert kostnad for dette prosjektet er berekna til om lag 50 millionar kroner.

Kommunen bør ha noko ledig kapasitet ved skulane i kommunen, slik at framtidig vekst i elevtal kan møtast utan større investeringsbehov. For stor ledig kapasitet kan bli vurdert å vere kostnadskrevjande for kommunen.

Planlagt bustadutbygging i Sagstad krins tilseier at det vil vere stabil rekruttering av elevar til Sagstad skule også i åra som kjem. For å unngå framtidige investeringsbehov vil det vere bra at Sagstad skule har eit visst tal ledige elevplassar.

Tiltak 22: Knarvik barneskule

Knarvik barneskule med Alversund skule	481 elevar
Pedagogisk kapasitet Alversund skule	450 elevar
Tal klasserom	21
Behov klasserom etter samanslåing	25
Tal klassar utan samanslåing	27
Innsparing årsverk 2027/28	4,2 årsverk (noko usikkert tal, grunna bokmål/nynorsk)
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 1 200 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-35 min.
Investeringsbehov	Flytte paviljong frå Eikanger skule til Alversund skule. Stipulert kostnad ca. 10 mill. kr.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Knarvik barneskule er ikkje foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Knarvik barneskulekrins blir slått saman med Alversund barneskulekrins, ingen konsekvens for tilhøyrse til ungdomsskulekrins.

Tiltaket inneber å avvikle barneskuledrift ved Knarvik barneskule, flytte elevane til Alversund og bruke bygget til ungdomsskule.

Det vil vere behov for å gjennomføre tilpassingar av eksisterande Knarvik barneskule for å tilpasse den til ein ungdomsskule. Alversund skule har for liten kapasitet til å ta imot elevane frå Knarvik barneskule, slik at det vil vere behov for å etablere eit påbygg eller leige paviljong dersom tiltaket skal gjennomførast. Dersom paviljongen ved Eikanger skule skal flyttast til Alversund, er det stipulert å ha ein kostnad på om lag 10 millionar kroner.

Det er estimert ein effekt av innsparing på 4,2 årsverk med 2 færre klassar frå skulestart 2027. Desse tala er usikre sidan begge skulane har eigne språkgrupper til bokmål, og kan difor få behov for fleire klassar.

Barnets beste vurdering

Det er diverre ikkje gjennomført medverknadsprosessar og innhenta innspel frå elevane på Knarvik barneskule knytt til førebuing av denne saka. Barnets beste vurdering knytt til dette tiltaket må difor greiast ut tidleg dersom tiltaket skal sendast på høyring.

Skulen har ikkje vore foreslått avvika i tidlegare prosessar og alternativet vil ikkje vere kjent for elevar, føresette og tilsette før saka blir offentleggjort. Det er sannsynleg at framlegget vil skape uro blant elevane ved Knarvik barneskule.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Knarvik som regionsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i regionsenteret, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i skulealder, knytt til skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader, blir i større grad flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til Knarvik, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Knarvik.

- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, til dømes ungdomsskule, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Alle elevane må ta buss til skulen.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Knarvik kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Endringa vil ikkje medføre endring i tilhøyrsløse til ungdomsskulekrins.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon i kommunal regi og kommunen unngår tomme eller underutnytta lokale.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Dersom Knarvik barneskule blir lagt ned og bygget omgjort til ungdomsskule, vil kommunen ikkje ha ein barneskule i regionsenteret. På sikt vil det vere behov for å gjere tilpassingar av bygg og uteareal til eldre elevar.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule for innbyggjarane i Knarvik. Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane frå Knarvik barneskule ved å gjennomføre tiltaket. Reisetida til skulen vil likevel vere kortare enn ved mange andre vegstrekkjer i kommunen.

Tiltaket vil innebære at samla elevtal ved Alversund skule overstig godkjenningstalet med 31 elevar. Det vil med dette tiltaket difor bli behov for å tilføre tilleggsareal til undervisning eller byggje om på eksisterande skule. Aktuell løysing kan også vere å leige eller kjøpe paviljong som blir ført opp på skuleplassen. Gjennomføring av tiltaket vil utløyse eit større investeringsbehov ved Alversund skule.

Kommunen bør ha noko ledig kapasitet ved skulane i kommunen, slik at framtidig vekst i elevtal kan møtast utan større investeringsbehov. For stor ledig kapasitet kan bli vurdert å vere kostnadskrevjande for kommunen. Ved å gjennomføre tiltaket vil samla kapasitet ved Alversund og Knarvik skular bli om lag halvert, og det vil vere lite å gå på i forhold til framtidig vekst i elevgrunnlaget.

Tiltak 23: Leiknes skule

Leiknes skule saman med Knarvik barneskule	331 elevar
Pedagogisk kapasitet Knarvik barneskule	450 elevar
Tal klasserom	21
Behov klasserom etter samanslåing	18
Tal klassar utan samanslåing	18
Innsparing årsverk 2027/28	1,5 årsverk
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 940 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 20-40 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Leiknes skule er ikkje foreslått lagt ned i tidlegare planprosess.
Konsekvens skulekrins	Leiknes skule blir slått saman med Knarvik barneskulekrins og Knarvik ungdomsskulekrins. Elevgrunnlaget til Ostereidet ungdomsskule blir svekka.

Tiltaket inneber å avvikle skuledrift ved Leiknes skule og flytte elevane til Knarvik barneskule.

Knarvik barneskule vil ha kapasitet til å ta imot elevane frå Leiknes. Det vil vere avgrensa økonomisk effekt av å gjennomføre tiltaket, då behovet for tal klassar er det same sjølv ved samanslåing. Leiknes skule har eit kostnadseffektivt elevgrunnlag i dag, med relativt store klassar. Difor er det lite å vinne på å slå saman dei to skulane. Mogleg innsparing ved å gjennomføre tiltaket er knytt til redusert ressurs leiing skule og SFO.

Dersom dette blir gjennomført, vil det vere naturleg at elevane frå Leiknes skule også høyrer til Knarvik ungdomsskulekrins. Dette kan resultere i eit svekka elevgrunnlag for Ostereidet

ungdomsskule, og bidra til at ungdomsskulen på Ostereidet blir for liten til at det er fagleg tilrådeleg å oppretthalde den.

Sjølv om det blir vedtatt at elevane frå Leiknes skulekrins skal halde fram med å høyre til Ostereidet skulekrins etter samanslåing med Knarvik barneskule er det sannsynleg at fleire av elevane frå dagens Leiknes krins vil søkje seg til Knarvik ungdomsskule enn det som er gjeldande i dag.

Barnets beste vurdering

Skulen har ikkje vore foreslått avvikla i tidlegare prosessar og alternativet vart kjent for elevar, føresette og tilsette etter møte i styringsgruppa i utval for levekår. Det er pårekneleg at framlegget skapar uro ved Leiknes skule.

Med dette tiltaket vil alle elevane frå Leiknes ha rett på skuleskyss til Knarvik barneskule. For elevane vil reisetida til eller frå skulen vere omlag 20-40 minutt. Reisetida til og frå skulen ligg godt innafor den tida som Vestland fylkeskommune tilrår.

I møte med elevrådet uttrykker elevane at endringar i skulestrukturen kan få både positive og negative konsekvensar for elevane. Nokre ser fordelar som seinare skulestart og moglegheit for fleire venner, medan mange uttrykkjer bekymring for manglande plass på skule og uteområde, lengre reiseveg og meir stress i kvardagen.

Elevane er særleg opptekne av tryggleik for dei yngste, både ved skulestart, skuleveg og bruk av skuleskyss. Dei er også opptekne av at lengre reiseveg vil gi meir stress for familiar, og at spesielt dei yngste elevane vil oppleve det som utrygt å miste ein skule som ligg nært barnehagen. Lengre reiseveg kan redusere tid til fritid, kvile og aktivitetar, og fleire vil miste høvet til å gå eller sykle til skulen.

Samstundes meiner elevane at gode overgangstiltak kan dempe ulemper, mellom anna gjennom god informasjon, førebuande besøk, sosiale aktivitetar og fleire vaksne til stades i skulekvardagen. Elevrådet understrekar behovet for ekstra omsyn til elevar som treng særskild støtte, då desse kan oppleve endringar som spesielt krevjande og ha behov for meir tid, tryggleik og tett oppfølging.

Grunna auke i reisetid og busstransport til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Vurderer vi konsekvensar dette får for Ostereidet ungdomsskulekrins og kapasiteten på Knarvik ungdomsskule, samt liten økonomisk effekt, er vurderinga at tiltaket ikkje er til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste.

Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Leiknes som lokalt oppvekstsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til skule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Leiknes.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt i kommunal regi, men det vil bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom barn og familiar får sterkare tilknyting til miljøet rundt den nye skulen.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet.
- Nedlegging av skulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.

- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Leiknes kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket kan bidra til å svekke elevgrunnlaget ved Ostereidet ungdomsskule.
- Dersom bygget blir utvikla som ein kombinert barnehage, møteplass og nærmiljøarena, kan noko av den samfunnsmessige negative effekten dempast.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Tiltaket gir tilgang til større fag- og skulemiljø, men lengre reiseveg og svekka nærleik til skulen kan påverke elevane sin trivsel. Det vil vere behov for god planlegging av overgangen.

Leiknes skule har gode fasilitetar til opplæring og fysisk aktivitet både inne og ute. Fleire av barna og dei unge deltek i kultur- og fritidsaktivitetar i skulen. Dersom bygget ikkje skal brukast til skule vidare, må det greiast ut kva som er mogleg alternativ bruk av bygget.

Det er på noverande tidspunkt usikkert kva bygget eventuelt kan bli brukt til vidare, og det kan bli risiko for redusert tilbod om fritidsaktivitetar eller møteplass i bygda.

Vurderingar i forhold til barnets beste tilseier at tiltaket ikkje vil vere til barnets beste. Dette grunna auke i reisetid og busstransport til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for elevane frå Leiknes skule ved å gjennomføre tiltaket. Reisetida til skulen vil likevel vere kortare enn ved mange andre vegstrekke i kommunen.

Tiltaket gir i liten grad økonomisk effekt, men reduserer overkapasitet i elevplassar ved Knarvik barneskule. Tiltaket reduserer også tal ledige elevplassar i strekninga Ostereidet-Eikanger-Leiknes.

Dersom elevgrunnlaget ved Ostereidet barneskule aukar vesentleg, til dømes grunna utbygging av bustadfelt, vil det kunne resultere i eit investeringsbehov eller at elevar må overførast til Knarvik barneskule.

Dersom Leiknes skule blir lagt ned og elevane overført til Knarvik barneskule, vil det ikkje vere plass til elevane frå Grasdal skule på Knarvik barneskule.

Tiltak 24: Ostereidet ungdomsskule

Ostereidet ungdomsskule saman med Knarvik ungdomsskule	495 elevar
Pedagogisk kapasitet Knarvik ungdomsskule	456 elevar
Tal klasserom	17
Behov klasserom etter samanslåing	18 -minkar til 17 klasser i 2028, 16 klasser i 2029 og 15 klasser i 2030
Tal klassar utan samanslåing	19
Innsparing årsverk 2027/28	2,6 aukar til 3,7 årsverk i 2028, 4,8 årsverk i 2029 og 5,9 årsverk i 2030
Innsparing skuleskyss	Ca. 45 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 20-60 min.
Investeringsbehov	Høge kostnader grunna behov for tilbygg + rekkefølgekrav
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Avvikling av Ostereidet ungdomsskule og var presentert som mogleg tiltak ved etablering av ein stor felles ungdomsskule i Knarvik. Tiltaket vart ikkje vedtatt.
Konsekvens skulekrins	Ostereidet og Knarvik ungdomsskulekrins blir slått saman, og ungdomsskulen på Ostereidet avvikla.

Tiltaket inneber at ungdomsskulen på Ostereidet blir avvikla og at elevane blir flytta til Knarvik ungdomsskule. Ostereidet skulekrins er den mest langstrakte skulekrinsen i kommunen i dag. Ved å slå saman ungdomstrinnet på Ostereidet og Knarvik til ein felles skule, vil dette bli den største skulekretsen både geografisk og organisatorisk. Det vil vere behov for dialog med Skyss om moglege løysingar for å effektivisere skulereisa så mykje som mogleg.

Knarvik ungdomsskule vil dei komande åra ikkje ha kapasitet til å ta imot alle elevane frå Ostereidet ungdomsskule utan investering i form av ombygging eller tilbygg.

Det er vurdert at det vil bli nedgang i elevtal kvart år frå 2027 fram til 2030 ned til 424 elevar i 2030 og forventa nedgang med 1 klasse kvart av dei åra. Kvart år er det forventa at om lag 30 elevar frå skulekrinsane vel å gå på privat ungdomsskule.

Barnets beste vurdering

Elevar i ytterkant av noverande Ostereidet ungdomsskulekrets vil få den lengste skulevegen i kommunen.

Ved ein nedlegging av Ostereidet ungdomsskule vil elevane ved Ostereidet barneskule bytte skulekrins til Knarvik ungdomsskule, og bli del av eit større sosialt miljø tidlegare enn dei gjer i dag.

Elevane gir i medverknadsprosessar tydeleg uttrykk for at ei nedlegging av nærskulen og flytting til ein annan skule vil opplevast negativt. Dei peikar særleg på lengre skuleveg, tidlegare morgonar og mindre søvn som belastande, og er uroa for at klasser blir delte og at det sosiale fellesskapet blir brote opp. Overgangen til ein større skule blir òg knytt til bekymring for uønskt påverknad frå eldre elevar, mellom anna knytt til rus. Elevane uttrykkjer liten tru på at kommunen kan leggje til rette for ein god overgang, og ønskjer verken klassesdeling eller flytting.

Endra reiseveg blir vurdert som ei stor belastning, særleg for elevar med lang busstransport. Elevane meiner vidare at endringane vil få negative konsekvensar for fritida og lokalt idrettstilbod, og fryktar redusert deltaking og svekking av det lokale idrettslaget dersom fleire elevar flyttar til ein større skulekrins.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter avvikling av Ostereidet ungdomsskule, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av ungdomsskulen kan svekkje Ostereidet som nærsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busetje seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til ungdomsskule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Ei skulenedlegging kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i bygda, særleg dersom familiar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til ungdomsskule.

- Barneskulen kan ikkje fullt ut erstatte ungdomsskulen si rolle som møteplass for familiar med ungdom i ungdomsskulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda.
- Nedlegginga kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og ungdom kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Ostereidet.
- Det kan oppstå uro for at lag og organisasjonar får dårlegare rammer dersom bygget blir mindre tilgjengeleg for aktivitet på ettermiddag og kveld.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekka dersom ungdom og familiar får sterkare tilknytning til miljøet rundt ungdomsskulen i Knarvik.
- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Ungdom kan få mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet.
- Nedlegging av ungdomsskulen kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Ostereidet kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket vil innebære at Ostereidet ungdomsskulekrins og Knarvik ungdomsskulekrins blir slått saman.
- Det blir behov for å definere kva bygget skal brukast til vidare samt avklare om det vil vere tilgjengeleg for bygda.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.

- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Det å avvikle ungdomskulen på Ostereidet vil bety at det ikkje vil vere ein ungdomsskule i eller i tilknytning til lokalsenteret på Ostereidet.

Det er på noverande tidspunkt usikkert kva bygget kan bli brukt til vidare, og mogleg risiko for redusert tilbod om fritidsaktivitetar og møtepunkt i bygda.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar. Nokre av elevane frå Ostereidet skulekrins har i dag lengst skulevegen i kommunen.

Tiltaket gir økonomisk effekt og reduserer overkapasitet i elevplassar i kommunen. Samstundes har ikkje Knarvik ungdomsskule plass til å ta imot alle ungdomsskuleelevane frå Ostereidet i 2027. Dersom nye prognosar viser at elevtalet ved dei to ungdomsskulane held fram med å gå ned, kan det vere mogleg å samle elevane i Knarvik på eit seinare tidspunkt.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje dette tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter avvikling av Ostereidet ungdomsskule, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Lengre skuleveg vil vere ein vesentleg negativ faktor for elevane frå Ostereidet ungdomsskule ved å gjennomføre tiltaket. Avstand mellom heim og skule vil for nokre elevar bli den lengste skulevegen i kommunen. Det vil vere behov for å ha dialog med Skyss om korleis få best mogleg løysing for skuleskyss til Knarvik.

Dersom tiltaket skal gjennomførast i 2027 vil det vere behov for å utvide kapasiteten ved Knarvik ungdomsskule. Dette vil utløyse store kostnader til utbygging og oppfylling av rekkefølgekrav.

Tiltak 25: Etablere ungdomsskule for ungdomsskule-elevane frå Frekhaug og Rossland på Rossland skule

Rossland u saman med Meland u på Rossland skule	319 elevar
Pedagogisk kapasitet Rossland skule	350 elevar
Tal klasserom	14
Behov klasserom etter samanslåing	12 klasserom i 2027, 11 klasserom i 2028, 10 klasserom i 2029 og 9 klasserom i 2030
Tal klassar utan samanslåing	12

Innsparing årsverk 2027/28	1 årsverk i 2027, aukar til 2,1 årsverk i 2028, 3,2 årsverk i 2029 og 4,3 årsverk i 2030
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 865 000 kr.
Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-60 min.
Investeringsbehov	Nei
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Avvikling av Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet på Rossland var presentert som mogleg tiltak ved etablering av ein stor felles ungdomsskule i Knarvik. Tiltaket vart ikkje vedtatt. Kommunestyret har sett av midlar til prosjektering av ny ungdomsskule på Frekhaug.
Konsekvens skulekrins	Det blir etablert ein ungdomsskulekrins for barneskulane Rossland og Sagstad.

Tiltaket inneber at Meland ungdomsskule blir slått saman med ungdomstrinnet på Rossland skule, og at elevane frå Meland ungdomstrinn blir flytta til Rossland skule.

Økonomisk effekt i forhold til behov for klasserom og bemanning vil vere den same som i tiltak 8 foreslått frå kommunedirektøren si side. Skilnaden mellom desse to tiltaka er om ungdomstrinnet skal vere lokalisert på Rossland skule eller Vestbygd skule. Tiltaket er berekna å ha ein økonomisk effekt på 1 årsverk i 2027 og 4,3 årsverk i 2030. Tiltaket vil innebære at kommunen kan unngå investeringskostnader til bygging av ny Meland ungdomsskule.

Ved å etablere felles ungdomsskule på Rossland kan Vestbygd skule og barnetrinnet på Rossland skule bli slått saman.

Elevane frå Meland ungdomsskule får lengre reiseveg enn om ungdomsskulen blir lokalisert på Vestbygd skule. Fleire av elevane frå dagens Meland ungdomsskulekrins vil ha kortare veg til Knarvik ungdomsskule enn til Meland ungdomsskule.

Barnets beste vurdering

Tiltak om å etablere ein ungdomsskule på Rossland skule er nytt, og det er pårekneleg at det vil skape uro. Kapasiteten på Rossland skule er vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Reisetida til og frå skulen ligg innanfor den tida som Vestland fylkeskommune anbefaler for elevar på 8.-10. trinn. Vi vurderer ungdomsmiljøet utvida som eitt for Rossland og Frekhaug-området, og at ungdommane har tilhøyrse i felles sosiale arenaer og fritidsaktivitetar.

Vi vurderer likevel at ei flytting av Meland ungdomsskule til Rossland ungdomsskule vil medføre eit skifte av kva for ungdomsmiljø elevane kjenner tilhøyrse til. Eit større sosialt miljø kan vere positivt for dei som ikkje finn seg til rette i små miljø, og negativt for dei som trivs i mindre miljø.

Elevane seier i medverknadsprosessar at dei fryktar at ei nedlegging av Meland ungdomsskule vil svekkje tryggleiken, det gode miljøet og tilgangen på støtte frå kjende vaksne. Dei er uroa for større grupper, meir uro og fleire utrygge situasjonar. Samstundes

peikar dei på at lengre og meir krevjande reiseveg kan gi meir stress, mindre søvn og dårlegare tilgang til fritidstilbod. Samstundes kjem dei med positive synspunkt. Nokre meiner det kan vere kjekt å møte nye folk, og at det kan bli bra med nye fasilitetar, som til dømes ein fin fotballbane. For enkelte vil det heller ikkje opplevast negativt, og ein trekkjer fram fordelar som gratis busskort, sjølv om det inneber tidlegare morgonar og lengre skuleveg. Elevane meiner gode overgangstiltak og betre skuleskyss er nødvendig dersom endringar blir gjennomførte.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og uro for korleis skuledagen vil bli etter oppretting av ein felles ungdomsskule med Meland og Rosslund, frykt for korleis fritid blir påverka og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av ungdomsskulen kan svekkje Frekhaug som lokalsenter, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø. Det vil framleis vere ein privat ungdomsskule i lokalsenteret.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busette seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til ungdomsskule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Det å flytte den kommunale ungdomsskulen ut av lokalsenteret, kan føre til bekymring for stagnasjon i folketalsutvikling, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barne- og ungdomsskule.
- Skulen si rolle som møteplass for ungdom med føresette blir svekka, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader i større grad vil bli flytta ut av bygda eller lokalsenteret.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre, barn og ungdom kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Frekhaug.
- Dei fleste elevane kan halde fram med fritidsaktivitetar som i dag.

- Lengre avstand til skule kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Færre ungdomane får høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane frå Frekhaug-området må ta buss til skulen.
- Nedlegging av Meland ungdomsskule kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan styrkje Vikebø som nærsenter og elevgrunnlaget ved Rossland skule.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå Meland ungdomsskule og Rossland skule kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket vil innebære at ungdomsskulekrinsane for Meland ungdomsskule og Rossland skule blir slått saman.
- Alternativ bruk av skulebygget på Frekhaug bør avklarast tidleg, for å sikre mest mogleg informasjon til innbyggjarane om vidare planar.
- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Det å flytte Meland ungdomsskule saman med Rossland skule vil bety at det ikkje vil vere ein kommunal ungdomsskule i eller i tilknytning til lokalsenteret på Frekhaug.

Det vil bli lengre reiseveg for elevane frå Meland ungdomsskule dersom dei skal dra til Rossland skule på ungdomstrinnet, noko som kan bli opplevd som mindre attraktivt. Det vil for fleire av elevane vere kortare veg til ungdomsskulen i Knarvik. Dersom elevane som skulle gått på Meland ungdomsskule i staden søker seg til Knarvik ungdomsskule kan dette føre til svekka elevgrunnlag ved Rossland ungdomsskule og redusert økonomisk effekt av

tiltaket. Fleire elevar kan søkje seg til den private ungdomsskulen på Frekhaug eller til Knarvik ungdomsskule. Dette vil utgjere ein risiko i forhold til gjennomføring av tiltaket.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette elevane si uro for auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og uro for korleis skuledagen vil bli etter oppretting av ein felles ungdomsskule med Meland og Rossland, frykt for korleis fritid blir påverka og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Gjennomføring av tiltaket vil bidra til å redusere behovet for bemanning i tenesteområde skule, men føre til auka kostnader til skuleskyss i forhold til dagens kostnad til skuleskyss til Meland ungdomsskule. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen og innsparingane som er lagt til sektor oppvekst i økonomiplanen, er det behov for å gjere omfattande tiltak.

Det å slå saman dei to ungdomsskulane gir størst økonomisk effekt av alle tiltaka som er presentert i saka. Dette grunna moglege investeringskostnader til ny ungdomsskule på Frekhaug som kan gå ut.

Tiltaket reduserer også overkapasitet i elevplassar og gir innsparing i forhold til behov for tilsette i tenesteområde skule, men må vurderast opp mot tilhøyrsløse, reiseveg og lokalsamfunn.

Momenta som er presentert i saka viser at det vil vere mogleg å redusere tal skular og samstundes ta i vare kvalitet og behov knytt til bygg og nærmiljø.

Ut frå dei samla vurderingane finn kommunedirektøren det sannsynleg at kommunen kan drifte eit godt ungdomsskuletilbod i denne delen av kommunen utan å byggje ny ungdomsskule på Frekhaug.

Tiltak 26: Etablere barneskule for barneskule-elevane frå Vestbygd skule og Rossland skule på Vestbygd skule

Barnetrinnet på Rossland skule saman med Vestbygd skule på Vestbygd skule	200 elevar
Pedagogisk kapasitet Vestbygd skule	275 elevar
Tal klasserom	10 store, ev. 14 små
Behov klasserom etter samanslåing	12 klasserom i 2027, 10 klasserom i 2028, 9 klasserom i 2029
Tal klassar utan samanslåing	12
Innsparing årsverk 2027/28	1 årsverk i 2027, aukar til 3,2 årsverk i 2028 og 4,6 årsverk i 2029
Auka kostnad skuleskyss	Ca. 650 000 kr.

Førebels berekna reisetid heim-skule inkludert gangtid	Ca. 15-35 min.
Investeringsbehov	Flytte paviljong frå Meland ungdomsskule til Vestbygd skule. Stipulert kostnad ca. 8 mill. kr.
Forhold til barnehage- og skulebruksplan/tidlegare vedtak	Avvikling av Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet på Rossland var presentert som mogleg tiltak ved etablering av ein stor felles ungdomsskule i Knarvik. Tiltaket vart ikkje vedtatt. Kommunestyret har fatta vedtak om å byggje ny ungdomsskule på Frekhaug.
Konsekvens skulekrins	Barnetrinnet på Rossland skule og Vestbygd skule blir slått saman til ein barneskulekrins.

Tiltaket inneber at barnetrinnet på Rossland skule blir slått saman med Vestbygd skule og overført til Vestbygd skule. Dei første åra vil det vere behov for å supplere med fleire store klasserom, og difor behov for å flytte paviljongen ved Meland ungdomsskule til Vestbygd.

Økonomisk effekt av tiltaket er den same som i tiltak 7 i forslaget frå kommunedirektøren si side, og ha ein økonomisk effekt på 4,2 årsverk i 2027 og 6,4 årsverk i 2030.

Tiltaket vil innebære at kommunen kan unngå investeringskostnader til bygging av ny Meland ungdomsskule, ved at ungdomstrinnet ved Rossland skule blir slått saman med Meland ungdomsskule.

Det er omtrent like mange elevar ved Vestbygd skule og barnetrinnet ved Rossland skule. Dersom barneskulen skal vere etablert på Rossland, er det elevane frå Vestbygd skule som får lengre skuleveg. Om skulen skal vere på Vestbygd, vil det bli elevane frå Rossland som får lengre skuleveg.

Tiltaket vil føre til at elevane frå Meland ungdomsskule får lengre skuleveg til ungdomsskulen dersom Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet på Rossland skal slåast saman.

Barnets beste vurdering

Elevane frå Vestbygd høyrer frå før til ungdomsskulekrinsen til Rossland skule, og ei samanslåing av skulane vil ikkje medføre eit skifte av ungdomsmiljø for elevane om det blir felles barneskule på Vestbygd skule. Ved ein etablering av felles barneskule vil elevane bli del av eit større sosialt miljø tidlegare enn dei gjer i dag.

Reisetida til og frå skulen ligg godt innafor den tida som Vestland fylkeskommune anbefaler for elevar på 1.-4. og 5.-7. trinn.

Elevane på Rossland fryktar lengre og meir krevjande reiseveg til Vestbygd, med tidlege morgonar, fulle bussar og utrygge busstopp. Elevane meiner at ei nedlegging av skulen kan påverke deltaking i idrett og fritid negativt. Elevane ønskjer god skuleskyss, mjuk overgang og at klassane får halde fram som dei er.

Elevane på Vestbygd ønskjer å bli verande i eit trygt og kjent miljø med faste vaksne, tradisjonar og gode venskap. Dei er uroa for at for mange elevar kan gi tronge og uoversiktlege forhold.

Elevane på begge skulane er uroa for større klassar, meir støy og at det blir vanskelegare å ta vare på kvarandre, særleg for dei som treng ekstra støtte.

Samstundes ser dei moglegheiter for fleire vener dersom overgangen skjer trygt og gradvis. Dei ønskjer god informasjon, besøksdagar og trygge vaksne som følgjer dei i prosessen. Elevane vil halde fram med å gå på ungdomsskule samla som i dag. Tiltaket gir og tilgang til større fag- og skulemiljø. Fleire er positive til nye vener, og eit større sosialt miljø vil difor vere positivt.

Grunna auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og frykt for korleis skuledagen vil bli etter nedlegging av skulen, og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling, er det vurdert at dette tiltaket isolert sett ikkje vil vere til barnets beste.

Generelt er det vurdert at den samla positive økonomiske effekten dei ulike tiltaka får må vege tyngre enn omsynet til kva som vil vere til barnets beste. Endeleg vurdering og konklusjon kjem etter høyringa.

Samfunnsmessige konsekvensar

- Nedlegging av skulen kan svekkje Vikebø/Rosslund som nærmiljø for småbarnsfamiliar, fordi skulen i dag fungerer som ein viktig samlande institusjon for barn, foreldre og nærmiljø.
- Tiltaket kan påverke attraktiviteten til bygda for barnefamiliar som vurderer å busette seg i området, særleg dersom nærleik til barneskule blir oppfatta som viktig ved val av bustad.
- Redusert tilgang til barneskule i nærmiljøet kan gjere det mindre attraktivt å byggje eller kjøpe bustad i krinsen, noko som over tid kan påverke bustadbygging, tilflytting og lokal vekst.
- Det å flytte barneskulen til Vestbygd kan føre til uro for negativ folketalsutvikling i Rosslund krins, særleg dersom barnefamiliar vel andre delar av kommunen med kortare avstand til barneskule.
- Skulebygget er foreslått omgjort til ein rein ungdomsskule, som kan bidra til å oppretthalde aktiviteten i bygget og sikre at det framleis er eit offentleg tenestetilbod retta mot barn og familiar i bygda.
- Samstundes vil ein ungdomsskule ikkje fullt ut erstatte skulen si rolle som møteplass for familiar med barn i barneskulealder, sidan skuleaktivitetar, foreldremøte, arrangement og dugnader relatert til denne aldersgruppa i større grad vil bli flytta ut av bygda.

- Endringa kan svekkje den lokale identiteten og tilhøyrsla til bygda, fordi skulen ofte har ein symbolsk verdi som ein sentral del av bygdesamfunnet.
- Det kan bli færre naturlege møtestader mellom innbyggjarar på tvers av alder og familiar, noko som kan svekkje sosialt fellesskap og nettverk i lokalsamfunnet.
- Foreldre og barn kan i større grad knyte kvardagen sin til andre bygder eller tettstader, noko som over tid kan flytte aktivitet, engasjement og frivillig innsats bort frå Rossland krins.
- Fritidsaktivitetar i skulebygget kan vidareførast dersom bygget blir brukt som ungdomsskule, men det kan bli behov for tydelege avklaringar om tilgang, brukstid, tryggleik og praktisk tilrettelegging.
- Rekruttering til lokale fritidstilbod og aktivitetar kan bli svekt dersom barn og familiar får sterkare tilknyting til miljøet rundt Vestbygd skule.
- Lengre avstand til skulen kan gi meir transport og meir bruk av bil, både i samband med skulekvardagen og ved deltaking på fritidsaktivitetar.
- Auka transportbehov kan gi meir tidsbruk for familiar og større praktiske utfordringar i kvardagen, særleg for familiar med fleire barn eller avgrensa transportmoglegheiter.
- Barn får mindre høve til å gå eller sykle til skulen, noko som kan påverke kvardagsaktivitet, sjølvstende og lokal mobilitet. Elevane må ta buss til Holmemarka/Vestbygd skule.
- Endringa kan påverke opplevinga av likeverdige tenester i kommunen, særleg dersom innbyggjarane opplever at avstanden til grunnleggjande tenester aukar.
- Tiltaket kan gi større og meir robuste faglege og sosiale elevmiljø ved mottakarskulen, noko som kan vere positivt for læring, trivsel og tilgang på fleire vaksne og fagressursar.
- Elevane frå begge skulane kan få eit breiare sosialt miljø og fleire jamaldrande, men samstundes kan overgangen vere krevjande for enkelte elevar og familiar.
- Tiltaket fører ikkje til endring i forhold til tilhøyrsla til ungdomsskulekrins.
- Endringa kan gi meir effektiv bruk av kommunale bygg og ressursar dersom skulebygget får ny funksjon som ungdomsskule og kommunen unngår å investere i ny ungdomsskule på Frekhaug.
- Det kan bli viktig å sikre formelle avtalar om bruk av bygget til frivillige lag, arrangement og nærmiljøaktivitetar, slik at innbyggjarane framleis opplever at bygget er tilgjengeleg for bygda.

- Kommunen kan møte forventningar om kompenserande tiltak, til dømes trygg skuleskyss, tilrettelegging for fritidsaktivitetar, opne møteplassar og tiltak som støttar opp under lokalt engasjement.
- Korleis tiltaket blir gjennomført og kommunisert, kan få stor betydning for tilliten mellom innbyggjarane og kommunen. Ein prosess som blir opplevd som open og føreseieleg, kan dempe konflikt, medan uvisse kan forsterke uro i lokalsamfunnet.

Samla vurdering

Ved å gjennomføre tiltaket vil det framleis vere skule i nærsenteret på Vikebø. Rossland skule vil halde fram som ungdomsskule, medan barneskulen blir flytta til Vestbygd.

Elevar og familiar busette i Rossland krins vil kunne oppleve at skulen som møteplass for småbarnsfamiliar i bygda vil endre karakter og innhald dersom det berre blir ein ungdomsskule krinsen. Aktivitetar og samlingar i regi av barneskulen vil truleg bli arrangert på Vestbygd skule.

Barn som er busette på Holme vil halde fram med Vestbygd skule som nærskule.

Det kan bli meir bruk av bil både til skule og fritidsaktivitetar for barn og familiar frå Rossland krins. Lengre skuleveg vil vere ein negativ faktor for barneskuleelevane frå Rossland skule ved å gjennomføre tiltaket.

I vurderinga av barnets beste er det vektlagt at reisetid til og frå skulen er innafor rettleiande maksimal reisetid og at endringa ikkje vil få konsekvensar for ungdomsskulemiljøet. Elevane vil ha same tilgang på fritidsaktivitetar som før, men får eit større sosialt miljø med moglegheit for fleire vener.

Vurderingar i forhold til barnets beste uttrykkjer at isolert sett vil ikkje tiltaket vere til det beste for elevane. Grunngeving for dette er elevane si uro for auke i reisetid til og frå skulen for mange elevar, elevane si oppleving av utryggleik og uro for korleis skuledagen vil bli etter oppretting av ein felles barneskule på Vestbygd, frykt for korleis fritid blir påverka og kunnskap om korleis det kan påverke føresetnad for elevane si læring og utvikling.

Dersom tiltaket blir sett i samanheng med framlegget om å ikkje byggje ny Meland ungdomsskule, så vil det samla sett ha stor økonomisk effekt og redusere overkapasitet i elevplassar i kommunen.

Ein konsekvens av tiltaket vil også innebere å transportere elevar frå dagens Meland ungdomsskule og Vestbygd skule til Rossland på ungdomsskule. Dette vil medføre lengre reiseveg for elevane frå Meland ungdomsskule dersom dei skal dra til Rossland skule på ungdomstrinnet, noko som kan bli opplevd som mindre attraktivt. Fleire elevar kan søkje seg til den private ungdomsskulen på Frekhaug eller til Knarvik ungdomsskule. Dei fleste elevane frå Meland ungdomsskule vil ha kortare veg til Knarvik enn til Rossland.

Forskrift om skulekrinsar – til høyring

Dersom det blir gjort vedtak knytt til skulestruktur i Alver kommune, vil det også vere behov for å endre forskrift om skulekrinsar for kommunen. I det følgjande blir forslag om justeringar av kringsgrensene presentert. Framlegg til ny lokal forskrift om skulekrinsar er lagt ved saka, og er meint å skulle inngå i høyringa.

Kommunen kan fastsetje lokal forskrift om kringsgrenser heimla i opplæringslova § 2-6. Kommunedirektøren sine forslag i fase 2 av barnehage- og skulebruksplanen gjeld strukturtiltak som og får innverknad på fastsetjing av kringsgrenser for den einskilde skule. Framlegg til ny lokal forskrift om kringsgrenser i Alver kommune vert sendt på høyring saman med tilrådingar i fase 2 av barnehage- og skulebruksplanen.

Elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Denne retten gjev uttrykk for det som og vert kalla nærskuleprinsippet. Skulen skal vere eit fast haldepunkt i nærmiljøet til eleven, og skal sikre at barn som bur i det same området skal få gå på ein skule som ligg i deira naturlege nærmiljø, jf. prop. 57 L (2022-2023) s. 91 og 571. Med nærleik meiner ein den fysiske avstanden i form av reiseveg, ikkje luftline jf. prop. 57 L (2022-2023) s. 92. Kommunen kan i tillegg leggje vekt på andre forhold som kan påverke kva skule som reelt sett vert opplevd som nærast.

Det betyr at ein i fastsetjing av kringsgrenser skal leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen til eleven, men og omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på den einskilde skule (jamfør opplæringslova § 2-6).

Kommunen kan vektleggje kapasitet uavhengig av om ein skule er full eller ikkje. Kommunen skal ha handlingsrom til å gjere individuelle tilpassingar basert på personalressursar og dei materielle og økonomiske ressursane i skulen og kommunen, jf. [prop. 57 L \(2022-2023\)](#) s. 92. Men det kan ikkje leggjast vekt på omsyn i strid med retten til å gå på nærskulen. Døme på det kan vere å samle elevar med funksjonsnedsetjing eller vidareføring av skular med svakt elevgrunnlag.

I framlegget til ny lokal forskrift som vert sendt på høyring vert det foreslått følgjande endringar basert på tilrådingane i fase 2 av barnehage- og skulebruksplanen. Følgjande skulekrinsar vert foreslått slått saman til ein krins:

Nye barneskulekrinsar

Tidlegare krins	Ny krins
Eikanger skule	Ostereidet barneskule (del av nye Ostereidet barne- og ungdomsskule)
Ostereidet barneskule	
Manger skule	Manger skule
Sæbø skule	
Grasdal skule	Knarvik barneskule
Flatøy (del av Sagstad skulekrins)	
Knarvik barneskule	
Alversund skule	Alversund skule

Seim skule	
Rossland barneskule	Rossland barneskule
Vestbygd skule	

Nye ungdomsskulekrinsar

Tidlegare krins	Ny krins
Rossland ungdomsskule: - Rossland barneskule - Vestbygd barneskule Meland ungdomsskule: - Sagstad skule - Grasdøl skule	Vestbygd ungdomsskule: - Rossland barneskule (inkludert Vestbygd) - Sagstad skule
Knarvik ungdomsskule: - Alversund skule - Knarvik barneskule - Seim skule	Knarvik ungdomsskule: - Alversund skule (inkludert Seim skule) - Knarvik barneskule (inkludert Grasdøl skule og Flatøy)
Ostereidet ungdomsskule: - Eikanger skule - Leiknes skule - Ostereidet barneskule	Ostereidet ungdomsskule (Del av nye Ostereidet barne- og ungdomsskule): - Leiknes skule - Ostereidet barneskule (inkludert Eikanger skule)
Radøy ungdomsskule - Hordabø skule - Manger skule - Sæbø skule	Radøy ungdomsskule - Hordabø skule - Manger skule (inkludert Sæbø skule)

Ostereidet barneskule og Ostereidet ungdomsskule vert foreslått slått saman til ein skule. Denne endringa får ikkje innverknad på krinsgrensene.

Vurderingane som ligg til grunn for krinsgrenseendringane er skissert under dei ulike forslaga til strukturendringstiltak og i vedlagt vurdering av kva som vil vere det beste for barn og elevar. Her vil t.d. vurderingar knytt til nærmiljø og skyssavstandar bli handsama.

Kart noverande krinsgrenser: Nordhordlandskart.no

Kart nye barneskulekrinsar: Nordhordlandskart.no - barneskulekrins

Kart nye ungdomsskulekrinsar: Nordhordlandskart.no - ungdomsskulekrins

Utvikling i elevtal

Elevtalet i inneverande skuleår var per 01.10.2025 (GSI) totalt 3810 elevar, fordelt på kommunale skular og private skular slik det er vist i tabellen under.

Skule	Skuleåret 2025/26
Barneskule	2420
Ungdomsskule	1054
Elevtal kommunale skular	3473
Danielsen ungdomsskule Frekhaug	162
Skodvin Montessoriskule	68
Nordhordland Kristne Grunnskule	106
Elevtal private skular	336
Sum elevar Alver kommune	3810

Det er også relevant å vise venta utvikling i elevtal ved dei einskilde skulekrinsane for dei komande åra. Neste tabell viser elevtal fordelt på dei kommunale skulane, berekna ut frå fødselstal frå folkeregisteret per desember 2025 og eksisterande elevar i skulane.

Fødselstala gir oss eit grunnlag for å berekne kor mange som er skulestartarar kvart år. Tal frå GSI fortel oss kor mange barn som går på kvart trinn i den offentlege grunnskulen i dag.

Elevar som allereie går på privat skule i år, er ikkje med i elevtalet i oversikten under. Vi må rekne med ein variasjon i talgrunnlag etter kva nye elevar på 8. trinn vil velje framover, og om det er barneskuleelevar som vel privat skule. Det er kvart år omlag 340 elevar som går på privat skule, og av dei omlag 60 elevar per trinn som går på privat ungdomsskule, og dei fleste på Danielsen ungdomsskule. Av dei utgjer elevar som har Meland ungdomsskule som nærskule, omlag 30.

Det totale elevtalet minkar kvart år framover i økonomiplanperioden. Tala i tabellen under viser ein differanse på 424 færre elevar i dei kommunale grunnskulane frå 2025 til 2030.

Skuleåret 2025/26 er det registrert 3473 elevar i dei kommunale grunnskulane i Alver kommune. I 2030 er det venta eit elevtal på 3049 elevar i dei kommunale grunnskulane.

Dette er eit minimumstal, då det ikkje er trekt frå tal elevar som går til privat skule på nye 8.trinn i perioden eller elevar i barneskulen som går over til privat skule.

Kommunen har bestilt nye barne- og elevtalsprognosar, og venta leveranse er i løpet av mai.

Barneskule	Elevtal 2026	Elevtal 2027	Elevtal 2028	Elevtal 2029	Elevtal 2030						
Alversund	302	296	294	294	283						
Eikanger	70	64	60	54	45						
Grasdøl	111	108	108	111	122						
Hordabø	128	123	114	110	100						
Knarvik bsk	209	185	172	171	168						
Leiknes	154	146	142	140	126						
Lindås bsk	230	235	221	220	214						
Manger	172	160	146	138	126						
Ostereidet bsk	96	101	99	103	105						
Rosland bsk	105	102	94	88	83						
Sagstad	450	430	435	397	379						
Seim	128	114	101	98	82						
Sæbø	79	79	77	79	86						
Vestbygd	99	98	92	99	103						
Barneskule	2333	2241	2155	2102	2022						
Ungdomsskule	Elevtal 2026	Elevtal 2027	Elevtal 2028	Elevtal 2029	Elevtal 2030	Elevtal 2031	Elevtal 2032	Elevtal 2033	Elevtal 2034	Elevtal 2035	Elevtal 2036
Rosland usk	102	103	112	98	94	85	71	77	82	83	81
Knarvik usk	332	346	325	307	280	258	254	243	236	223	231
Lindås usk	129	118	120	108	105	99	91	92	95	96	98
Meland usk	217	248	255	260	244	236	223	223	223	233	207
Ostereidet usk	118	149	162	157	144	131	131	115	131	123	134
Radøy usk	180	199	194	184	160	156	144	149	145	140	132
Ungdomsskule	1078	1163	1168	1114	1027	965	914	899	912	898	883
Totalt elevtal	3411	3404	3323	3216	3049						

**Tala i tabellen er henta frå GSI pr.01.10.2025 for elevtal på kvart trinn på skulane. I tabellen er det inkludert folkeregistrert tal for skulestartarane kvart år, og inkludert elevar som eventuelt kan velje privatskule i barneskule eller på nytt 8.trinn.*

Miljømessige konsekvensar

Barnehage- og skulebruksplanen for Alver kommune viser eit stort etterslep i forhold til vedlikehald av barnehage- og skulebygga i kommunen. Ved å redusere tal skular, omprioritere bruk av skulebygga og utsetje større investeringar, er det von om at kommunen i større grad kan lukkast med verdibevarande vedlikehald på dei barnehage- og skulebygga som skal driftast vidare.

Ein konsekvens av forslaga som er presentert vil vere at fleire elevar må ta bussen til og frå skulen. Nokre elevar vil få buss i staden for taxi. Fleire elevar vil få lengre reiseveg til skulen. I høve til naturmiljø er det ikkje vurdert å ha avgjerande betydning om det er fleire barn på skulebussen i ein retning, men for det einskilde barn vil tal minutt på skulebussen kunne verke inn på barnet si oppleving av reisa.

For nokre småbarnsfamiliar vil kommunedirektøren sitt framlegg kunne resultere i auka bruk av bil. Dette er særleg aktuelt i samband med hente/bringe situasjonen i skulefritidsordninga. For nokre av elevane vil det vere mogleg å ta buss heim frå skulefritidsordninga også.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ved å følgje kommunedirektøren sitt forslag til justeringar i barnehage- og skulebruksplanen for Alver kommune, vil tal skular i kommunen bli redusert. For innbyggjarane dette gjeld, betyr det at skulen i bygda blir lagt ned, at nokre familiar får lengre reisetid til

skulefritidsordninga og barnehagen og at elevane knytt til endringane som blir foreslått får lengre reiseveg til skulen.

Ved strukturendringar for skule vil det vere behov for å endre grensene for skulekrinsane. I saka er det også presentert framlegg til justert forskrift om skulekrinsar for Alver kommune. Justeringane som er foreslått i høve til dette, er i all hovudsak knytt til endringane i forhold til skulestruktur som er presentert i saka. Unntaket er elevane frå Flatøy, som frå og med skuleåret 2027/28 er foreslått å høyre til Knarvik krins.

Ved fastsetjing av forskrift for krinsgrenser for dei kommunale grunnskulane i kommunen kan kommunen ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten til skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule. Dette etter § 2-6 i lov om grunnskuleopplæring, gjeldande frå 01.08.24.

Alle tilsette ved skulane som er foreslått lagt ned eller slått saman med annan skule, må ivaretakast og sikrast ein god prosess. Administrasjonen vil byggje vidare på erfaringane som er gjort ved endringane frå sist, og leggje til rette for medverknad og dialog med tillitsvalde, vernetenesta og tilsette undervegs.

I høve til barn og unge, vil det bli gjennomført ein medverknadsprosess i høyringsperioden, slik at vurderingane knytt til kva som vil vere til det beste for elevane gir elevane høve til å presentere sine synspunkt og refleksjonar. Tilbakemeldingar frå elevar som nyleg har vore gjennom ein tilsvarande prosess vil også bli innhenta i denne prosessen. Innhald og organisering blir planlagt saman med representant for barn og unge i kommunen.

Kunnskapsgrunnlaget frå gjennomførte skulenedleggingane som er gjennomført ved Austebygd, Kløvheim og Myking skular vil også bli brukt i førebuingsarbeidet.

Risiko

I forhold til endringar i barnehage- og skulestruktur er det fleire risikopunkt.

Kommunedirektøren viser til moment som kom tydeleg fram i analyse av risiko- og sårbarheit og i innspel frå innbyggjarane, knytt til arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen.

Barn opplever fleire overgangar i løpet av oppveksten, og dersom desse er godt førebudde og organisert på ein måte som tryggjer barnet, vil barn og unge meistre slike overgangar. For nokre er det ei positiv oppleving å byte arena, medan andre treng tid for å bli trygg og trivast i nye omgjevnader og med nye barn og vaksne.

Menneske treng ulik tid på å bli trygg og byggje relasjonar med andre. Dette gjeld både barn og vaksne. Dersom det blir for mange overgangar på kort tid, og det blir for mange relasjonar som skal etablerast eller endrast, kan dette vere ein risiko i forhold til barn sine rettar til ein trygg og god skulekvardag og eit godt psykososialt skulemiljø.

Alver kommune har behov for å setje tiltak raskt i verk for å få økonomisk effekt, og kommunedirektøren vil i førebuingsarbeidet byggje vidare på erfaringane frå

nedleggingsprosessane som er gjennomført i høve til barnehagar og skular. Barnehagane har hatt redusert barnetal i mange år, og har erfaring med at behovet for tal tilsette er styrt av kor mange barn som skal gå i barnehagen.

Tilbakemeldingane frå strukturendringane som nyleg er gjennomført (barnehage- og skuleåret 2025/26), tilseier at elevar og føresette har opplevd samanslåingsprosessen ulikt. Venteleg var det barn, elevar og foreldre som var urolege i forkant av endringa, men for mange har overgangen likevel gått fint. Av negative konsekvensar som er spelt inn i evalueringsprosessen, er det særleg det med lengre reiseveg og kortare fritid som blir vektlagt. Nokre elevar har opplevd endringa svært negativt og hatt behov for tett oppfølging. For andre elevar har det vore positivt med eit større miljø, både fagleg og sosialt. Mange av elevane har gitt gode råd og tips til korleis gjere overgangen så god som mogleg dersom det skal gjennomførast fleire skulenedleggingar i kommunen. Innspela frå både elevar, føresette og tilsette vil bli tatt med i det vidare arbeidet.

Reisetid er eit risikopunkt som må vurderast særskilt fram mot endeleg vedtak i saka. Dette gjeld både reisetid med buss og føresette si reisetid i samband med å bringe/hente barn til skulefritidsordninga. Her må kommunen lære av allereie godt etablerte tiltak, til dømes ved at elevar kan følgje ein seinare buss heim frå skulefritidsordninga eller skulen kan tilby utvida opningstid i skulefritidsordninga.

Dei tilsette har gjort ein formidabel innsats i desse endringsprosessane, og mange har strekt seg langt for å skape best moglege rammer for barn og elevar. Førebuingsprosessen var godt planlagt og gjennomført, med målsetjing om å bidra til tryggleik og positiv samhandling. Eit risikopunkt i forhold til ein ny strukturprosess er venteleg at dei tilsette kjenner på ein slitasje i forhold til omstilling. Det er mykje praktisk arbeid som må løysast på kort tid samstundes som det skal vere eit stort fokus på å gjere overgangen best mogleg for alle partar. Det bør vurderast tiltak som kan redusere den totale belastninga for tilsette ved ein barnehage eller skule som skal leggjast ned.

I tidlegare høyringsperiodar er det kome mange innspel i forhold til kva avvikling av barnehage og skule har å seie for ei bygd eller nærsenter. Det er ei frykt for at familiar vil flytte frå bygda, at fritidstilbod forvitrar ved at barn og unge søker seg til andre tilbod der dei går på skule. Det er fremja uro for at dette vil få konsekvensar for kultur-, idrett- og næringsliv, ved at rekruttering til desse tilboda blir meir sentralisert og at dei lokale tilboda får eit svekka eksistensgrunnlag.

Manglande avklaring politisk i forhold til framtidig skulestruktur er også vurdert som eit risikopunkt. Dette fordi framhald av dagens skulestruktur truleg vil føre til eit krav om innsparing på same vis som tidlegare år, ved at skulane skal kutte i tal årsverk. Både Norconsult og PwC er tydelege på at det ikkje vil vere mogleg å nå dei fastsette innsparingsmåla for sektor oppvekst utan å gjennomføre vesentlege strukturtiltak. Dette vil verke inn på rammer til tidleg innsats, spesial- og sosialpedagogiske tilpassingar og skulane sine moglegheiter til variasjon i opplæringstilbodet.

Vurdering av særskilte grupper

Ei justering av tal kommunale grunnskular i Alver kommune vil ha størst betyding for dei krinsane som får endringar i sitt lokale tilbod, og for barn og unge i desse krinsane spesielt. Som skildra innleiingsvis i forhold til risiko, er det venta at dei fleste barn og unge vil meistre ein slik overgang.

Sårbare barn og unge er ei gruppe som må ivaretakast særleg godt ved ei eventuell strukturendring. Det vil vere behov for tett og godt samarbeid med føresette og etablere strukturar for planlegging og trygging av overgangssituasjonen så tidleg som mogleg. Dersom det er etablert ansvarsgrupper eller barnet har barnekoordinator, vil det tverrfaglege samarbeidet kunne bidra til gode rammer for prosessen. Her bør det vere fokus både på barn og familien.

Partar

Endringar i barnehage- og skulestruktur vedkjem mange av innbyggjarane i kommunen, og difor er dette ei sak der mange har partsinteresse i. Barn, unge og foreldre er kanskje den største gruppa som har ei interesse for saka, men venteleg vil dette også gjelde andre innbyggjarar, tilsette, lag og organisasjonar.

I samband med høringsperioden vil informasjon om høyringa bli kunngjort både på heimesida, på facebook og i lokalaviser, og ved direkte brev sendt til rådsorgan, lag og organisasjonar samt sentrale samarbeidspartar.

Oppsummering

Frå kommunedirektøren si side er det ei overordna målsetjing å betre den økonomiske situasjonen til kommunen. Hovudoppdraget i åra som kjem er å greie ut og gjennomføre tiltak som blir vedtatt for å sikre ein meir langsiktig sunn kommuneøkonomi.

Fleire av tiltaka som blir presentert i saka kan opplevast negativt for delar av kommunen, einskilde grupper eller personar. Kommunedirektøren har stor forståing for dette.

I denne saka presenterer kommunedirektøren strukturtiltak innafor sektor oppvekst, som har ein berekna samla effekt på 21,7 millionar kroner i forhold til årsverk. Framlegga er ei oppfølging av bestillinga frå kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga for 2026, der kommunedirektøren fekk i oppdrag å kome tilbake med forslag til kutt i utgifter på nesten 90 millionar kroner innafor oppvekst.

I eit lengre perspektiv vil potensiell innsparing kunne auke, og då særleg knytt til at fleire investeringstiltak kan stoppast eller utsetjast til seinare. Dette gjeld rehabilitering av Sæbø barnehage, planlegging av ny skule på Eikanger/Fyllingsnes og etablering av ny ungdomsskule på Frekhaug. Det å ikkje gjennomføre desse investeringane, er berekna å redusere behovet for investeringar opp mot 1 100 millionar kroner. I tabellen som viser

årleg sparte drifts- og kapitalkostnader er det vist at strukturendringane som er foreslått, saman med investeringar som kan gå ut, gir ein samla økonomisk effekt berekna til i overkant av 66,9 millionar kroner i sparte drifts- og kapitalkostnader dei første fire åra ved serielån.

Samla sett har kommunen ein stor del ledige elevplassar i skulane, og fleire av skulane har mykje ledig kapasitet og er difor vurdert som aktuelle mottakarskular. Ulike alternativ som har vore til vurdering, er sett i lys av kva konsekvensar tiltaket kan få for elevane sin reiseveg, fritidsaktivitetar og nærmiljø, tilhøyrse til ungdomsskule, kva som er til det beste for barn og elevar samt økonomi.

Kommunedirektøren har også vurdert tiltak som kan sikre elevgrunnlaget til ungdomsskulane. Færre elevar i grunnskulane vil bety færre elevar i ungdomsskulane, og fleire av ungdomsskulane har allereie eit lågt elevtal. Det har difor vore ein faktor i kommunedirektøren sine utgreiingar å sjå til tiltak som i størst mogleg grad kan vareta eit tilstrekkeleg tal elevar ved ungdomsskulane fram i tid.

Kommunen har behov for å gjennomføre innsparingstiltak i komande økonomiplanperiode, noko som tilseier at det ikkje vil vere realistisk å skulle gjennomføre omfattande reguleringsarbeid og investeringar for å hente ut økonomisk vinst av ei strukturendring. På kort sikt er det behov for å setje i verk tiltak utan større investeringsbehov, og tiltak som føreset omfattande investeringar bør difor utsetjast eller gå ut.

Om gjennomføring av tiltaka

Kommunedirektøren vurderer at tiltaka knytt til skule som er foreslått i saka kan gjennomførast med verknad frå og med skulestart hausten 2027. Tidspunkt for gjennomføring av eventuell flytting av Sæbø barnehage opp i bygget til Sæbø skule må vurderast etter endeleg vedtak i saka, då det kan bli behov for å gjere nokre bygningsmessige tilpassingar i skulebygget utan at det er elevar i bygget.

I praksis vil tidspunkt for gjennomføring som er foreslått bety at skulane må førebu seg på desse endringane våren 2027. Tilsvarende som i prosessane knytt til nedlegging av Austbygd, Kløvheim og Myking skular må det planleggjast for skulebesøk og samarbeid slik at elevar og tilsette frå skulane kan gjere seg kjent med kvarandre. I førebuande arbeid må det også takast omsyn til evalueringar som er gjort i forhold til samanslåingsprosessane som er gjennomført, slik at vi sikrar god overføring av kunnskap frå desse prosessane.

Det å byte skule er ei stor endring i eit barn sitt liv, og dette må førebuast med varsemd. Borna er ulike, og vil ha ulike behov knytt til prosessen. Medverknad frå barn og foreldre undervegs blir viktig, samt å byggje vidare på dei vurderingane av kva som er til det beste for barna som er jobba med i samband med førebuing av den politiske saka og det som blir gjennomført av medverknad frå barn, unge, føresette og tilsette i høyringsperioden. Kommunalt foreldreutval og Alver kommune sin representant for barn og unge vil også vere invitert til å delta i dette arbeidet.

Tilsvarande er det å byte arbeidsplass ei stor endring for dei tilsette, og prosess og medverknad i høve til dette må også planleggjast med varsemd. Dei første dialogane med tillitsvalde og verneombod knytt til dette er gjennomført i møte med hovudtillitsvalde for oppvekst er gjennomført og vil bli jobba vidare med dersom det blir fatta vedtak om gjennomføring av tiltak etter høyringsperioden.

Barnehagane har hatt ein nedgang i barnetalet gjennom fleire år, noko som har ført til årleg reduksjon i tal tilsette over lang tid. Erfaringar frå dette vil bli tatt med i prosessen.

Nokre vil meine at det er for kort tid til å omstille seg på endringane som er presentert i saka dersom endringane skal gjelde frå nytt skuleår i august. Kommunedirektøren vurderer at det vil vere tilstrekkeleg med tid til å gjennomføre gode prosessar både i forhold til barn, elevar, føresette og tilsette i perioden frå vedtak i november 2026 og oppstart på ny lokasjon i august 2027. Til grunn for dette ligg mellom anna at vi kan byggje på erfaringane frå førre prosess samt at mykje av førebuingarbeidet kan starte opp frå januar av. Innleiande arbeid er allereie starta, gjennom samarbeid og dialog med tillitsvalde, verneombod og leiarar.

Dersom det går for lang tid mellom vedtak og gjennomføring er det risiko for at tilsette som veit dei skal byte arbeidsplass søker seg til andre stillingar. Rekrutteringssituasjonen til ein skule som er bestemt lagt ned kan slik bli utfordrande. Samla sett kan dette bidra til at det blir mindre stabilitet rundt undervisningssituasjonen, og auka bruk av vikarar i denne situasjonen vil ikkje vere til det beste for barna.

Alver kommune har behov for å gjere grep i forhold til omstilling, og skal redusere tal årsverk i skule i åra som kjem. For å sikre mest mogleg stabilitet og tryggleik i omstillingsprosessen, er det vurdert å vere til det beste å gjennomføre tiltaka samla og relativt raskt, og ikkje la prosessen dra ut i tid. Unntaket gjeld elevane frå Flatøy, der kommunedirektøren ser at det kan vere til det beste for barn og familiar med ein overgangsperiode.

Konsekvensar av å ikkje gjennomføre strukturtiltak

Målsetjingane om innsparing innafor oppvekstsektoren, er hovudsakleg knytt til demografi og skulestruktur. Med innsparingstiltak tett opp mot 90 millionar kroner, vil dette utgjere ein reduksjon på omlag 100 årsverk.

Det å skulle gjennomføre innsparingskravet knytt til demografi utan å gjennomføre strukturendringar vil medføre høg risiko for at vi ikkje fyller lovkrav som lærarnorm og rettar til individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse. Administrasjonen vurderer vidare at det vil vere vanskeleg å følgje opp lovkrav om eigne språkgrupper etter målform, og det vil vere avgrensa handlingsrom til å prioritere assistent, miljøarbeidar eller lærarressurs til å følgje opp førebyggjande arbeid, skulemiljøsaker eller elevar med skulefråvær.

Dersom tildeling av årsverk til skulane blir redusert med omlag 25 årsverk for skuleåret 2027-28, utan at tal skular blir redusert, vil skulane få eit redusert handlingsrom til

individuelt tilrettelagt opplæring utanom vedtak til elevar med omfattande og store ressursbehov gjennom heile opplæringstida. Grunna færre elevar, vil det vere behov for å organisere elevane i aldersblanda grupper ved fleire av skulane. Det er vidare vurdert som sannsynleg at arbeidsbelastninga for dei tilsette i skulen vil auke samstundes som fagmiljøa blir mindre og gjere det vanskelegare å samarbeide om opplæringa i profesjonsfellesskapet, slik læreplanen vektlegg at dei tilsette i skulen skal.

Det vil vere kritisk å skulle redusere med ytterlegare 40-50 årsverk i økonomiplanperioden utan å gjera endringar i skulestrukturen. Manglande gjennomføring av strukturtiltak er vurdert å få konsekvensar for alle elevane i Alver kommune, for alle sin rett til opplæring og eit trygt og godt skulemiljø.

Kommunedirektøren si tilråding

Alver kommune treng eit handlingsrom for å møte dei komande utfordringane knytt til demografi og tilhøyrande trong for tenester og investeringar. Dette vart poengtert av kommunestyret 18.12.25, som i økonomiplanen for 2026-2029 har lagt opp til ekstra innsparingar innafor sektor oppvekst, med mål om å flytte pengar frå oppvekst til helse og omsorg.

Forslaga i denne saka er ei vidareføring av bestillinga frå kommunestyret i desember, som har bedt kommunedirektøren setje i verk innsparingstiltak tett opp mot 90 millionar kroner i økonomiplanperioden.

Kommunedirektøren vil tilrå at utval for Levekår fattar følgjande vedtak i saka:

Kommunedirektøren sine forslag til endringar i barnehage- og skulebruksplanen, inkludert forslag til justert Forskrift om skulekrinsar for Alver kommune blir sendt til offentleg høyring og ettersyn i minimum seks veker.

Utval for levekår ber om at kommunedirektøren gjennomfører medverknadsprosess og dialogmøte i høyringsperioden, i samsvar med det som er skissert i saksframlegget.

Saka skal tilbake til politisk handsaming i den politiske møterunden i november, med endeleg vedtak i kommunestyret 26. november 2026.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova kapittel 11 (§11-14): *Høyring av planforslag*.